

Kartlegging av naturtyper i Ørsta kommune



**Rapport J. B. Jordal
nr. 1-2007**

Utførende konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@sunndals.net	ISBN-nummer: 82-92647-14-7														
Oppdragsgjevar: Ørsta kommune	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Magnar Selbervik	År: 2007														
<p>Referanse: Jordal, J. B., Holtan, D. & Bøe, P. G. 2007: Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 1-2007. 126 s.</p>																
<p>Referat: Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar og raudlisteartar i Ørsta kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 117 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. Fleirtalet av desse er besøkt i felt. Det er samanstilt funn av nasjonale raudlisteartar av sommarfuglar, ferskvassblautdyr, augestikkarar, lav, mosar, planter og sopp. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Ørsta sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane edellauvskog med m.a. eik, lind og alme- og hasselskogar, viktige bekkedrag med bestandar av m.a. elvemusling, kulturlandskap med m.a. solblom og den største kristtornbestanden på Nordvestlandet, og svært nedbørrike fjell med ein sjeldan, oseanisk moseflora. Ørsta kommune har fleire verneområde i skog og myr. Dei er oppretta for å ta vare på planteliv og/eller fugle- og dyrelivet. I tillegg er Norangselva og Bondalsvassdraget varig verna mot kraftutbygging. Ørstanaturen er framleis mangelfullt kjent.</p>																
<p>Emneord:</p> <table> <tr> <td>Biologisk mangfald</td> <td>Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Mose</td> <td>Skog</td> </tr> <tr> <td>Lav</td> <td>Rasmark</td> </tr> <tr> <td>Insekt</td> <td>Fjell</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Ferskvatn</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Kulturlandskap	Sopp	Myr	Mose	Skog	Lav	Rasmark	Insekt	Fjell	Fugl	Ferskvatn
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar															
Planter	Kulturlandskap															
Sopp	Myr															
Mose	Skog															
Lav	Rasmark															
Insekt	Fjell															
Fugl	Ferskvatn															
<p>Framsdebilete: <i>Øvst t.v.: Setre under tinderad, Myklebustsetra på Standalseidet. Området har eit oseanisk preg med kystbundne planter og engvegetasjon.</i> <i>Øvst t.h.: Kvistadsetra, litt attgroande naturbeitemark med kystmaure i forgrunnen.</i> <i>Midten t.v.: Austsida av Hjørundfjorden har mykje varmekjær lauvskog. Biletet viser området ved Lyngneset, Storevika og Barlindneset nord for Nes ved Trandal. Her er ein stor barlindbestand og mange uvanlege, varmekrevande planter.</i> <i>Midten t.h.: Tussefossen ved Bjørke hadde iallefall tidlegare fossesprøytpåverka vegetasjon med fleire sjeldne, kystbundne mosar.</i> <i>Nedst t.v.: Under fjella er det mange stader opne snørasenger med beitepåverka engvegetasjon slik som her under Saksa i Urkedalen.</i> <i>Nedst t.h.: Rundt Stenes i Norangsfjorden er det store naturbeitemarkar der terrenget vert halde ope av geit.</i> Alle foto: John Bjarne Jordal ©.</p>																

FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Første runde av dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Ørsta kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd egne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Ørsta kommune av biolog John Bjarne Jordal. Per Gunnar Bøe, Dag Holtan, Perry Larsen har også delteke under feltarbeidet, og dei to førstnemnde har levert skriftlege bidrag. Arbeidet er finansiert av Ørsta kommune og Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernavdelinga. I tillegg er det inkludert resultat av feltarbeid som har vore ein del av andre prosjekt, m.a. nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Midt-Noreg (2005, betalt av NTNU i Trondheim), og supplerande kulturlandskapsregistrering i Møre og Romsdal (2006, betalt av Landbruksavd. hos Møre og Romsdal fylke). Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattarane ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 19.01.2007

John Bjarne Jordal
prosjektansvarleg

INNHALD

SAMANDRAG	7
INNLEIING	12
BAKGRUNN	12
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	12
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	12
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	13
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	14
FORMÅLET MED RAPPORTEN	15
NØKRE OMGREP	15
METODAR OG MATERIALE	17
INNSAMLING AV INFORMASJON	17
VERDSETTING OG PRIORITERING	19
PRESENTASJON	20
NATURGRUNNLAG	21
LANDSKAP M.M.	21
KLIMA	21
GEOLOGI	22
LAUSMASSAR	22
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK Plassering	22
HOVDNATURTYPAR	24
HAVSTRAND/KYST	24
KULTURLANDSKAP	24
SKOG	25
MYR	25
FERSKVATN	26
BERG, RASMARK OG KANTKRATT	26
FJELL	26
LOKALITETAR	27
1 HJØRUNDFJORDEN: GJEVENESSTRANDA NATURRESERVAT (EDELLOUVSKOG)	27
2 HJØRUNDFJORDEN: SØR FOR MOLAUPEN (EDELLOUVSKOG)	27
3 HJØRUNDFJORDEN: BARLINDNESET NATURRESERVAT (EDELLOUVSKOG, BARLINDFØREKOMST)	28
4 HJØRUNDFJORDEN: STOREVIKA (EDELLOUVSKOG, BARLINDFØREKOMST)	29
5 HJØRUNDFJORDEN: TRANDAL-NES (EDELLOUVSKOG)	29
6 HJØRUNDFJORDEN: TRANDALSDALEN SØR FOR OLAJØLET (EDELLOUVSKOG)	30
7 HJØRUNDFJORDEN: TRANDALSDALEN (NATURBEITEMARK)	30
8 HJØRUNDFJORDEN: RØNNINGEN (EDELLOUVSKOG)	31
9 HJØRUNDFJORDEN: LINDEREMMEN (EDELLOUVSKOG)	31
10 HJØRUNDFJORDEN: LIA UNDER SAKSA (EDELLOUVSKOG)	32
11 HJØRUNDFJORDEN: LEKNESNAKKEN (OLIVINFURUSKOG)	32
12 STANDAL: SÆTREELVA (FOSSESPRØYTSONE)	33
13 STANDAL: FLATDALSELVA (FOSSESPRØYTSONE)	33
14 STANDALSEIDET: STANDALSSETRA (NATURBEITEMARK)	34
15 STANDALSEIDET: MYKLEBUSTSETRA (NATURBEITEMARK)	34
16 NORANGSFJORDEN: LEKNES (EDELLOUVSKOG)	35
17 URKE: HAUKÅSSETRA (YTRE URKESETRA) (NATURBEITEMARK)	36
18 URKE: AUST FOR MYRSETRA (NATURBEITEMARK)	36
19 URKE: ÅRSKREDA (NATURBEITEMARK)	36
20 URKE: STOREDALSELVA, NEDRE DEL (FOSSESPRØYTSONE)	37
21 NORANGSFJORDEN: URKE-ØYE (EDELLOUVSKOG)	38
22 NORANGSFJORDEN: RAUDENESET AUST FOR URKE (OLIVIN)	38

23 NORANGSFJORDEN: STENES (NATURBEITEMARK)	39
24 NORANGSFJORDEN: ØYE (EDELLOUVSKOG)	39
25 NORANGSFJORDEN: ØYEVIKA/NORANGSVIKA (BRAKKVASSDELTA)	40
26 NORANGSDALEN: KONEDALEN (RIK FJELLVEGETASJON)	40
27 NORANGSDALEN: SØR FOR LUNHEIM (NATURBEITEMARK)	40
28 NORANGSDALEN: SKYLSTAD (EDELLOUVSKOG)	41
29 NORANGSDALEN: STAVBERGSETRA M.M. (NATURBEITEMARK)	41
30 NORANGSDALEN: UNDER SKJERDINGSTINDANE (NATURBEITEMARK)	42
31 NORANGSDALEN: URDASÆTRA (NATURBEITEMARK)	42
32 SÆBØ: BONDALSELVA, UTLØPET (BRAKKVASSDELTA)	43
33 HJØRUNDFJORDEN: HUSTADNES (EDELLOUVSKOG)	43
34 HJØRUNDFJORDEN: SKÅR (KALKRIKE OMRÅDE I FJELLET)	44
35 STORFJORDEN: STÅLBERGNESET-GALLSTEINANE (UNDER BLÅHORNET) (EDELLOUVSKOG)	44
36 STORFJORDEN: SÆVÅG (EDELLOUVSKOG)	45
37 STORFJORDEN: VUVIKA (SKOGSBEITE)	45
38 STORFJORDEN: KVAMSEELVA NATURRESERVAT (EDELLOUVSKOG)	45
39 VIDDAL: SØR FOR HOLE (NATURBEITEMARK)	46
40 VIDDAL: BARDSJE 1 (SKOGSBEITE)	46
41 VIDDAL: BARDSJE 2 (NATURBEITEMARK)	47
42 BJØRKE: SØR FOR LEIRA (NORDVENDTE KYSTBERG)	47
43 BJØRKE: SV-SIDA AV KAMMEN (EDELLOUVSKOG)	48
44 BJØRKE: VIKEELVA (BRAKKVASSDELTA)	48
45 BJØRKE: TUSSEFOSSEN (FOSSESPRØYTSONER)	49
46 BJØRKE: AUSTSIDA AV VIKEFJELLET (RIK EDELLOUVSKOG)	49
47 BAKKEDALEN: BAKKESTØYLEN (BAKKEDALSSÆTRA) (NATURBEITEMARK)	50
48 BJØRKE: SAURE: RIMANE (RIK EDELLOUVSKOG)	50
49 BJØRKE: SAURE-RAUDSTADVATNET (NATURBEITEMARK)	51
50 SKJÅSTADDALEN: SKJÅSTAD/MØRK: STORHAMRANE (EDELLOUVSKOG)	51
51 MØRK (NATURBEITEMARK)	52
52 SLEDALEN: SAURESTØLEN/JOSKREDENE (NATURBEITEMARK)	52
53 VARTDALSSSTRANDA: FESTØYFLESA (KYSTLYNGHEI)	53
54 BARSTADDALEN: VOLLE (NATURBEITEMARK)	53
55 BARSTADDALEN: BAKKETUN PÅ VOLLE (SLÅTTEMARK)	54
56 BARSTADDALEN: BARSTADSETRA (KYSTLYNGHEI)	54
57 BARSTADDALEN: MELLOM GAMLESTØYLEN OG RAMETINDEN (RIK FJELLVEGETASJON)	55
58 MASDAL: KLOVEKINN (RIK FJELLVEGETASJON)	55
59 ÅRSKOGDALEN: AUST FOR REITEGARDEN (NATURBEITEMARK)	55
60 ÅRSKOGDALEN: HØGEBAKKEN/VARTDALSSÆTRA (NATURBEITEMARK)	56
61 ÅRSETDALEN: GRYTASTØYLEN (NATURBEITEMARK)	56
62 VARTDALSSSTRANDA: NORD FOR LIAHORNET (RIK FJELLVEGETASJON)	57
63 VARTDALSSSTRANDA: FLÅVIKNESET (KYSTLYNGHEI)	57
64 RJÅNES (KYSTLYNGHEI)	57
65 ØRSTAFJORDEN: RAUDØYA: YSTEØYA (KYSTLYNGHEI)	58
66 ØRSTAFJORDEN: RAUDØYA NATURRESERVAT (EINENESET) (KRISTTORNFØREKOMST)	59
67 ØRSTAFJORDEN: RAUDØYHOLMEN (KRISTTORNFØREKOMST)	59
68 ØRSTAFJORDEN: LIANESET-LIADALEN (EDELLOUVSKOG)	60
69 ØRSTAFJORDEN: LIANESET (OLIVINFELT M.M.)	60
70 ØRSTAFJORDEN: SKORGEURA NATURRESERVAT (EDELLOUVSKOG)	61
71 ØRSTA: OSESTRANDA-STORELVOSEN (BRAKKVASSDELTA)	61
72 ØRSTA: HOLMANE/MELSHOLMANE (FLOMMARK)	62
73 NOSSEN (NOSA) (GRÅOR-HEGGESKOG)	63
74 GRÅSSMYRA VED SPORSTØYLEN (KYSTMYSR)	63
75 GRÅSSMYRA VED DALANE (KYSTMYSR)	64
76 VED STØYLEFOSSEN (KYSTMYSR)	64
77 HOVDEBYGDA: INDREHOVDETJØNNA M.M. (KYSTMYSR)	65
78 HOVDEBYGDA: HOVDEELVA (VIKTIG BEKKEDRAG)	65
79 HOVDEBYGDA: HOVDEVATNET (KULTURLANDSKAPSSJØ)	66
80 NUPADALEN: VESTSIDA AV SANDHORNET (OLIVINFELT)	67
81 LANGEDALEN: NORDSIDA AV SANDHORNET (NORDVENDTE KYSTBERG)	67
82 LANGEDALEN: VALLASÆTRA (KYSTLYNGHEI)	68
83 LANGEDALEN: VODENE (BEITEMYSR)	68
84 LANGEDALEN: UNDER RAMBJØRHORNET (RIK EDELLOUVSKOG)	69

85 ROMEDALEN: STEINSTØYLEN (KYSTLYNGHEI)	69
86 ROMEDALEN: ROMEDALSSTØYLEN, ELVESLETTA (BEITEMYR)	70
87 ROMEDALEN: ROMEDALSSTØYLEN, AUST FOR VEGEN (KYSTLYNGHEI).....	70
88 ROMEDALEN: MOASTØYLEN (KYSTLYNGHEI)	71
89 ROMEDALEN: KUBBESTØYLEN (NATURBEITEMARK)	71
90 ROMEDALEN: KOPPEN OVAFOR KUBBESTØYLEN (NATURBEITEMARK/KYSTLYNGHEI).....	72
91 ROMEDALEN: RAUDEHAMMAREN VED KUBBESTØYLEN (NORDVENDTE KYSTBERG).....	72
92 ROMEDALEN: NEDAFOR ÅRSÆTERSTØYLEN (NATURBEITEMARK)	73
93 ROMEDALEN: DALMUNNINGEN V FOR KOLOSFOSSEN (NATURBEITEMARK).....	73
94 FOLLESTADDALEN: BARSTAD (ARTSRIK VEGKANT).....	74
95 FOLLESTADDALEN: BARSTAD, NEDANFOR VEGEN (NATURBEITEMARK).....	74
96 FOLLESTADDALEN: BARSTAD: STORMYRA (KYSTMYR).....	75
97 FOLLESTADDALEN: BARSTAD, NEDAFOR VEGEN (SLÅTTEMARK)	75
98 FOLLESTADDALEN: BARSTAD, OVAFOR VEGEN (NATURBEITEMARK).....	75
99 FOLLESTADDALEN: NORD FOR LITLESÆTER (SLÅTTEMARK)	76
100 FOLLESTADDALEN: VEST FOR SKULEBRUA (SLÅTTEMARK).....	76
101 FOLLESTADDALEN: KLIÅNA (OLIVINFELT)	77
102 FOLLESTADDALEN: VEST FOR TREVATNA (OLIVINFELT)	77
103 ÅMDALEN: ÅMDALSELVA (VIKTIG BEKKEDRAG).....	78
104 ÅMDALEN: ÅMSMYRA NATURRESERVAT (KYSTMYR)	78
105 ÅMDALEN: SØR FOR ÅMSNIPA (KYSTMYR)	79
106 ÅMDALEN: NAKKENAKKEN (EDELLAUVSKOG)	80
107 ÅMDALEN: BJØRDALSELVA I LITLEDALLEN (VIKTIG BEKKEDRAG).....	80
108 ÅMDALEN: VEST FOR KRØVEL (RIKMYR)	81
109 BONDALSEIDET: VIDETJØRNMYRANE (KYSTMYR).....	81
110 BONDALSEIDET: VIDETJØRNELVA (VIKTIG BEKKEDRAG).....	82
111 BONDALSEIDET: TVERRGROVA: HJELLBAKKANE (NATURBEITEMARK)	82
112 BONDALSEIDET: VALSET (NATURBEITEMARK)	83
113 ROGNESTØYLDALLEN: ROGNESTØYLSETRA (NATURBEITEMARK)	83
114 ROGNESTØYLDALLEN: RISESTØYLMYRA (KYSTMYR)	84
115 ROGNESTØYLDALLEN: RISESETRA (NATURBEITEMARK)	84
116 KVISTADDALEN: KVISTADSETRA (NATURBEITEMARK).....	85
117 KVISTADDALEN: ÅRSETSETRA (NATURBEITEMARK).....	85
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	86
RAUDLISTEARTAR.....	88
SOPP.....	88
PLANTER	88
MOSAR.....	88
VIRVELLAUSE DYR	88
KUNNSKAPSSTATUS	95
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET	95
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	95
KJELDER.....	96
GENERELL LITTERATUR.....	96
LITTERATUR SOM BERØRER ØRSTA	97
ANDRE KJELDER.....	113
MUNNLEGE KJELDER.....	113
VEDLEGG	114
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR	114
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR	122

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd. Rapporten er eit supplement til Måren et al. (2001) og Mjøs & Håland (2002).

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1997a), databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjende folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstillt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Ørsta

Dei ulike naturtypane i Ørsta er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Ørsta er kulturlandskap (særleg naturbeitemarker med solblom og sjeldne beitemarkssoppar, og Raudøya med den største kristtornbestanden på Nordvestlandet), ferskvatn (viktige bekkedrag med m.a. elvemusling og kongeaugnestikkar, fossesprøytsoner med sjeldne mosar) og skog (særleg rik edellauvskog med m.a. eik, lind og alme- og hasselskogar, og sjeldne artar av planter og sopp, og flommarksskogar i Storelva,). Myr, havstrand og fjell har etter måten få lokalitetar (jf. tabell 1 nedanfor), men Ørsta har ein uvanleg kombinasjon av høge fjell i eit svært nedbørrikt klima med ein sjeldan, oseanisk (kystbunden) moseflora som framleis er for dårleg utforska.

Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Ørsta fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summing gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
A	Myr (11 lok.)				
A05	Rikmyr			1	1
A08	Kystmyr	2	5	3	10
B	Rasmark, berg og kantkratt (7 lok.)				
B01	Sørvende berg og rasmarker		1		1
B03	Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet		3		3
B04	Nordvendt kystberg og blokkmark		3		3
C	Fjell (6 lok.)				
C01	Kalkrike område i fjellet		1	5	6
D	Kulturlandskap (53 lok.)				
D01	Slåttemark	3			3
D02	Slåtte- og beitemyr		2		2
D04	Naturbeitemark	5	18	9	32
D05	Hagemark	3			3
D06	Skogsbeite		1	1	2
D07	Kystlynghei	1	7	4	12
E	Ferskvatn/ våtmark (11 lok.)				
E03	Kroksjøar, flomdammar og meandrerande elveparti	1			1
E05	Fossesprøytsonar		2	2	4
E06	Viktige bekke drag	4			4
E08	Rik kulturlandskapssjø		1		1
E09	Dammar		1		1
F	Skog (30 lok.)				
F01	Rik edellauvskog	7	18	1	26
F03	Kalkskog	1	1		2
F05	Gråor-heggeskog	3	1	1	5
F07	Gammal lauvskog	1			1
G	Havstrand/ kyst (4 lok.)				
G02	Undervassenger		1		1
G06	Tangvoll		1		1
G07	Brakkvassdelta		3	1	4
H	Andre viktige førekomstar				
Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori		26	64	27	117

I tabell 1 går det fram at det i Ørsta er kjent 24 av dei 57 prioriterte naturtypane i DN-handboka.

Viktige lokalitetar i Ørsta

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 1 til 117.

Tabell 2. Viktige lokalitetar i Ørsta. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdisette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde, som ikkje inngår i metoden med naturtypekartlegging (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Hjørundfjorden: Gjevenesstranda naturreservat	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog	A

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
2	Hjørundfjorden: sør for Molaupen	Rik edellauvskog	A
3	Hjørundfjorden: Barlindneset naturreservat	Rik edellauvskog	A
4	Hjørundfjorden: Storevika	Rik edellauvskog	A
5	Hjørundfjorden: Trandal-Nes	Rik edellauvskog	B
6	Hjørundfjorden: Trandalsdalen sør for Olajølet	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog	C
7	Hjørundfjorden: Trandalsdalen	Naturbeitemark	C
8	Hjørundfjorden: Rønningen	Rik edellauvskog	A
9	Hjørundfjorden: Linderemmen	Rik edellauvskog	A
10	Hjørundfjorden: lia under Saksa	Rik edellauvskog	B
11	Hjørundfjorden: Leknesnakken	Kalkskog	A
12	Standal: Sætreelva	Fossesprøytsone	C
13	Standal: Flatdalselva	Fossesprøytsone	C
14	Standalseidet: Standalssetra	Naturbeitemark	C
15	Standalseidet: Myklebustsetra	Naturbeitemark	A
16	Norangsfjorden: Leknes	Rik edellauvskog	A
17	Urke: Haukåsetra	Naturbeitemark	B
18	Urke: Aust for Myrsetra	Naturbeitemark	C
19	Urke: Årskreda	Naturbeitemark, sørvendt berg og rasmark	B
20	Urke: Storedalselva, nedre del	Fossesprøytsone	B
21	Norangsfjorden: Urke-Øye	Rik edellauvskog	B
22	Norangsfjorden: Raudeneset aust for Urke	Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet	B
23	Norangsfjorden: Stenes	Naturbeitemark	B
24	Norangsfjorden: Øye	Rik edellauvskog	B
25	Norangsfjorden: Øyevika/Norangsvika	Brakkvassdelta	C
26	Norangsdalen: Konedalen	Kalkrike område i fjellet	C
27	Norangsdalen: sør for Lunheim	Naturbeitemark	C
28	Norangsdalen: Skylstad	Rik edellauvskog	B
29	Norangsdalen: Stavbergsetra m.m.	Naturbeitemark	B
30	Norangsdalen: under Skjerdingstindane	Naturbeitemark	B
31	Norangsdalen: Urdasætra	Naturbeitemark	B
32	Sæbø: Bondalselva, utløpet	Brakkvassdelta	B
33	Hjørundfjorden: Hustadnes	Rik edellauvskog	B
34	Hjørundfjorden: Skår	Kalkrike område i fjellet	C
35	Storfjorden: Stålbergneset-Gallsteinane	Rik edellauvskog	B
36	Storfjorden: Sævåg	Rik edellauvskog	B
37	Storfjorden: Vuvika	Rik edellauvskog	B
38	Storfjorden: Kvamseelva naturreservat	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog	A
39	Viddal: sør for Hole	Naturbeitemark	C
40	Viddal: Bardsje 1	Skogsbeite	C
41	Viddal: Bardsje 2	Naturbeitemark	A
42	Bjørke: sør for Leira	Nordvendt kystberg og blokkmark	B
43	Bjørke: SV-sida av Kammen	Rik edellauvskog	B
44	Bjørke: Vikeelva	Brakkvassdelta	B
45	Bjørke: Tussefossen	Fossesprøytsone	B
46	Bjørke: austsida av Vikefjellet	Rik edellauvskog	B
47	Bakkedalen: Bakkestøylen	Naturbeitemark	C
48	Bjørke: Saure: Rimane	Rik edellauvskog	B
49	Bjørke: Saure-Raudstadvatnet	Naturbeitemark	B
50	Skjåstaddalen: Skjåstad/Mork: Storhamrane	Rik edellauvskog	B
51	Mork	Naturbeitemark	B
52	Sledalen: Saurestølen/Joskredene	Naturbeitemark, kystlynghei	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
53	Vartdalsstranda: Festøyflesa	Kystlynghei	C
54	Barstaddalen: Volle	Naturbeitemark	B
55	Barstaddalen: Bakketun på Volle	Slåttemark	A
56	Barstaddalen: Barstadsetra	Kystlynghei, naturbeitemark	C
57	Barstaddalen: mellom Gamlestøylen og Rametinden	Kalkrike område i fjellet	C
58	Masdal: Klovekinn	Kalkrike område i fjellet	C
59	Årskogdalen: aust for Reitegarden	Naturbeitemark	B
60	Årskogdalen: Høgebakken/Vartdalssætra	Naturbeitemark	B
61	Årsetdalen: Grytastøylen	Naturbeitemark	C
62	Vartdalsstranda: Nord for Liahornet	Kalkrike område i fjellet	C
63	Vartdalsstranda: Flåvikneset	Kystlynghei	C
64	Rjånes	Kystlynghei	C
65	Ørstafjorden: Raudøya: Ysteøya	Kystlynghei	B
66	Ørstafjorden: Raudøya naturreservat	Hagemark	A
67	Ørstafjorden: Raudøyholmen	Kystlynghei, hagemark	A
68	Ørstafjorden: Lianeset-Liadalen	Rik edellauvskog	B
69	Ørstafjorden: Lianeset	Kalkskog (olivinutforming), skogsbeite	B
70	Ørstafjorden: Skorgeura naturreservat	Rik edellauvskog, gammal lauvskog	A
71	Ørsta: Osestranda-Storelvosen	Brakkvassdelta, undervassenger, tarevollar	B
72	Ørsta: Holmane/Melsholmane	Gråor-heggeskog, kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti	A
73	Nossen	Gråor-heggeskog	B
74	Gråssmyra ved Sporstøylen	Kystmyr	C
75	Gråssmyra ved Dalane	Kystmyr	B
76	ved Støylefossen	Kystmyr	C
77	Hovdebygda: Indrehovdetjønna m.m.	Dammar, kystmyr	B
78	Hovdebygda: Hovdeelva	Viktig bekkedrag, kystmyr	A
79	Hovdebygda: Hovdevatnet	Rik kulturlandskapssjø	B
80	Nupadalen: vestsida av Sandhornet	Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet	B
81	Langedalen: nordsida av Sandhornet	Nordvendt kystberg og blokkmark	B
82	Langedalen: Vallasætra	Kystlynghei	B
83	Langedalen: Vodene	Slåtte- og beitemyr	B
84	Langedalen: under Rambjørhornet	Rik edellauvskog	B
85	Romedalen: Steinstøylen	Kystlynghei	B
86	Romedalen: Romedalsstøylen, elvesletta	Slåtte- og beitemyr	B
87	Romedalen: Romedalsstøylen, aust for vegen	Kystlynghei	B
88	Romedalen: Moastøylen	Kystlynghei	B
89	Romedalen: Kubbestøylen	Naturbeitemark	B
90	Romedalen: Koppen ovafor Kubbestøylen	Kystlynghei, naturbeitemark	B
91	Romedalen: Raudehammaren ved Kubbestøylen	Nordvendte kystberg	B
92	Romedalen: nedafor Årsæterstøylen	Naturbeitemark	B
93	Romedalen: dalmunningen V for Kolosfossen	Naturbeitemark	C
94	Follestaddalen: Barstad	Småbiotop	A
95	Follestaddalen: Barstad, nedanfor vegen	Naturbeitemark	B
96	Follestaddalen: Barstad: Stormyra	Kystmyr	B
97	Follestaddalen: Barstad, nedafor vegen	Slåttemark	A
98	Follestaddalen: Barstad, ovafor vegen	Naturbeitemark	A
99	Follestaddalen: Nord for Litlesæter	Slåttemark	A
100	Follestaddalen: Vest for Skulebrua	Småbiotop	A
101	Follestaddalen: Kliåna	Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
102	Follestaddalen: vest for Trevatna	Kalkrike område i fjellet	B
103	Åmdalen: Åmdalselva	Viktig bekkedrag	A
104	Åmdalen: Åmsmyra naturreservat	Kystmyr	A
105	Åmdalen: sør for Åmsnipa	Kystmyr	C
106	Åmdalen: Nakkenakken	Rik edellauvskog	B
107	Åmdalen: Bjørdalselva i Litledalen	Viktig bekkedrag	A
108	Åmdalen: vest for Krøvel	Rikmyr	C
109	Bondalseidet: Videtjørnmyrane	Kystmyr	B
110	Bondalseidet: Videtjørnelva	Viktig bekkedrag	A
111	Bondalseidet: Tverrgrova: Hjellbakkane	Naturbeitemark, hagemark	A
112	Bondalseidet: Valset	Naturbeitemark	A
113	Rognestøylaldalen: Rognestøylsetra	Naturbeitemark	B
114	Rognestøylaldalen: Risesetøylmyra	Kystmyr	B
115	Rognestøylaldalen: Risesetra	Naturbeitemark	B
116	Kvistaddalen: Kvistadsetra	Naturbeitemark	B
117	Kvistaddalen: Årsetsetra	Naturbeitemark	C

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 1999 (DN 1999b) og ein ny rapport som gjeld frå 6. desember 2006. Sidan sistnemnde vart publisert samtidig med ferdigstilling av rapporten, er endringar forsøkt innarbeidd ved å oppgje status for einskildartar både i 1999 og 2006.

Det er registrert ei rekkje førekomstar av raudlisteartar av planter, mosar, sopp, lav, insekt og ferskvassblautdyr i Ørsta, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel.

Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står ein del att å undersøkje i skog (gammal skog, edellauvskog, sumpskog, bjørkeskog med høgstauder, gråor-heggeskog), i ferskvatn (stille og rennande), myr, og kulturlandskap (naturbeitemarkar, hagemarker og skogsbeite). Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Ørsta er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar bør seinare også supplerast med oppdatering av viltkartet, og undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging og kartlegging av ferskvatn.

Litteratur

Ein eigen database er utarbeidd over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Ørsta i denne basen ga ca. 570 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk. Berre ein mindre del av desse kjeldene er brukte i rapporten.

Vedlegg

I vedlegget er det presentert plantelister og sopplister for einskildlokalitetar.

Kart

Møre og Romsdal fylke har digitalisert dei avgrensa lokalitetane, og karta er presenterte attast i rapporten.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Rapporten er eit supplement til tidlegare undersøkingar i Ørsta (Måren et al. 2001 og Mjøs & Håland 2002).

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2006.

Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteeenger og naturbeitemarkar er i ferd med å forsvinna (m.a. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende, og t. d. insekter knytt til desse plantene får også problem. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar gå attende eller forsvinna, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved av ulike dimensjoner og med ulik nedbrytingsgrad. Urskog er i dag bortimot forsvunne, og gammalskog med mykje daud ved utgjør små areal. Område med biologisk verdifull skog, m. a. edellauvskog, har dei siste 50-100 åra delvis vorte erstatta med gran, og sumpskog og myr har vorte drenert.

Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiiing av organismer som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døye ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

Platanlønn er eit treslag som vart innført som pryde- og tuntre for rundt 250 år sidan. I dag har platanlønn etablert seg mange stader i Ørsta. Platanlønn er svært konkurransesterk, og vil truleg utkonkurrere mange andre lauvtreslag, m.a. hassel. Platanlønn vil truleg ha ein negativ innverknad på det biologiske mangfaldet på lengre sikt, og bør derfor helst fjernast før dei tek til å setta frø. Kor realistisk dette er, vil vera avhengig av innsatsen, truleg har vi eit problem. Andre eksempel på inførte artar i kommunen er sitkagran (einskilde plantefelt), gran (planta på rundt 32000 dekar, Måren et al. 2001), lerk (små einskildførekomstar), lupinar (vanlege i vegkantar) og rukkerose. Per Gunnar Bøe, Ørsta, har ei omfattande liste av innførte planteartar som har forvilla seg i kommunen. **Mink** er ein dyreart som er komen til og har spreidd seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra.

Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet. Ein kan og tenkja seg at einskilde artar med små bestandar (t.d. kvit skogfrue) kan vera utsett for samlarar (eksempelarten er no freda).

Forureining

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Eit konkret eksempel på ein svært sårbar art er elvemusling, som nok har fått reduserte bestandar i fleire vassdrag som følgje av landbruksforureining og graving/nedslamming i vassdraga.

Langtransportert forureining frå andre land fører også til forsurening av innsjøer og elvar i Sør-Noreg, men forsureninga har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing. Ørsta har i dag mange sørlege artar som er på eller nær nordgrensa si, som vil kunne utbreia seg vidare nordover.

Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

Verneområde

Ørsta kommune har fleire verneområde i naturtypene edellaauvskog (Gjevenesstranda, Kvamseelva, Skorgeura) og ein barlindførekomst med edellaauvskog (Barlindneset), ei myr (Åmsmyra), dessutan er ein kristtornførekomst verna som reservat med tilknytt landskapsvernområde (Raudøya). Elles er Bondalsvassdraget og Norangselva verna mot kraftutbygging. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

Resterande areal

På dei resterande delene av arealet i Ørsta kommune er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropria, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

Passiv sikring

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001).

Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. Frivillig vern i skogbruket er likevel ei interessant ordning dersom ho kan nyttast til å sikra verdifulle skogsområde. Denne ordninga inneber juridisk bindande avtalar og utløyser erstatning.

Virkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av slåtteeenger, naturbeitemarker, styvingshager m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på

biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne. I skogbruket vert det i tillegg til naturtyperegistreringar også utført Miljøregistreringar i skog (MiS), som gjev grunnlag for å velja ut nullhogstområde, eventuelt spesielle hogstmetodar for å ta miljøomsyn. MiS-registreringer er ein del av sertifiseringa av skogeigar. Det kan gjevast tilskot (av kommunen) etter søknad etter §6 i Forskrift for nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Tilskot vert gjeve til meirkostnader som følgje av økonomisk tap for å avstå frå hogst eller leggja om skogsdrifta, det vert da inngått minimum 10 års avtale med kommunen.

Formålet med rapporten

Hovudformålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

Nokre omgrep

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauvskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, lind, svartor, eik og hassel). I Ørsta er det alm, ask, sommareik, lind, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

Eutrof: Næringsrik, vert m.a. bruka om ferskvatn som er påverka av næringstilførsel. Det kjem da inn ei rekkje næringskrevande artar.

Høgmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatn, og der torvopphoping gjer at høgaste punkta ligg inne på myra. Ein viktig myrtype på kysten kallast atlantisk høgmyr.

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

Kontinuitet: i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Naturbeitemark: gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Natureng: i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarker.

Naturengplanter: planter som er knytt til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallell til beitemarkssoppane.

Nedbørsmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Nøkkelbiotop: ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

Oligotrof: Næringsfattig, vert bruka om ferskvatn som er naturleg næringsfattige og dessutan lite påverka av næringstilsig.

Ombrotrof myr: Det same som nedbørsmyr, myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Oseanisk: Som har å gjera med kysten og havet. Vert bruka om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette er kontinental.

Raudliste: liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

Rikmyr: Jordvassmyr (sjå denne) med høg pH, ofte på grunn av lettforvitrelige basiske bergartar i grunnen. I denne myrtypen finst ei rekkje orkidéar, andre planter, mosar og anna som trivst berre i myr med høg pH.

Signalart: vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

Tradisjonelt kulturlandskap: dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med eik, lind, alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden moseflora

Fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett), viltkartlegging etter DN (1996) og marine miljø (DN 2001) er ikkje nytta.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Ørsta. Underteikna har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga ein litteraturdatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit søk på Ørsta i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 4. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Ørsta, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal (1994)	Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, omtalar Raudøya
Barlaup (1993)	Omtalar Holmane/Melsholmane i Storelva
Bjørlykke (1939)	Omtalar floraen på fleire område med olivin
Bugge (1993)	Oversikt over viktige edellauvskogsområde i fylket, mange lokalitetar i Ørsta er omtala.
Folkestad (1976b)	Skildrar naturkvalitetane i Ørsta kommune
Folkestad (1978)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Folkestad (1996)	sjøfugl
Folkestad (2003)	Utgreing om biologiske konsekvensar av kraftutbygging i Sleddalselva i Skjåstaddalen
Folkestad (2006)	Skjøtselsplan for Raudøya, med fyldig statusdel
Folkestad & Bugge (1988)	Skildrar mange edellauvskogsområde i Hjørundfjorden på basis av ei båtferd i 1987
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen
Fylkesmannen i MR (1988a)	Verneplanen for myr, omtalar m.a. Åmsmyra.
Fylkesmannen i MR (1996a)	Verneplanen for edellauvskog, tilråding.

Kjelde	Kommentar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1997)	Naturbasen, utskrift for Ørsta m. kart. Viktig kjelde med mange lokalitetar.
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Ørsta
Gaarder (1996)	Notat i samband med utvidingsplaner for Hovden flyplass
Gaarder (2003a)	Biologiske undersøkingar i samband med planer om Standal kraftverk
Gaarder (2003b)	Biologiske undersøkingar i samband med planer om Dalegjerdet kraftverk
Gaarder (2003c)	Biologiske undersøkingar i samband med planer om Trandal kraftverk
Gaarder (2004)	Biologiske undersøkingar i samband med planer om Urke kraftverk
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Ørsta
Holtan (2003)	Rapport om biologisk mangfald i Sykkylven - omtalar felles lok. i Gjevenesstranda
Holtan & Brevik (1998)	Omtalar edellauvskogen m. eik på Leknes
Holtan m. fl. (1986b)	Omtalar fleire strandområde
Haaland et al. (1981)	Skildrar ferskvassfauna og hydrologi i Ørstavassdraget, inkl. Vatnevatnet, Litledalsvatnet, Kvanndalsvatnet og Standalsvatnet. Steinflua <i>Dinocras cephalotes</i> og vårflua <i>Philopotamus montanus</i> er sjeldne artar. Artsdiversiteten i vatna og elvene er litt under middels. Informasjonen er ikkje brukt til avgrensing av lokalitetar.
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Ørsta
Jordal (2006)	Rapport om nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Midt-Noreg, ein del data frå Ørsta.
Jordal & Gaarder (1993, 1995, 1999)	Undersøkingar av kulturlandskap, oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Kavlie (1970)	Botanisk hovedfagsoppgåve om høgdegrensar for planter og mosar
Kjoberg & Larsen (1998)	Omtalar Holmane/Melsholmane i Storelva
Korsmo (1975)	Undersøkingar av edellauvskog, fleire lokalitetar
Kaalaas (1911)	Omtalar fleire interessante mosefunn i distriktet
Lindmo et al. (1991)	Rapport om barlind og kristtorn på Vestlandet
Malme (1972)	Har undersøkt m.a. Hovdevatnet
Melby & Gaarder (2001a, 2001b)	Undersøkingar av dei varig verna Bondals-vassdraget og Norangselva.
Michaelsen et al. (2003)	Undersøkingar av flaggermus i heile fylket, inkl. Ørsta
Mjøs (2001)	Biologiske undersøkingar i samband med kommunedelplan for området ved Videtjønn
Mjøs & Håland (2002)	Rapport om undersøkingar av biologisk mangfald i Ørsta
Moen (1984)	Rapport om verneinteresser i myr, har berre flybildetolking av to myrer
Måren et al. (2001)	Kunnskapsstatus om biologisk mangfald i Ørsta
Odland (1981)	Botaniske undersøkingar i nedbørsfeltet til Ørstavassdraget
Oldervik (2005a, 2005b, 2005c)	Utgreing om biologiske konsekvensar av kraftutbygging i Vidalselva og Skårelva.
Olsen (1986)	Notat om fugl ved flyplassen på Hovden
Olsvik & Hungnes (1998)	Artikkel om augestikkerar, m.a. i Hovdeelva.
Oterhals (1994)	Rapport om Skorgeura
Pettersen & Hallaråker (2001)	Omtalar Holmane/Melsholmane i Storelva
Rekdal (1987a, 1987b)	Rapport og vegetasjonskart i 1:50 000 for kartblad 1219 III Hjørundfjord.
Singsaas (1985)	Supplering av myrundersøkingane i fylket
Spikkeland (2004)	Utgreing om biologiske konsekvensar av kraftutbygging i Sætreelva ved Bjørke
Stenberg (2000a)	Oversikt over hekkeområde for truga hakkespettar i fylket.
Strand (1998)	Notat om amfibiar, m.a. om padde ved flyplassen
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing, fleire interessante funn frå Ørsta
Sunde & Grønningsæter (1999)	Registrering av flaggermus i heile fylket med ultralyddetektor, også frå Ørsta.
Wangen (1993a, 1993b, 2000)	Rapportar om førekomstar av elvemusling i kommunen
Wischmann (1965)	Omtale av plantefunn i samband med ekskursjon arrangert av Norsk Botanisk Forening i 1964.

Museumssamlingar, databasar, Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter. Likeeins er det brukt egne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, regionalt sjeldne planter m.m.

Innsamling frå personar

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Ørsta. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen

I 1993-1995 har den eine av forfattarane (J. B. Jordal) saman med Geir Gaarder undersøkt fleire kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1999). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Ørsta. Dette er sidan oppdatert som database seinast i 2005. Feltarbeidet i samband med denne rapporten er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan ein del ny kunnskap er samla og systematisert.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (2005), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994, 2004). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Perry Larsen har hjelpt til med bestemming av einskilde soppartar. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel har hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige funn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994). Særleg interessante funn (planter, sopp, lav, mosar) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo eller Vitenskapsmuseet i Trondheim, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

Verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigere å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her til verdsettingskriteria i DN (1999a, 2006). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN (2006) for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, kriteria frå vilthandboka er lite brukt (DN 1996), og da gjerne i samband med verdsetting av skog der det hekkar hakkespettar. Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisetta lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdisettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdisettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand

Rik fjellvegetasjon: raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, reinrose

Rikmyr: breiull, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr

Havstrand: t.d. havstorr, ishavsstorr, bogestorr, ålegras

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995), dette kan vera t.d. blåklokke, grov nattfiol, jordnøtt, kystmaure, grå vokssopp, gul småfingersopp og raudskivevokssopp.

Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdisettinga.

Område med dårlege data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

Presentasjon

Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Siste kapitlet kjem med ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Ørsta og vedlegg i form av plantelister frå einskildlokalitetar.

Områdeskildringar

Dei einskilte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlett til kommunen, som så har fått dei digitalisert. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarung for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

NATURGRUNNLAG

Landskap m.m.

Ørsta kommune ligg i sørlege del av Sunnmøre fogderi i Møre og Romsdal fylke. Arealet (eksklusiv sjøareal) er oppgjeve til 803 km². Kommunen grensar til sju andre kommuner: Ulstein, Hareid, Sula, Sykkylven, Stranda, Hornindal og Volda. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord via grunner, holmar, skjer, strandberg, rolege sandstrender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg. Kommunen ligg i et fjordsystem, hovudsakeleg beståande av Ørstafjorden i vest, Vartdalsfjorden i nord og Hjørundfjorden i aust. Sistnemnde er tre mil lang og ei sidegrein til Storfjorden. Fjellsidene langs fjorden er bratte og går opp til toppar på 14-1500 moh. Fire større dalføre når ned til Hjørundfjorden: Norangsdalen på austsida, Bondalen og Standalsdalen på vestsida og Skjåstaddalen i sør. Desse er alle U-forma dalar med flat dalbotn og bratte dalsider. I store deler av kommunen er det høge fjell og mange kvasse tindar. "Sunnmørsalpene" er et omgrep som er knytt til Ørsta kommune.

Tabell 6. Nokre geografiske data for Ørsta kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Ørsta kommune.

Parameter	Verdi
Landareal	803 km ²
Del av fylket sitt landareal	6 %
Sjøareal	ca. 128 km ²
Jordbruksareal i drift	9,0 km ²
Skogareal	216 km ² (men drivverdig/produktiv berre 36 km ² , Ørsta kommune 1994)
Myrareal	12 km ²
Strandline fastland	131 km
Talet på øyar (samla areal)	12 (<1 km ²)
Talet på ferskvatn (samla areal)	273 (totalt 19km ²)
Areal 0-150 m o.h.	108 km ² (13,4%)
Areal 150-300 m o.h.	87 km ² (10,8%)
Areal 300-600 m o.h.	220 km ² (27,4%)
Areal 600-900 m o.h.	219 km ² (27,3%)
Areal 900-1200 m o.h.	135 km ² (16,8%)
Areal 1200-1500 m o.h.	33 km ² (4,1%)
Areal 1500-1800 m o.h.	1 km ² (0,1%)

Klima

Klimaet i Ørsta varierer mykje frå ytre til indre strok. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane høge, i vestlege delar av Ørsta kommune ligg temperaturen rundt 0°C som gjennomsnitt for januar, med nokre kuldegrader som snitt for januar i indre strok og i fjellområda, og kaldast i austlege strok, m.a. Nordangsdalen. Gjennomsnittstemperatur for juli er dels over 14°C i dei lågareliggjande fjordstroka. Vidare er det relativt mykje nedbør, med årsnedbør frå rundt 1500 mm på Vartdalsstranda til godt over 2500 mm i "Sunnmørsalpane" på begge sider av Hjørundfjorden. Desse fjella har det nedbørsrikaste klimaet i Møre og Romsdal. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge og *met.no* på Internett.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Ørsta i perioden 1961 – 1990. Kjelde: <http://met.no>.

Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
Ørstavik	-0,3	0,6	2,4	4,7	9,1	11,8	13,8	13,2	9,5	7,6	3,0	1,2	6,4

Tabell 6. Nedbørnormalar for Ørsta i perioden 1961 – 1990. Kjelde: <http://met.no>.

Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
Ørstavik	210	172	173	123	89	94	114	145	270	260	250	266	2157

Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for heile kommunen (Tveten m. fl. 1998a, 1998b). Elles finst førebels utgåver av kartblad 1:50 000 Ålesund og Sykkylven (Bryhni 1991a, 1991b). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmerskifer, glimmergneis), amfibolitt m.m. frå kambrisk tid. Slike bergartar finst i området rundt Hovdevatnet, og på spreidde stader elles, m.a. ved Saltre og få stader elles i fjellområda. Kalkkrevande planter er mindre vanlege i Ørsta, men finst m.a. på desse bergartane. Det er og funne rikmyr og kalkrike område fleire stader der ein ikkje skulle venta det ut frå kartet. Av særleg interesse er førekomstane av olivin/serpentin. Desse finst i små område fleire stader i kommunen. Ein har data om m.a. Leknesnakken, Raudneset/Klokksegga i Norangsfjorden, Lianeset i Ørstafjorden, Sandhornet, Kliåna i Follestadalen og området ved Trollkoppevatnet/Akslahornet i Skorgedalen. Desse områda har oftast ein særprega flora og vegetasjon, med einskilde særleg tilpassa artar som brunburkne og grønburkne.

Lausmassar

Den viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. I fjellområda som dekkjer store deler av kommunen, er det og mykje skredmateriale og randmorener etter gamle brear. Lausmassane elles er i stor grad morenemassar frå siste istida, og desse finst over store deler av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst særleg langs Storelva rundt Ørsta sentrum, heile Bondalen, heile Follestadalen, og elles i noko mindre grad i dei andre dalføra. Restar av større breelvavsetningar finst ved Søre Vartdal, ved Barstad, Leira og fleire stader i Bondalen. Marine hav- og fjordavsetningar finst særleg rundt Ørstafjorden, og dessutan på Vartdalsstranda. Lausmasseførekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst ei rekkje stader spreidd rundt i kommunen.

Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Ørsta høyrer her hovudsakleg til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrok. Indre (søraustlege) delar av kommunen tilhøyrer region 35 (Fjellregionen i søndre del av fjellkjeda, underregion 35e Møretindane).

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998b). Ørsta tilhøyrer i denne samanheng dels region 21 Vestlandets ytre fjordbygder (Vartdalsstranda m.m.), dels region 22 Vestlandets midtre fjordbygder (mesteparten av kommunen), og dels region 23 Indre Vestlandsbygder (Bjørke, Viddal).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonssesksjon**.

Vegetasjonssonar beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

Vegetasjonen i Ørsta fordeler seg på alle sonene. Hjørundfjorden frå Leknes til Sykkylvs-grensa, området rundt Festøya og strekninga Rjåneset-Skorgeura i Ørstaffjorden tilhøyrrer den mest varmekjære sonen, boreonemoral sone. Resten av bygdene og jordbruksområda tilhøyrrer den sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområde tilhøyrrer mellom- og nordboreal sone. Fjellområda over klimatisk skoggrense tilhøyrrer den alpine sonen (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarande om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

O3. Sterkt oseanisk seksjon: Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørrsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:

O3t. Vintermild underseksjon. Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

O3h. Humid underseksjon. Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

O2. Klart oseanisk seksjon: Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

O1. Svakt oseanisk seksjon: Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innanfor, frå Geiranger til Trollheimen.

OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar): Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkessamfunn. Til denne seksjonen høyrer berre nokre mindre område i austlege delar av Sunndal, Ørsta og Rauma.

Vartdalsstranda og høgareliggjande område vest for Hjørundfjorden tilhøyrrer sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). Her finn ein m.a. kystlynghei. Den øvrige vegetasjonen i Ørsta tilhøyrrer for det meste klart oseanisk seksjon (O2).

HOVUDNATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Ørsta, vert omtala nedanfor.

Havstrand/kyst

Der land og hav møtest finn vi organismar frå begge økosystema. Strendene har ei rekkje særmerkte planteartar som er tilpassa saltpåverknad m.m. Eksposisjon for bølger påverkar substratet slik at ein kan få leir-, silt-, sand-, grus- eller rullesteinstrand. Mange stader finn ein berre strandberg. Vegetasjonen, flora og fauna er i stor grad påverka av desse faktorane. Brakkvatn er ei blanding av ferskt og salt vatn, som oppstår i avsnørte bukter og gruntområde nær elve- og bekkeutløp. Slike område har eit særlege biologisk mangfald. Elveosar dannar ofte grusøyrrer med særlege flora og fauna. Dei viktigaste områda av dette slaget er elveos-området ved Ørsta sentrum og utløpet av Bondalselva på Sæbø.

I strandområda oppstår ofte arealbrukskonfliktar, der ulike utbyggingsformål kjem i konflikt med ønsket om bevaring av det biologiske mangfaldet. Ei av utfordringane i Ørsta vil vera å ta vare på restane av Osen og utløpet av Ørstaelva.

Kulturlandskap

Funn frå Vestlandet viser at husdyrbruket her har ei historie på rundt 4000-5000 år. Det er grunn til å tru at jordbruket i Ørsta også er fleire tusen år gammalt på gode stader. Gammalt kulturlandskap er ofte det mest artsrike. Moderne kultureng som vert pløgd, gjødsla og isådd med kjøpte frøvarer vert dei første åra artsfattig. På gammal eng kjem det inn ein god del fleire planter frå naturen rundt, og på svært gamle slåtte- og beitemarker som kanskje har vore lite gjødsla vil artsrikdommen vera stor med ei rekkje spesialtilpassa grasmarksartar av i første rekkje planter og sopp. Den siste typen tilhøyrrer det som vanlegvis vert kalla det tradisjonelle kulturlandskapet, som dominerte fram til midtre del av 1900-talet. Dei artane som er mest knytt til lite gjødsla lokalitetar i tradisjonelt kulturlandskap, kallast naturengplanter og beitemarkssopp. Desse artane er truleg opprinneleg tilpassa eit europeisk landskap som vart beita av store ville grasetarar før menneska tok til med jordbruk. Etter kvart har vi menneska dels utrydda, dels temt desse grasetarane, og i dag er det i praksis berre husdyr som skaper denne naturtypen. Slått av lite gjødsla grasmark kan skapa noko liknande, men er i dag mest opphøyr. Hagemark og skogsbeite er tresett landskap med sterkt og tydeleg beitepåverknad. Særmerkt i Ørsta er kristtornforekomsten på Raudøya og Raudøyholmen, som er den største nord for Hordaland. Kystlynghei finst berre som små restar i ytre del av kommunen, på Raudøya og Vartdalsstranda, og dessutan i nokre av seterdalane imellom dei nedbørrike Sunnmørsalpane, som Langedalen og Romedalen. Lyngheiane var avhengige av sviing og beiting, og dei fleste gror no att. Seterlandskapet vert framleis beita ein del stader, og inneheld ein del interessante lokalitetar, sjølv om mykje er surt, vått og artsfattig.

Naturbeitemark og slåtteenger

Mange stader har det ofte danna seg grasdominert vegetasjon som følgje av beiting. I utmark på udyrka eller lett overflatedyrka jord har ein i lang tid, kanskje tusenvis av år sleppt dyra på slikt beite år etter år. I periodar kan det og ha vore drive slått på slike stader. Beitemarker som er lite påverka av jordarbeiding og gjødsling, kallar ein naturbeitemark. Her finn ein ei rekkje engplanter, og da særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekkje artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa. Anten vert jorda dyrka og drifta intensivt, eller drifta opphøyrer med attgroing som konsekvens. I Ørsta er det i dag berre mindre areal naturbeitemark som er intakt, mest takka vere utmarksbeiting med sau eller storfe, men mykje har forsvunne. Det vil vera ei stor utfordring å bevare kontinuiteten i denne driftsmåten slik at mangfaldet som lever her vert teke vare på. Særleg interessant er dei beitemarkene som framleis har bestandar av solblom (Follestad/Barstad og Bondalen). Nokre av desse er tidlegare slåtteenger. Berre ei tradisjonell slåtteeng i fortsatt bruk vart funnen. Elles finst ein del middels interessante seterlandskap, men det er stadig færre av desse som vert beita. Kulturhistoria knytt til seterområda i gamle Ørsta kommune er utførleg skildra av Øye (1980). Tilsvarande historie langs Hjørundfjorden er skildra av Hjørundfjord bygdeboknemnd (1975). Vegsund (1979) omtalar seterdrifta i Romedalen og på Vartdalssetra. Moe (1980) skildrar Mosdalen. Denne historia er viktig for å forstå vegetasjon og flora i dag.

Skog

Skog dekkjer store areal (216 km²) i Ørsta, men drivverdig eller produktiv skog finst på eit mykje mindre areal (ca. 36 km², Ørsta kommune 1994). Dei mest utbreidde typane i kommunen er fattige furuskogstypar og fattige lauvskogstypar med bjørk, rogn, selje, osp og gråor. Elles finst mykje plantefelt, særleg med gran, dette utgjer om lag 34% av dei 94500 da produktivt skogareal i kommunen (Måren et al. 2001). I solvarme lier finst mykje hassel og mange stader også alm. Særleg interessant i Ørsta er naturlege førekomstar av lind og sommareik. Svartor finst somme stader på solvendte strender og sumpete lier, og reknast mellom dei varmekjære treslaga slik som alm og hassel. Svartordominert skog er avgrensa som rikare sumpskog. Ask er utbreidd i dei varme delene av Ørstafjorden og dessutan i deler av Norangsfjorden. Gråor-heggeskog er ein prioritert naturtype som er særmerkt for m. a. flaummark langs vassdrag, og elles i fuktige lier. Biologisk sett er gammal skog med god tilgang på daud ved i ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad interessant. Dette gjeld både furudominert og lauvdominert skog. Her vil ein kunne finna ei rekkje artar av sopp, mosar og lav som er sjeldne eller fråverande i landskapet elles. Slike lokalitetar har ein viktig funksjon som levestad for ei rekkje artar.

Endringar i skoglandskapet skjer først og fremst som følgje av skogbruksdrift, men også ulike utbyggingsformål kan forårsaka endringar. Med større kunnskapar om det biologiske mangfaldet vil det vera lettare å ta omsyn til dette i skogbruksplaner o. l. slik at ikkje viktige lokalitetar vert øydelagde eller forringa i utrengsmål.

Rik edellauvskog

Edellauvskog er skog med vesentleg innslag av edellauvtre som hassel, alm og svartor, og i Ørsta dessutan noko ask, eik og lind. Ørsta er ein av dei kommunane i fylket som har mykje edellauvskog. Sommareik og lind er i Møre og Romsdal sjeldne, sørlege edellauvtre som berre finst få stader. I Ørsta er det ein viktig eikeforekomst på Leknes, med ei rekkje sjeldne planter og soppartar. Vidare er Linderemmen ein av dei viktigaste førekomstane av lind i fylket vårt. Alm er varmekrevande og finst mest oppunder bratte hamrar, ofte sør- til vestvendt. I Ørsta er det funne alm mange stader (særleg den lange skoglia langs nordaustsida av Hjørundfjorden). Elles finst det mykje hasselskog i det same området, og svartor i fuktige område i lifoten mot kulturmark fleire stader, m.a. i Skorgeura. Svartorlokalitetar er gjerne klassifisert som rikare sumpskog. Det er kjent fleire raudlista sopp i hasselskog, m.a. gullkremle, marsipankremle, grå trompetsopp og rustkjuke, i tillegg er den raudlista plantearten kvit skogfrue funnen to stader og bruntelg ein stad. Hasselskog er dermed eit viktig habitat for raudlisteartar i kommunen.

Olivinfuruskog/kystfuruskog

Av særleg interesse er førekomstane av olivin/serpentin under skoggrensa, der dei frå naturen si side ofte er kledd med furuskog. Dette gjeld m.a. Leknesnakken, Lianeset i Ørstafjorden, medan ein ved Kliåna i Follestaddalen har bytta treslag til gran. Olivinområda har oftast ein særprega flora og vegetasjon, med einskilde særleg tilpassa artar som brunburkne (global og nasjonal raudlisteart) og grønburkne. Brunburkne (global og nasjonal raudlisteart) er i Ørsta berre kjent frå Kliåna på 1960-talet, og det er nokså uvisst om arten framleis veks her i dag.

Ørsta har også ein av dei store barlindførekomstane i fylket vårt ved Barlindneset på nordaustsida av Hjørundfjorden. Barlind er ein sjeldant treslag i nasjonal samanheng, og vert truga av dei store hjortebestandane no til dags.

Gammal lauvskog

Fleire stader i Ørsta finst gammal bjørke- eller ospeskog med ein del innslag av daud ved. Slik skog finst gjerne i litt høgareliggjande og dels avsides område, og er dårleg undersøkt i denne rapporten. Kvitryggspett, gråspett og dvergspett er fugleartar som krev eit visst innslag av gammal lauvskog på landskapsnivå, og som indikerer gammal lauvskog. Dersom slik skog også ligg nord- til nordaustvendt og fuktig, vil ein kunne få inn ein flora av kravfulle lav- og moseartar knytt til slike miljø.

Myr

Ørsta ligg i midtre fjordstrok, og har terreng, klima og topografi som høver godt til myrdanning. Det er oppgjeve at Ørsta skal ha ca. 12 km² myr. Det meste er nedbørsmyr og fattigmyr. Dei største områda ligg i flate og slakt hellande terreng frå låglandet og opp til 4-500 m o.h. Det finst innslag av kystmyr og intakt høgmyr fleire stader. Somme stader er det fragment av rikmyr slik som ved Krøvel. Truleg kan det finnast meir rikmyr, men dei er tidkrevande å finna.

Ferskvatn

Dei fleste ferskvatna i Ørsta ligg i fjellet, og er næringsfattige. I låglandet ligg nokre få tjønner og vatn, som alle er meir eller mindre næringsfattige (oligotrofe), men av og til har interessant flora og fuglefauna. I låglandet er det elles mest lokalitetar med rennande vatn som er aktuelle. Fleire elvar og bekkar er avgrensa som viktige bekkedrag, særleg på grunn av at dei har bestandar av den raudlista elvemuslingen (V/VU=sårbar både på åden nye og den gamle raudlista). Denne arten er særleg utsett for inngrep i form av graving og nedslamming, forureining og algevekst, og vassdragsregulering som gjer at muslingane fell tørre i tørkeperiodar. Vassdrag med elvemusling bør det lagast forvaltningsplaner for (jf. EU's vassdirektiv). Ein bekk (Hovdeelva) er avgrensa p.g.a. førekomst av raudlistearten kongeaugnestikkar (R=sjeldan). Eit fjell-landskap som det i Ørsta har fleire fossar, og her finst av og til fossesprøytsoner som og er ein interessant naturtype, særleg for mosar. Bekkekløfter kan og ha innslag av sjeldne oseaniske og fuktkevande moseslag, særleg fordi Ørsta har eit svært nedbørrikt klima. Dette gjeld fleire vassdrag som er utbygde eller planlagt utbygde, m.a. Tussedossen og Urkeelva.

Berg, rasmark og kantkratt

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Ørsta kommune har ein god del fjell, og dermed også ein del berg og rasmark. Den prioriterte naturtypen sørvende berg og rasmarker finst i mosaikk med hasselskog og annan lauvskog i lågareliggjande sør- til vestvendte fjellsider, og som større rasenger, berg og steinur i og opp mot fjellet. Det er ikkje prioritert å få med alle dei lokalitetane som kunne ha vore aktuelle, sidan naturtypen generelt er lite truga. Olivinområde under skoggrensa, som ikkje er heilt skogkledd, kan klassifiserast som "Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet", og denne finst og i Ørsta (sjå også omtale under kalkskog/olivinfuruskog).

Fjell

Ørsta har mykje fjell. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet. Det er ikkje prioritert å leita etter denne typen, sidan han er lite truga. Det som er tatt med, er basert på undersøkingar av andre. Ofte er derfor stadfesting og avgrensing nokså grov og truleg unøyaktig. Fleire interessante område er kjent, men det er som regel få fjellplanter påvist, mellom desse er reinrose, som er ein merkeplante på kalkrik grunn. På grunn av det oseaniske klimaet er ikkje snødekket stabilt om vinteren, og ein del fjellplanter har problem med å overleva i eit slikt klima. Derfor ventar ein heller ikkje at fjellfloraen i Ørsta skal vera svært rik.

Olivinområde over skoggrensa vert rekna til kalkrike område i fjellet. Desse er det fleire av i kommunen, og dei er ofte botanisk interessante, men oftast dårleg undersøkte.

Eit særleg interessant trekk ved Ørsta er dei høge fjella i kombinasjon med det mest nedbørrike klimaet på Nordvestlandet. Dette er m.a. årsaka til fleire funn av sjeldne og dels raudlista oseaniske moseartar som skoddemose, praktdraugmose og prakttvibladmose i kommunen.

LOKALITETAR

Databasen over verdifulle naturområde i Ørsta kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 117 lokalitetar. Lokalitetane er ordna etter stigande nummer. Ein har prøvd å presentera nærliggjande lokalitetar i nærleiken av kravandre. Rekkjefølgja er velt slik: frå munninga av Hjørundfjorden bevegar vi oss innover fjorden på begge sider, heilt inn til Skjåstaddalen. Deretter startar ein på nytt frå Festøya, går innover Vartdalsstranda, inn Ørstafjorden, og får deretter med dei ulike dalføra og bygdene rundt Ørsta.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn og naturtype. Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal.

Følgjande forkortingar er nytta: DH=Dag Holtan, FGO=Finn G. Oldervik, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, PGB=Per Gunnar Bøe, PL=Perry G. Larsen.

I samband med overgang til ny raudliste idet rapport skulle eleverast, er ny/gammal raudlistekategori oppført i parentes skild av skråstrek, t.d slik: kvitryggspett (V/NT). Sjå også kapitlet om raudlisteartar og tabell 8.

1 Hjørundfjorden: Gjevenesstranda naturreservat (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11001
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 67 13
Høgde over havet:	ca. 0-500 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hjortebeiting på alm (naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Bugge (1993), Holtan (2003, Sykkylvensida)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei vestvendt edellauvskogsli som ligg ytst i Hjørundfjorden, mellom Gjevenes i Sykkylven og Strandabøen i Ørsta. Størstedelen av lokaliteten ligg i Sykkylven. Lokaliteten er bratt med skredlaup, steinurer og mektige kløfter, og er stadvis sterkt påverka av ras.

Vegetasjon: Lokaliteten har ein god almebestand, på Ørstasida gjeld dette særleg mellom Haugelvgylet og Strandabøfonna (Folkestad & Bugge 1988). Lauvskogen har elles skog dominert av dunbjørk med mykje hassel, elles hengjebjørk og ospebestandar og litt gråor-heggeskog, særleg på ei grusvifte under Haugelvgylet. Det finnst og furu, og dessutan litt lerk.

Kulturpåverknad: Det går ei kraftline i nedre del av lia. Lokaliteten grensar mot meir kulturpåverka område ved den fråflytta strandgarden Strandabø.

Artsfunn: Det skal finnast barlind (-/VU) i reservatet, men det er uvisst kvar (Folkestad & Bugge 1988). Elles er det påvist lundgrønaks, myske, hengjeaks, sanikel, breiflangre, kranskonvall, svarterteknapp og vivendel.

Artsutvalet som er dokumentert på Sykkylvensida er omfattande, Ørsta-sida er dårleg dokumentert når det gjeld artsfunn, men er truleg ikkje mykje ulik. Raudlistearten gråspett (DC/NT) er funnen her, LQ 680 130, kjelde: Oddvar Olsen.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av dei store verdiane som er dokumentert i lokaliteten som heilskap. Det er ønskjeleg med betre dokumentasjon av Ørsta-sida.

Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet.

2 Hjørundfjorden: sør for Molaupen (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11002
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 679-682 106-113
Høgde over havet:	0-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)

Mulege truslar: Treslagskifte, hogst, fysiske inngrep, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder: 07.08.1918, Ove Dahl (belegg i Oslo), 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Fylkesmannen i MR (1991, 1997), 26.07.2005, DH, PL

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg søraust for den fråflytta strandgarden Molaupen og består dels av edellauskog. *Vegetasjon:* Lokaliteten har ein del større almetre i bratte berg ned mot sjøen i nærleiken av Molaupfonna. I og ved elvegjelet veks m.a. bjørk, gråor, osp, rogn og ein del alm, og mykje hassel i busksjiktet. Skogen kan i hovudsak førast til rikt hasselkratt og gråor-almeskog, men har òg innslag av gammal lauskog (bjørkeskog). Somme stader er det godt utvikla lågurtvegetasjon i hasselkratta, med mindre flekkar høgstaude- og storbregnevegetasjon. Mykje sølvbunkeeng og store felt med krattlodnegras står att som vitner om ein tidlegare kulturpåverknad.

Kulturpåverknad: Dårlege data. Vegetasjonen tyder på tidlegare beiting. I 2005 fann Dag Holtan og Perry Larsen restar etter ein steingard og hustuffer. Folk på Trandal meiner at her har vore busetnad tidlegare (kjelde: Frank Storeide).

Artsfunn: Ove Dahl har funne lundgrønaks. I 2005 vart det m.a. funne firblad, raudlistearten fuglereir (-/NT), jordnøtt, myske, ramslauk, sanikel, skogfredlaus, skogsvinerot, sumphaukeskjegg og trollurt. Elles vart det funne kystrustkjuke, lungenever og sett spettmeis. Raudlistearten dvergspett (DC/VU) finst i ospeområda, noko upresist stadfesta (kjelde: Oddvar Olsen).

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at her er førekomst av velutvikla, rik edellauskog med fleire kravfulle artar, m.a. fleire raudlisteartar. Ein reknar med at her er potensiale for raudlista marklevande soppartar (ikkje undersøkt). Rike hasselkratt er ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv.

3 Hjørundfjorden: Barlindneset naturreservat (edellauskog, barlindførekomst)

Lokalitetsnummer: 1520-11003
Kartblad: 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89): LQ 68 09
Høgd over havet: 0-600 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauskog
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Hjortebeite på barlind og alm (naturreservat)
Undersøkt/kjelder: 07.08.1918, Ove Dahl (belegg i Oslo), 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), 22.08.1991, A.O. Folkestad (Lindmo et al. 1991), DN (1992), Fylkesmannen i MR (1997), 25. og 26.07.2005, DH, PL

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Trandal/Lyngneset og Molaupen på austsida av Hjørundfjorden, i ei vestvendt, bratt fjordli. Glisne skogbestandar oppsplitta av juv, glatt fjell og skredlaup. Opp til 500-600 m o.h. er det ei lauskogsli med skredmark. Heile skogen har eit konstant innslag av barlind hovudsakeleg frå havnivå og opp til 200 m o.h., men frå båt vart det sett einskilde barlindar høgare oppe i lia. I heile området vart det registrert ca. 100 barlindar (DH & PL). Berre området sør for Barlindneset vart undersøkt til fots (DH & PL), og her vart det telt ca. 50 individ. Det høgaste var 9 m med stammeomkrins 115 cm like over rotsokkelen. Andre tre hadde omkrins opp til 1,6 m. Begge kjønn er representert, og fleire tre hadde velutvikla frø. I tillegg formerer barlinda seg vegetativt. I deler av bestandet er det tydelege merke etter hjortebeite. Første belegg av barlind herifrå er samla av Ove Dahl i 1918.

Vegetasjon: Bjørk er dominerande treslag i området, med innslag av furu (Barlindneset) og alm-hassel-skog. Alm mest høgare oppe, hassel over det heile.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er i dag ikkje nytta til beite eller andre ting, men vegetasjonen tyder på tidlegare beiting.

Artsfunn: Særleg interessant er førekomst av raudlisteartane barlind (-/VU) og kvit skogfrue (R/NT). Av andre interessante artar kan nemnast lakrismjelt (regionalt sjeldan), ramslauk, sanikel, lundgrønaks, myske, skogfredlaus, kusymre, breiflangre, kranskonvall, brunrot, krossved, fagerperikum og vivendel. I 2005 vart det funne raudlistearten fuglereir (-/NT), svarterteknapp, gullkremle (DC/-) og hasselskrubb (R/-). Raudlisteartane dvergspett (DC/VU) og gråspett (DC/NT) finst i ospeområda (kjelde: Oddvar Olsen).

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at dette er ein av dei store barlindførekomstane i fylket, og elles har førekomstar av raudlistearten kvit skogfrue og mange andre kravfulle artar.

Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet.

4 Hjørundfjorden: Storevika (edellauvskog, barlindførekomst)

Lokalitetsnummer:	1520-11004
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 689 077
Høgde over havet:	0-400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	25.07.2005, DH, PL

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg frå sørgrensa for Barlindneset naturreservat og sørover til Lyngneset, i ei vestvendt, bratt fjordli med edellauvskog og barlind.

Vegetasjon: Bjørk er dominerande treslag i området, med innslag av osp og alm-hasselskog. Somme stader er det godt utvikla lågurtvegetasjon i hasselkratta.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er i dag ikkje nytta til beite eller andre ting, men vegetasjonen tyder på tidlegare beiting.

Artsfunn: Særleg interessant er førekomst av raudlistearten barlind (-/VU), som her står på si innergrense i fylket, sjølv om det berre vart sett nokre få tre omkring 200 m høgde. Av andre interessante artar kan nemnast breiflangre, fagerperikum, raudlistearten fuglereir (-/NT), krossved, kusymre, kystgrisøyre, liljekonvall, myske, skogfredlaus, svarterteknapp og vivendel. Av sopp vart m.a. gullkremle (DC/-) og hasselskrubb (R/-) funne. Noko overraskande vart også dei uvanlege regnskogsartane sølvpærelav *Pyrenula laevigata* (-/NT) og vanleg rurlav *Thelotrema lepadinum* funne på hassel. Den raudlista dvergspetten (DC/VU) vart også observert, og hol i osper er det truleg han som har laga.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog med barlind (raudlista i høgare kategori) og fleire andre raudlisteartar. Ein reknar med at her er potensiale for raudlista marklevande soppantar (ikkje undersøkt). Rike hasselkratt er ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv. Lokaliteten kunne ha vore ein naturleg del av barlind-reservatet (sjå Barlindneset naturreservat), og ein bør vurdere ei utviding av dette ved høve.

5 Hjørundfjorden: Trandal-Nes (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11005
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 69 06
Høgde over havet:	25-ca. 200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, skogbruk
Undersøkt/kjelder:	01.08.1918, Ove Dahl (belegg i Oslo), 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), (avstandsbetrakta 06.07.2005, JBJ)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Trandal og Nes på austsida av Hjørundfjorden, i ei sørvestvendt, bratt fjordli. Lia er utsett for ras, og har mest lågvaksen og noko glissen hasselskog, og flekkar med open steinur. Området er undersøkt av Ove Dahl i 1918.

Vegetasjon: Bjørk, gråor, selje, osp og hassel er dominerande treslag. Hassel er stadvis godt utvikla. Det finst og alm, furu og hengjebjørk.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er i dag ikkje nytta til beite, men har vore sterkt beita tidlegare (jf Folkestad & Bugge 1988). Veg mellom Trandal og Nes går i nedkant.

Artsfunn: Ove Dahl har samla kusymre, skogfredlaus, lundgrønaks, vivendel og skogsvingel (sistnemnde oppgjeve som "Nes, Mohlauf", dette kan tyda at arten vart funnen begge stader).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at her er ein edellauvskog med hassel og nokre kravfulle planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen få stå i fred for inngrep. Beiting har forma vegetasjonen i lang tid og burde ideelt sett halda fram.

6 Hjørundfjorden: Trandalsdalen sør for Olajølet (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11006
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 707 069
Høgde over havet:	200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	24.04.2003, GGa (Gaarder 2003c, Trandal kraftverk)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Trandalsdalen sør for Olajølet, på søraustsida av elva, rett aust for eit lite nydyrkingsfelt midt i dalen. Skogen må reknast som middelaldrande med lite daudt trevirke. Lokaliteten har litt diffuse grenser mot mindre varmekjær skog.

Vegetasjon: Gråor er dominerande treslag, men det er og litt hassel, osp og bjørk. Høgstaudevegetasjon pregar feltsjiktet, med innslag av meir lågurtprega vegetasjon på einskilde små ryggar i terrenget. Vanlege artar i feltsjiktet er skogstjerneblom, kvitsymre, sølvbunke, gaukesyre og jordnøtt. I tillegg førekjem typiske høgstauder som strutsvegg, sumphaukeskjegg, mjødur, raud jonsokblom, vendelrot og kvitbladtistel. På tørrare mark veks m.a. markjordbær og blåklukke.

Kulturpåverknad: Relativt liten.

Artsfunn: Det vart m.a. funne myske, hengjeaks og tannrot, elles eit eks. av nattfiol, truleg vanleg nattfiol.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er relativt dårleg utvikla edellauvskog og gråor-heggeskog med stort sett vanlege og trivielle artar. Eit unntak er tannrot, som er rekna for regionalt sjeldan og omsynskrevande (Gaarder & Jordal 2003).

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen få stå i fred for inngrep. Treslagskifte til bartre, og flatehogst vil vera uheldig.

7 Hjørundfjorden: Trandalsdalen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11007
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 705 065
Høgde over havet:	150 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	24.04.2003, GGa (Gaarder 2003c, Trandal kraftverk)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Trandalsdalen langs vegen opp til Trandalssetra, like ovanfor innmarka på Trandal. Her er det eit område med open eng- og lyngmark, stadvis med einer. Lokaliteten er frå tid til anna påverka av skred med varierende tilførsel av lausmassar. Parti med hagemarkspreg er tekne med, avgrensinga er noko grov.

Vegetasjon: Dels G4 frisk fattigeng og dels meir lyngdominert mark.

Kulturpåverknad: Området vart beita til og med 2002, sidan har siste husdyra forlate Trandal og lokaliteten vil etter alt å døma gro att. Mulege inngrep etter registreringsdato er ikkje sjekka. Området var i 2005 beita av sauer frå andre stader (kjelde: Magnar Selbervik).

Artsfunn: Det er notert finnskjegg, lækjeveronika, smalkjempe, tepperot, augnetrøst (truleg kjertelaugetrøst), harerug. Meir sparsamt førekom kystmaure og kystgrisøyre.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt ordinær naturbeitemark, der hevdn no er opphøyr.

Skjøtsel og omsyn

Dersom ein skal bevare naturverdiane bør området beitast utan gjødsling, og ein må unngå større fysiske inngrep.

8 Hjørundfjorden: Rønningen (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11008
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord, 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 70 04
Høgde over havet:	0-100 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	31.07.1918, Ove Dahl (belegg i Oslo), 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Fylkesmannen i MR (1997), 26.07.2005, DH, PL

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt li i Hjørundfjorden sør for Rønningen, som er sørlegaste bruket i Trandalsbygda.

Vegetasjon: Lokaliteten er ein stor, homogen hasselskog med godt utvikla og rik lågurtvegetasjon. Elles finst bjørk, hengjebjørk og selje som splittar opp hasselskogen. Ove Dahl har samla lind i området i 1918.

Kulturpåverknad: Folk busette på Trandal kan fortelle at det over og vest for området tidlegare har vore beite- og slåtteenger. Plantelivet i hasselskogen tydar likevel på låg kulturpåverkad i nyare tid.

Artsfunn: Det er notert myske, skogfredlaus, hengjeaks, myskegras, storklokke, brunrot og vivindel. Ove Dahl har samla lind, lundgrønaks og skogfaks her. I 2005 vart det m.a. funne breiflangre, jordnøtt, kransmynte, lundgrønaks, myske, sanikel, skogfredlaus og skogsvinerot.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er den største og best utvikla hasselskogen i Hjørundfjorden. Potensialet for funn av sjeldsynte eller raudlista soppar vurderast som stort.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane vil vera å la skogen få stå i fred for inngrep. Treslagskifte til bartre, og flatehogst vil vera uheldig.

9 Hjørundfjorden: Linderemmen (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11009
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 71 03
Høgde over havet:	0-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	22.08.1974, Harald Korsmo (Korsmo 1975), 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Fylkesmannen i MR (1997), 26.07.2005, DH, PL

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lise ned mot Hjørundfjorden mellom Trandal og Leknes.

Lokaliteten er særleg interessant fordi han er ein av dei få i fylket med naturleg lindeskog, og dermed ein av dei nordlegaste lindeskogane i verda. Lindebestanden ligg mellom to skredfar og er ca 2 dekar ifølgje Korsmo (LQ 714 033, ED50, 30-80 m o.h.), og avgrensa av rasmark og bjørkeskog. Trea er opptil 300 liter og opptil 10-12 meter høge. Linderemmen er kjent med herbariebelegg heilt frå 1882 (Oslo).

Vegetasjon: I denne lia som heilskap er osp, bjørk og hassel dominerande treslag. Det er eit konstant innslag av alm i heile lia, og i øvre delen finst eit større "reinbestand". Sjølve lindelokaliteten består av raspåverka lindeskog med innslag av hassel, alm, osp og bjørk. Området rundt har rasmarker og bjørkeskog.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det vart m.a. funne myske, lundgrønaks, vivendel, svartburkne, liljekonvall, breiflangre, fagerperikum, kranskonvall, brunrot, fingerstorr, myskegras, storfrytle og krattlodnegras (Korsmo 1975). I 2005 vart det m.a. funne jordnøtt, krossved, lundgrønaks, myske, sanikel, skogfaks (LQ 7145 0292), storklokke og vivendel. Elles vart den raudlista prydhetta (R/-) funne på hassel (LQ 7134 0284). Ein større førekomst av sølvnever på daud selje vart også funne same stad. Raudlistearten gråspett (DC/NT) finst i ospeområda (LQ 710 035, 1998, kjelde: Oddvar Olsen).

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein rik edellauvskog med lind, ein av dei nordlegaste samanhengande lindeskogane, og ein av få lokalitetar med lind i fylket, og elles med ein del kravfulle artar. Potensialet for funn av sjeldsynte eller raudlista soppar vert vurdert som stort. Eventuelle artar knytt til lind vil vera særleg interessante å undersøkje. Slike artar vil her kunne ha nordgrense.

Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv.

10 Hjørundfjorden: lia under Saksa (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11010
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 715-722, 000-026
Høgde over havet:	0-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei bratt, vest-sørvestvendt lise ned mot Hjørundfjorden mellom Maradalen og Leknes. Det er ei beiteprega lauvskogsli

Vegetasjon: I denne lia som heilskap er bjørk og hassel dominerande treslag. Det er eit konstant innslag av alm i øvre del av lia.

Kulturpåverknad: Beiteprega, særleg i sørlege delen mot Leknes (geitebeite, no opphøyr).

Artsfunn: Dårlige data.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på basis av ei noko sparsam skildring av Folkestad & Bugge (1988), men dei solvendte liene i Hjørundfjorden er generelt artsrike og verdifulle. Verdien kan bli sett høgare ved betre undersøkingar.

Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv.

11 Hjørundfjorden: Leknesnakken (olivinfuruskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11011
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 723 004
Høgde over havet:	100-400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Kalkskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hogst, mineralutvinning
Undersøkt/kjelder:	Folkestad & Bugge (1988), 12.09.2005, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei bratt, vestvendt lise ned mot Hjørundfjorden litt nord for Leknes. Lokaliteten er særleg interessant fordi han er ein av få i verda med olivinfuruskog, og samstundes ein av få norske olivinfuruskogar utan tekniske inngrep. Utforming: F0305 serpentinfuruskog.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av olivinfuruskog med innslag av bjørk. Området rundt har rasmarker, rik edellauvskog, gammel lauvskog (mest osp) og bjørkeskog. Midt i lokaliteten er det ein del finkorna rasmark med godt utvikla engvegetasjon. Olivinfuruskogen har både røsslyng-bærlyngskog og lågurtvegetasjon, stadvis med god dekning av mose i botnsjiktet.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det vart m.a. funne blankburkne (spreidd på olivinberg), breiflangre, brunrot, fagerperikum, fingerstorr, fjellarve (spreidd på olivinberg), grønburkne (talrik på olivinberg), kranskonvall, krattlodnegras, liljekonvall, lundgrønaks, myske, storfrytle, svartburkne og vivendel. I lågurtskog er det m.a. mykje blåklokke, blåknapp, blåtopp, hengeaks og fingerstorr, medan ein i rasmarka finn t.d. svært mykje jåblom. Av sopp kan nemnast ein god signalart som gullkremle, som veks stadvis talrikt i olivinfuruskogen. Ut frå funna i dei andre olivinfuruskogane i fylket er det grunn til å vente funn av fleire raudlista soppar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein sjeldan og trua naturtype utan nyare negative inngrep.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om området får skjøtte seg sjølv.

12 Standal: Sætreelva (fossesprøytsone)

Lokalitetsnummer:	1520-11012
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 649 055
Høgd over havet:	150 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Fossesprøytsone
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.06.2003, GGA (Gaarder 2003a, Standal kraftverk)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Standalsdalen, og består av ein del av Sætreelva. Nedanfor den planlagte inntaksdammen dannar Sætreelva ei ganske trong austvendt kløft med bergskrentar og bratte sider som er opptil 10-20 meter høge. Sørsida har mest bergvegger, medan det er meir samanhengande vegetasjon på nordsida. Fossar av betydning vantar, men det er mange stryk.

Vegetasjon: Vegetasjonen verka i hovudsak fattig til middels rik, men einskilde høgstauder som turt opptrer, i første rekkje på nordsida. Mosedominerte fossesprøytsamfunn førekjem fleire stader nær elva.

Kulturpåverknad: Liten, men planer om kraftutbygging. Det er planta ein del gran ut mot kanten til kløfta på nordsida, medan det er til dels hogstflater og glissen bjørkeskog på sørsida.

Artsfunn: Av fuktigheitskrevende lav og mosar vart det berre funne relativt utbreidde artar som raudmuslingmose *Mylia taylorii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit ganske dårleg utvikla fossesprøyt- og bekkekløftsamfunn utan førekomstar av spesielt kravfulle artar.

Skjøtsel og omsyn

Fossesprøyt- og bekkekløftmiljø er generelt sårbare for vass-standsreduksjonar og artsmangfaldet er ofte avhengig av ei konstant høg vassføring, spesielt i vekstsesongen. Dette gjeld truleg i svakare grad for denne lokaliteten enn dei fleste andre slike førekomstar. Det beste for naturverdiane vil derfor vera å la elva få renna fritt som før og samtidig unngå hogst av lauvskogen i og inntil elva. Fossesprøytsoner vert rekna for ein hensynskrevande naturtype (Direktoratet for naturforvaltning 2002).

13 Standal: Flatdalselva (fossesprøytsone)

Lokalitetsnummer:	1520-11013
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 646 060
Høgd over havet:	350-430 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Fossesprøytsone
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.06.2003, GGA (Gaarder 2003b, Dalegjerdet kraftverk)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Standalsdalen, og består av ein del av Flatdalselva. Flatdalselva renn ganske roleg ned mot ca 450 m o.h., for deretter å gå i bratte stryk og mindre fossefall ned mot Sætreelva. Elva dannar ikkje kløfter, og dei fleste fossane er for små til å utvikla spesielle naturmiljø. På et parti rundt 400 m o.h. er det derimot utvikla eit mindre fosserøykmiljø. Sidan det er sørvendt og vassdraget er lite og eksponert, er det truleg at miljøet kan vera relativt tørt i periodar.

Vegetasjon: Mosedominerte fossesprøytsamfunn førekjem fleire stader nær elva.

Kulturpåverknad: Liten, men planer om kraftutbygging.

Artsfunn: Mosefloraen indikerer store variasjonar i fuktighetsforholda og var gjennomgåande artsfattig og triviell med heigråmose som dominerande art. Karplantefloraen var noko meir frodig og artsrik, med innslag av fjellplanter som fjellveronika, fjellsyre, gulsildre og svarttopp. Elles kan nevnt høgstauder som turt, og engplanter som tiriltunge og harerug.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit ganske dårleg utvikla fossesprøytsamfunn utan førekomst av spesielt kravfulle artar.

Skjøtsel og omsyn

Fossesprøytmiljø er generelt svært sårbare for vassstandsreduksjonar og artsmangfaldet er ofte avhengig av ei konstant høg vassføring, spesielt i vekstsesongen. Vesentlege vassstandsreduksjonar vil derfor ofte vera heilt øydeleggjande, og sjølv mindre reduksjonar kan gje alvorlege negative effektar. Det beste for naturverdiane vil derfor vera å la elva få renna fritt som før og samtidig unngå hogst av lauvskogen i og inntil elva.

Fossesprøytsoner vert rekna for en hensynskrevande naturtype (Direktoratet for naturforvaltning 2002).

14 Standalseidet: Standalssetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11014
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 6324 0487
Høgde over havet:	360-380 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	23.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Standalssetra er ein setervoll som ligg på Standalseidet mellom Follestaddalen og Standal, og er omgjeven av dramatisk fjellnatur. Landskapet er ope med små einer og bjørkebusker, og noko meir heipreg enn den nærliggjande Myklebustsetra.

Vegetasjon: Ca. 40% lyngmark med røsslyng og blåbær, bjønnekam og smørtelg, 20% fuktig fattigeng (G1), frisk fattigeng (G4) med kystmaure ca. 10%, sølvbunkeeng (G3) ca. 10%, fattigmyr ca. 5%.

Kulturpåverknad: Beita av storfe. Husa dels vedlikehaldne, dels forfalne, nokre med hyttepreg.

Artsfunn: Av planter kan nemnast m.a. blåkoll, fjellaugnetrøst, harerug, heiblåfjør, heisiv, heistorr, kystmaure, revebjelle og skoggråurt.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei mindre, nokså heiprega naturbeitemark.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att.

15 Standalseidet: Myklebustsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11015
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 616 038
Høgde over havet:	340-360 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	23.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt), 18.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein setervoll som ligg på Standalseidet mellom Follesteadalen og Standal, og er omgjeven av dramatisk fjellnatur.

Vegetasjon: Fuktig fattigeng med heisiv (G1) ca. 20%, sølvbunkeeng (G3) ca. 20%, frisk fattigeng (G4) med kystmaure ca. 50% og einer/blåbær/røsslyng ca. 10%.

Kulturpåverknad: Middels beitetrykk av sau og storfe, men litt oppslag av småbjørk på nedre del av vollen.

Nokre planta graner. Eit 10-tals opprinnelege hus, dels med torvtak, som utgjer ei fin setergrend av kulturhistorisk verdi. Eit par av seterhusa er verna mot ras med ein rasvoll av stein på sida mot fjellet.

Kulturhistoria er skildra av Øye (1980).

Artsfunn: Av planter kan nemnast m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, fjellaugnetrøst, harerug, heiblåfjør, heisiv, heistorr og kystmaure. Av sopp i 2006 kan nemnast raudlisteartane gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes*, 3 *mycel* (DC/NT), *Hygrocybe subpapillata* (-/VU, kjem altså inn på raudlista i 2006), grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (V/VU), dessutan tjøreraudskivesopp *Entoloma poliopus*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei større, intakt naturbeitemark som og har eit oseanisk særpreg med ein del kystmaure, heisiv og heistorr, dessutan fleire raudlisteartar, mellom desse to i kategori VU - sårbar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att.

16 Norangsfjorden: Leknes (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11016
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 72 99
Høgde over havet:	0-510 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Skogsdrift/treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	06.08.1918, Ove Dahl (belegg i Oslo), Folkestad & Bugge (1988), 26.08.1988, O. A. Bugge & JBJ (Bugge 1993), Fylkesmannen i MR (1997), Holten & Brevik (1998), 23.05.1999, DH, KJG, september 2004, DH, PL, 12.09.2005, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Leknes på nordsida av Norangsfjorden, i ei middels bratt, sørvendt li. Lokaliteten er særleg interessant på grunn av betydeleg innslag av storvaksen sommareik, ein av dei få lokalitetane i fylket. Lokaliteten vart foreslegen som naturreservat i verneplanen for edellauvskog (Bugge 1993), men vart seinare teken ut. Avgrensinga er her om lag som i reservatforslaget, men øvre deler er teke ut, desse har lågurtbjørkeskog ifølgje Holten & Brevik (1998).

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av lågurtteikeskog i nedre deler, elles er det ein del hasselskog, mykje bjørkeskog med hassel, osp, bjørk, furu m. m. Osp særleg i øvre deler.

Kulturpåverknad: Fram til 2004-2005 relativt mykje beita av geit. I 2004 vart det funne at eika igjen foryngar seg etter at geitebeitet tok slutt. Veg og kraftlinje i nedkant. Gran finst planta i lia.

Artsfunn: Særleg interessant er ein stor bestand av raudlistearten kvit skogfrue (R/NT), den største i fylket så langt ein veit (over 550 eks. telt i 1999, 500 eks. vart funne 10-50 m o.h., 40-50 eks. 150-225 m o.h., kjelde: Dag Holtan). Det er elles funne m. a. blå rapp, breiflangre, brunrot, fagerperikum, fingerstorr, firblad, raudlistearten fuglereir (-/NT), furuvintergrøn, hengjeaks, jordnøtt, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, krattlodnegras, kusymre, kvitsoleie, kystgrisøyre, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, nattfiol, ramslauk, raudknapp, sanikel, skogbjønnebær, skogfaks, skogsvinerot, småsmelle, storblåfjør, svartburkne, trollurt, vivendel og vårmarihand. Av mosar er det funne ryemose, kammose, kysttornemose og putevrimose (Holten & Brevik 1998). Av lav er det funne skjelglye, vanleg blåfjiltlav, småfjiltlav, flishinnelav, lungenever, skrubbenever, kystvrenge, grynvenge, grynfiltilav, stiftfiltilav, pulverragg m.m. (KJG 1999, O), og kystårenever (Holten & Brevik 1998). Marsipankremle (R/-) og eikemusserong vart funne i 2005 som nye for området, sistnemnde òg ny for fylket. Den raudlista kvitryggspetten (V/NT) hekkar i området (funne i 1999 av DH & KJG), og i 2005 vart han observert på nytt (DH).

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog med ein større bestand av sommareik med eit svært artsrikt feltsjikt, m.a. den største bestanden i fylket av raudlistearten kvit skogfrue og ei rekkje andre sjeldne, kravfulle og varmekrevande artar av planter og sopp, og dessutan kvitryggspett.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten var foreslått som naturreservat, men dette vart det ikke noko av. Det har vore diskusjon om effektane av det sterke geitebeitet, men dette er no historie. Det er viktig å unngå fysiske inngrep og treslagskifte. Eik, osp og hassel bør ikkje hoggast. Ein bør undersøkje om opphøyr av beiting kan vera uheldig for nokre artar.

17 Urke: Haukåsetra (Ytre Urkesetra) (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11017
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 7448 0243
Høgde over havet:	220-250 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Langesæterdalen nord for Urke i Norangsfjorden.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med jordnøtt (truga vegetasjonstype) rundt 40%, sølvbunkeeng ca. 40%, blåbær/smyle-vegetasjon 20%.

Kulturpåverknad: Verka gjødsla (sølvbunke og kvitkløver) på deler av vollen. Beita. Hus i ei klynge, fint restaurerte. Steingjerde og fine søyle-einerar lenger opp. Bilveg går forbi like ovafor husa.

Artsfunn: Av planter kan nemnast m.a. blåklokke, blåkoll, hestespreng, jordnøtt, revebjelle og skoggråurt. Beitemarkssoppen *Hygrocybe helobia* vart funnen, og det er potensiale for fleire slike artar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med innslag av ein truga vegetasjonstype og nokre interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att.

18 Urke: aust for Myrsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11018
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 7568 0201
Høgde over havet:	400 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av slått/beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Langesæterdalen nord for Urke i Norangsfjorden.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) rundt 30%, alpin røsslynghei 30%, finnskjeggen 20%, blåbær/smyle-vegetasjon 20%.

Kulturpåverknad: Beita av storfe (18 kviger ved besøket). Kraftutbyggingsplaner.

Artsfunn: Av planter kan nemnast m.a. beitesvæve, blåklokke, raudlistearten brudespore (-/NT), dvergjamne, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, heiblåfjør, jonsokkoll og stjernesildre.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med m.a. raudlistearten brudespore.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att.

19 Urke: Årskreda (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11019
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 7366 0166

Høgde over havet:	100-300 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Naturbeitemark, sørvendt berg og rasmark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg like nord for Urke i Norangsfjorden, i ei austvendt dalside, og er ein kombinasjon av rasmark og naturbeitemark.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4, dels med jordnøtt) og blåbærdominert vegetasjon i omtrent 50-50-blanding. Stort sett open, beita snørasmark med litt gråor og bjørk, innslag av alm i nærområdet nordafor.

Kulturpåverknad: Beita av geit og storfe, mest i nedre deler. I øvre deler har dette truleg vore sauebeite, men sau vart ikkje observert under besøket.

Artsfunn: Av planter kan nemnast m.a. beitesvæve, skogkarse, blåklokke, blåknapp, brunrot, engsmelle, gjeldkarve, heiblåfjør, hengjeaks, hestespreng, hårsvæve, jordnøtt, kjertelaugnetrøst, knegras, kratthumleblom, markjordbær, revebjelle, skoggråurt, smalkjempe, småengkall og småsmelle.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei stor naturbeitemark med eit godt artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att.

20 Urke: Storedalselva, nedre del (fossesprøytsone)

Lokalitetsnummer:	1520-11020
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 747 021
Høgde over havet:	160-250 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Fossesprøytsone
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	10.06.2003, GGa (Gaarder 2004, Urkeelva)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Norangsfjorden, og består av nedre del av Storedalselva. Elva dannar eit trengt gjel med fleire fossefall. På ei strekning på rundt 300 meter fell elva bortimot 90 meter og mykje av dette skjer via 2-3 fossar i nedre deler av gjelet. Elveløpet er svingete og vestvendt, og einskilde parti på sørsida av elva vert liggjande relativt skuggfullt. Landskapsforma, eksposisjonen og fossefalla fører til at det er gjennomgåande høg til svært høg luftfuktighet i kløfta.

Vegetasjon: Mosedominerte fossesprøytsamfunn førekjem fleire stader nær elva. I litt større avstand frå fossane og meir oppe i lisdene er det til dels frodige høgstaudeenger.

Kulturpåverknad: Liten, men det er gitt konsesjon til kraftutbygging.

Artsfunn: Karplantefloraen verkar ikkje spesielt interessant, men omfattar m.a. høgstaudeartar som kvitsoleie, vendelrot, geitrams og store bregneartar. Derimot er mosefloraen vesentlig meir rik og interessant. Dei fuktigaste og potensielt mest interessante partia vart ikkje undersøkt fordi dei var vanskelege å koma til. Fleire velutikla fossesprutparti vart undersøkt og omfatta m.a. lokalt god forekomst av prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, heimose *Anastrepta orchadensis* og raudmuslingmose *Myliia taylorii*. Prakttvibladmose vart samtidig observert dekkjande større flater på store steinblokker inntil elva. Prakttvibladmose er knytt til dei mest fuktige og nedbørrike områda på Vestlandet og førekjem omtrent utelukkande på stader med årleg nedbør over 2000 mm (jfr. kart side 56 hos Moen 1998). Den er samtidig ein karakteristisk art for eit særprega samfunn av store oseaniske levermosar der fleire artar er svært sjeldne og truga. Arten er i Møre og Romsdal tidlegare funne nokre få stader på Sunnmøre (Vanylven, Herøy, Sandhornet i Ørsta) og ytre Romsdal (Jørgensen 1934), og førekomsten langs Storedalselva er den første i dette området.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er velutvikla fossesprøytsamfunn med førekomst av kravfulle moseartar.

Skjøtsel og omsyn

Fossesprøytmiljø er generelt svært sårbar for vass-standsreduksjonar og artsmangfaldet er ofte avhengig av ei konstant høg vassføring, spesielt i vekstsesongen. Vesentlege vassstandsreduksjonar vil derfor ofte vera heilt

øydeleggjande, og sjølv mindre reduksjonar kan gje alvorlege negative effektar. Det beste for naturverdiane vil derfor vera å la elva få renna fritt som før og samtidig unngå hogst av lauvskogen i og inntil kløfta. Dette er eit av få velutvikla fossesøyksamfunn som er kjent frå Sunnmøre. Fossesprøytsoner vert rekna for en hensynskrevande naturtype (Direktoratet for naturforvaltning 2002).

21 Norangsfjorden: Urke-Øye (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11021
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 76 99
Høgde over havet:	0-400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	Rekdal (1987b, vegetasjonskart), 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), 28.06.1988, O.A. Bugge & JBJ (Bugge 1993), Fylkesmannen i MR (1997), 18.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Norangsfjorden mellom Øye og Urke, og består av ei sørvendt lauvskogsli med mange skredlaup og sva, og innslag av edellauvskog. 28.06.1988 vart det undersøkt og teke plantelister m.m. ved Hoggargjølet (LP 766 995) og Skredene (LQ 750 002). 18.09.2006 vart det leita sopp ved LP 765 994. Avgrensinga er basert på Folkestad & Bugge (1988), men burde vore basert på nytt feltarbeid.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av gråor-almeskog, særleg i vestre del. Lenger aust er det bjørkeskog med innslag av hassel, alm og osp. I øvre del finst fine ospebestandar. Somme stader er det gråor-heggeskog eller opne rasmarker med m.a. engvegetasjon og tørrbergvegetasjon.

Kulturpåverknad: Veg og kraftline i nedkant av lia og fleire mindre granplantefelt. Namn som Slåtteremane viser at her har vore slått i tidlegare tider.

Artsfunn: I dette området ("Rota") har Ove Dahl samla bergmynte 24.07.1918 (belegg i Oslo). Nemneverdige planter i lokaliteten (eigne lister 1988 og 2006): bergfrue, brunrot, gjeldkarve, grov nattfiol, haremat, hengjeaks, hestespreng, hundekveke, jordnøtt, kratthumleblom, lundrapp, myske, raudhyll, revebjelle, sanikel, skogsalat, skogstorr, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, småsmelle, storklokke, strutseving, sumphaukeskjegg, svartburkne, taggbregne, trollbær og trollurt. Av sopp i 2006 kan nemnast dei tidlegare raudlisteartane *hasselskrubb* *Leccinum pseudoscabrum* (R/-, går altså ut av raudlista i 2006) og gullkremle *Russula aurea* (DC/-, går altså ut av raudlista i 2006), dessutan lodden begermorkel *Helvella macropus*, honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, hasselriske *Lactarius pyrogalus* og smørkremle *Russula lutea*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit område med rik edellauvskog utan store dokumenterte verdiar. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setja verdien høgare.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå inngrep som større flatehogstar og treslagskifte. Avgrensinga burde vore revurdert basert på nye undersøkingar i felt.

22 Norangsfjorden: Raudeneset aust for Urke (olivin)

Lokalitetsnummer:	1520-11022
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 750 999 er Raudeneset
Høgde over havet:	20 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.08.1967 M. & R. Nordhagen (belegg i Oslo), 12.08.1968, T. Urke (belegg i Oslo)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Norangsfjorden, og består av eit olivinområde ovafor dyrkamarka. Området langs vegen er oppdyrka, men ein finn att olivin i strandsona. Lokaliteten er ikkje undersøkt på nytt.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av noko skogledd olivinsteinsmark.

Kulturpåverknad: Ned mot fjorden er lokaliteten øydelagt av veg og oppdyrking, lenger opp er status ikkje sjekka.

Artsfunn: Nordhagen fann blankburkne i mengdevis i 1967. Urke fann krysningen mellom grønburkne og brunburkne i 1968.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet med nokre interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå vesentlege fysiske inngrep. Lokaliteten bør undersøkast på nytt.

23 Norangsfjorden: Stenes (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11023
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 7498-7598
Høgde over havet:	0-200 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12.10.1993, JBJ (Jordal & Gaarder 1993)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på sørsida av Nordangsfjorden og er eit stort, dels skoglaust geitebeite som i tillegg er påverka av snørras. Ifølge dei som bur der, hadde rasmarkene vore skogkledd til rundt andre verdskrigen.

Vegetasjon: Vegetasjonen er i dag i hovudsak frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten vart beita i 1993 (gjaldt også i 2005), og er truleg relativt lite gjødsla.

Artsfunn: Det vart berre funne fire artar av beitemarkssopp, mellom desse var skarlagenvokssopp.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med interessant vegetasjon og flora.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

24 Norangsfjorden: Øye (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11024
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 78 98
Høgde over havet:	ca. 50-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), JBJ & O.A. Bugge 28.06.1988 (Bugge 1993), Fylkesmannen i MR (1997), 03.04.1999, Melby & Gaarder (2001b: Verdier i Norangselva)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt li i botnen av Norangsfjorden ved Øye, og består av ei rik lauvskogsli med innslag av edellauvskog.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av bjørkeskog med hassel, gråor og hegg og det er varierende innslag av alm, ask og platanlønn.

Kulturpåverknad: Det er somme stader mykje platanlønn. Innslag av planta gran.

Artsfunn: Av varmekjære og kravfulle artar knytt til edellauvskog er det funne breiflangre, brunrot, haremat, hengjeaks, hestespreng, hundekveke, kratthumbleblom, kvitsoleie, lilejkonvall, lundrapp, myske, myskegras, piggstorr, raudhyll, sanikel, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, strandrøy, tannrot og trollurt. Det kan ha vore her Nordhagen fann raudlistearten kvitkurle (DC/VU) i august 1968 ("i en li opp for Øye"). Det er nokså uvisst om denne finst her framleis pga. attgroing, funnstaden er også uvisst.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei middels velutvikla edellauvskog med nokre interessante artar (same verdisetting som Melby & Gaarder 2001b).

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiene er at området får liggja i fred, men platanlønn skulle ideelt sett vore fjerna, noko som etter kvart er eit omfattande arbeid. Platanlønn er ein innført art som no spreier seg ukontrollert.

25 Norangsfjorden: Øyevika/Norangsvika (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer:	1520-11025
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 77 97
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvassdelta
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Holten et al. (1986b), Fylkesmannen i MR (1997), 03.04.1999, Melby & Gaarder (2001b: Verdier i Norangselva)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Øye i botnen av Norangsfjorden, ved utløpet av Norangselva. Lokaliteten er ei grusøyr på begge sider av elveutløpet, eit typisk fjorddelta.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av strandenger med krypkveinenger, elles saltsivenger, raudsvingel-tirlunge-fjørekoll-eng, taresaltgras-grusstrand, hestehavre-voll og høgurt-fleirårsvoll.

Kulturpåverknad: Elveforbygging på begge sider av elveutløpet, grustekt, småbåthamn med steinfylling i sjøen.

Artsfunn: Lokaliteten vart karakterisert som middels artsrik (51 planteartar) med for det meste trivielle artar.

Ansvarsarten fjordskjørbuksurt er funnen (31.07.1928, Astrid Karlsen, BG). Området har også viltfunksjon, og fungerer særleg som kvileplass og matleitingsområde for våtmarksfugl.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit brakkvassdelta med lite attverande intakte strandenger og noko trivielt artsutval (same verdisetting som Melby & Gaarder 2001b).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

26 Norangsdalen: Konedalen (rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1520-11026
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 771 958
Høgde over havet:	800-900 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Gunnar Wangen (pers. medd.) tidspunkt ukjent

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Konedalen på austsida av Jakta mellom Hjørundfjorden og Øye, og er funnen av Gunnar Wangen, Ørsta. Avgrensinga er nokså grov.

Vegetasjon: Lokaliteten består truleg av eit område med kalkkrevande fjellplanter.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det er funne m.a. raudlistearten brudespore (-/NT), jåblom og truleg vårmarihand, som er regionalt uvanlege planter.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

27 Norangsdalen: sør for Lunheim (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11027
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord

UTM (EUREF 89): LP 795 968
Høgde over havet: 60-70 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 03.04.1999, Melby & Gaarder (2001b: Verdier i Norangselva)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i nedre del av Norangsdalen, ved Tverråa sør for Lunheim. Det er eit lite parti med artsrik, gammal beitemark.

Vegetasjon: Vegetasjonen er i hovudsak frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita, og truleg relativt lite gjødsla.

Artsfunn: Det vart funne finnskjegg, harerug, tepperot, blåklokke og nattfiol (truleg grov nattfiol).

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med nokre interessante planter (same verdisetting som Melby & Gaarder 2001b).

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

28 Norangsdalen: Skylstad (edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1520-11028
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 805 975
Høgde over havet: ca. 150-200 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder: 03.04.1999, GGa, Melby & Gaarder (2001b: Verdier i Norangselva)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av eit parti med sørvendt, lågurtprega almeskog i ei bratt, sørvendt lisode. I tillegg er det innslag av ein del rasmark med noko fattigare vegetasjon.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av bjørkeskog med hassel, gråor og hegg og det er varierende innslag av alm, ask og platanlønn.

Kulturpåverknad: Området er ikkje påverka av treslagskifte og er generelt lite prega av inngrep i nyare tid.

Artsfunn: Floraen er relativt rik og omfattar fleire noko kravfulle artar som lundgrønaks, junkerbregne, tannrot, myske, sanikel, gullstjerne og lerkespore, i tillegg vart den omsynskrevende sopparten rustkjuke (DC/-) påvist på hassel. Raudlistearten klosterlav *Biatoridium monasteriense* (NT) vart påvist på gammel alm ca. 120 m o.h.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit edellauvskogsområde med nokre interessante artar og ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og omfattande hogst.

29 Norangsdalen: Stavbergsetra m.m. (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11029
Kartblad: 1219 II Geiranger
UTM (EUREF 89): LP 824-825, 930-936
Høgde over havet: ca. 220 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 14.09.1994, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1995), 18.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Norangsdalen, sør for Stavbergvatnet. Det er eit større område med raspåverka, gammal beitemark, samt den opne setervollen på Stavbergsetra. Området er heilt ope, med ein einerbakke nord for setrane. Husa er små og står bygd oppunder store steinar for å berga seg mot snørasa. Ved elva er det ei større elveslette.

Vegetasjon: Vegetasjonen er i hovudsak frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita, og truleg lite gjødsla.

Artsfunn: Det vart i 1994 funne 8 artar av beitemarkssopp, mellom desse to raudlisteartar: raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (DC/NT) og *Entoloma exile* (DC/-). Floraen var triviell, men med eit bra innslag av "naturengartar", t.d. blåklokke, engfrytle, geitsvingel, gulaks, harerug, jonsokkoll, kattedot, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, tepperot og tiriltunge.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med nokre interessante planter og beitemarkssoppar, m.a. to raudlisteartar i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

30 Norangsdalen: under Skjerdingsstindane (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11030
Kartblad:	1219 II Geiranger
UTM (EUREF 89):	LP 815-825, 912-951
Høgde over havet:	210-500 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	18.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Dette er ein langstrekt lokalitet med beita snørasenger på vestsida av Norangsdalen, omlag frå kommunegrensa mot Stranda midt i dalen, og nordover forbi Stavbergvatnet. Lokaliteten består av bratte, austvendte dalsider der det går snøras omtrent over alt.

Vegetasjon: Vegetasjonen er om lag 50% frisk fattigeng (G4), rundt 30% meir lesideprega vegetasjon med blåbær og firkantperikum (kan vera eit attgroingsstadium), rundt 10% storbregnevegetasjon og ca. 10% beitepåverka bjørkekratt.

Kulturpåverknad: Området er beita av sau og storfe.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, harerug, hestespreng, hårsvæve, jonsokkoll, musøyre, rosenrot, skoggråurt, skogkarse, tiriltunge og trefingerurt.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er eit større område med intakt naturbeitemark i beita snørasenger. Slike beita snørasenger er typiske for vårt fylke, men utgjer små areal og er sjeldne elles i landet. Dette er truleg eit av dei mest velutvikla områda i Møre og Romsdal.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

31 Norangsdalen: Urdasætra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11031
Kartblad:	1219 II Geiranger
UTM (EUREF 89):	LP 825-826, 920-923
Høgde over havet:	250 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	14.09.1994, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1995), 18.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Norangsdalen, sør for Urdvatnet. Det er eit større område med raspåverka, gammal beitemark, samt den opne setervollen på Urdasætra. Området er heilt ope med lite forveda planter, noko som kan

tilskrivast ein kombinasjon av snørås og beiting. Seterhusa ligg i ly for snøråsa av nokre bergknausar og store steinar som vernar mot det verste trykket.

Vegetasjon: Vegetasjonen er i hovudsak frisk fattigeng (G4). Rundt Urdasetra var det ein del nitrofile (gjødselkrevande) planter, elles var vegetasjonen mykje som på Stavbergsetra. Beitemarksvegetasjonen var nokså triviell.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita, og truleg lite gjødsla med unntak av området ved setrene.

Artsfunn: Det vart i 1994 funne 7 artar av beitemarkssopp, m.a. raudlistearten gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT). Av sopp i 2006 kan nemnast gul småfingersopp *Clavulinopsis helvola*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*. Floraen var triviell, men med eit bra innslag av "naturengartar", t.d. blåklokke, engfrytle, geitsvingel, gulaks, harerug, jonsokkoll, kattefot, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, tepperot og tiriltunge.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med nokre interessante planter og beitemarkssoppar, m.a. ein raudlisteart i lågare kategori.

Skjøtsel og omsyn

Beitinga bør halda fram.

32 Sæbø: Bondalselva, utløpet (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer:	1520-11032
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 688 996
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvassdelta
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fylkesmannen i MR (1997), 07.07. + 22.07.2005, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved utløpet av Bondalselva, og er nærast eit tvillingdelta. Sjølve Bondalselva er forbygd heilt ut i sjøen, men på sørsida av elveutløpet kjem det ut ein bekk i Hustadvika. Mellom desse utløpa ligg eit område med velutvikla strandenger.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av brakkvassenger.

Kulturpåverknad: Bondalselva er forbygd ut i sjøen, elles er det fylt ut industriområde mot strandengene sør for elveutløpet.

Artsfunn: Det vart notert m.a. fjørekoll, saltbendel, saltsiv, strandkjeks, strandkjempe, strandsauløk, fjordskjørbuksurt (norsk ansvarsart), taresaltgras, gåsemure, krypkvein og strandkryp.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit mindre, delvis intakt deltaområde med nokre intakte brakkvassenger og einskilde interessante planteartar. Lokaliteten har desutan viltfunksjon.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep.

33 Hjørundfjorden: Hustadnes (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11033
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 69-70 99
Høgde over havet:	ca. 0-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Fylkesmannen i MR (1997)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg like sør for Hustadnes ved Sæbø, i ei bratt, austvendt li ned mot Hjørundfjorden. Alm står heilt frå toppen og ned til fjorden. I nord grensar lokaliteten til beitemark. 5,5 dekar er verna gjennom kommunal reguleringsplan.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av storvaksen almeskog. Elles er det innslag av hassel, bjørk, osp og gråor.

Kulturpåverknad: Dårlege data. Grensar mot beitemark i nord.

Artsfunn: Ingen data ut over treslag.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med rik edellauvskog med godt utvikla tresjikt av alm.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå større inngrep som omfattande vedhogst og treslagskifte.

34 Hjørundfjorden: Skår (kalkrike område i fjellet)

Lokalitetsnummer:	1520-11034
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 710 960
Høgde over havet:	ca. 300-350 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	23.08.2005, FGO (Oldervik 2005c)

Områdeskildring

Generelt: Snøleie som tydeleg er påverka av baserikt sigevatn.

Vegetasjon: Lokaliteten har ein vegetasjon som delvis er fuktkevjangende og delvis basekevjangende, og har element frå både rike engsnøleie og nordvendte kystberg.

Kulturpåverknad: Truleg noko påverka av husdyrbeite.

Artsfunn: Av karplanter kan nemnast bjønnbrodd, stjernestorr, gulstorr, gulsildre, raudsildre, skogmarihand og dvergjamne. Av mosar kan nemnast raudmuslingmose *Mylia taylorii* og gullhårrose *Breutelia chrysocoma*.

Sistnemnde er ein relativt kravfull art som er ein indikator på oseaniske tilhøve med stabil, høg luftfuktigheit.

Verdivurdering: I og med at berggrunnen jamt over er fattig i området, i tillegg til at nokre av moseartane på lokaliteten er fuktkevjangende, så vert lokaliteten plassert i kategori C (lokalt viktig).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå tekniske inngrep på lokaliteten.

35 Storfjorden: Stålbergneset-Gallsteinane (under Blåhornet) (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11035
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 728-742, 954-981
Høgde over havet:	ca. 0-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Bugge (1993), Fylkesmannen i MR (1997)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt fjordli i Hjørundfjorden sør for Norangsfjorden, med lauvskog som stadvis er raspåverka og glissen.

Vegetasjon: Lokaliteten har fleire almebestandar, ein i nord og ein under Blåhornet. Hasselskogar dominerer. I skredurene er det frodig lauvskog med m.a. gråor-heggeskog. Det finst ein god del bjørk og osp.

Kulturpåverknad: Heilt i sør er det eit mindre felt med planta gran ved Gallsteinane.

Artsfunn: Lite botaniske data ut over treslaga. Raudlisteartane gråspett (DC/NT) og kvitryggspett (V/NT) finst i ospeområda ved Gallsteinane, dessutan grønspeitt. Gråspett er og notert ved Stålbergneset ved LP 733 975 (kjelde: Oddvar Olsen). Kvitryggspett er påvist ved LP 731 978 i 1990 (Stenberg 2000a).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med rik edellauvskog med godt utvikla tresjikt av alm.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå større inngrep som omfattande hogst og treslagskifte.

36 Storfjorden: Sævåg (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11036
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 748-752, 937-943
Høgde over havet:	ca. 0-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt fjordli i Hjørundfjorden eit par kilometer nord for Viddal, med bergsua og hasselskog som stadvis er raspåverka og glissen.

Vegetasjon: Hasselskogar dominerer.

Kulturpåverknad: Ingen data.

Artsfunn: Lite botaniske data ut over treslaga.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med hasselskog som tilhøyrrer naturtypen rik edellauvskog.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå større inngrep som omfattande hogst og treslagskifte.

37 Storfjorden: Vuvika (skogsbeite)

Lokalitetsnummer:	1520-11037
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 755 926
Høgde over havet:	ca. 0-200 m
Hovudnaturtype:	Skog, kulturlandskap
Naturtype:	Rik edellauvskog, skogsbeite
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, opphøyr av beiting
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt fjordli i Hjørundfjorden ein dryg kilometer nord for Viddal.

Lokaliteten har dårlege data og burde vore undersøkt på nytt.

Vegetasjon: Vegetasjonen er beitepåverka bjørkeskog med ein del store, fine almetre.

Kulturpåverknad: Lia har vore beita, men ikkje dei siste tre åra (kjelde: landbrukskontoret i Ørsta).

Artsfunn: Lite botaniske data ut over treslaga.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med skogsbeite og dessutan innslag av almeskog som tilhøyrrer naturtypen rik edellauvskog.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå større inngrep som omfattande hogst og treslagskifte. Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

38 Storfjorden: Kvamseelva naturreservat (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11038
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 72 91
Høgde over havet:	ca. 0-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hjortebeiting på alm (naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Bugge (1993), Fylkesmannen i MR (1997), (avstandsbetrakta 21.07.2005, JBJ)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg nord for Finnes i Storfjorden. Det er ei søraustvendt lauvskogsli med store alme- og hasselbestandar. I sør er det gråorskog på ei austvendt grusvifte. I skredrennene er det bjørk-, hassel og gråorskog, med innslag av selje og rogn.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av gråor-almeskog og dels av gråor-heggeskog, blanda med ulike typar bjørkeskog med hassel.

Kulturpåverknad: Dårlege data. Litt planta gran observert nordover mot Kolsjeneset.

Artsfunn: Det er oppgjeve m.a. burot, brunrot, kratthumleblom, hundekveke, kransmynte, skogsvinerot, stornesle, myske, skogvikke, storklokke, strandrøyr, krossved, lundgrønaks, storfrytle og kjempesvingel.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein større lokalitet med rik edellauvskog med godt utvikla tresjikt av alm og hassel.

Skjøtsel og omsyn

Her gjeld forskriftene for reservatet. Planta gran bør fjernast.

39 Viddal: sør for Hole (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11039
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 7551 9156
Høgde over havet:	ca. 10-100 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	21.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg like sør for Hole i Viddal i indre del av Hjørundfjorden, og er eit geitebeite med 90% naturbeitemark og 10% hagemark. Eit lokalnamm er Seljebakkplassen.

Vegetasjon: Sølvbunkeeng (G3) med krattlodnegras og smørtelg utgjorde rundt 70%, frisk fattigeng (G4) ca. 20% og gråorkratt ca. 10%.

Kulturpåverknad: Geitebeite. Det er stadvis litt nitrofilt og verkar artsfattig.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, revebjelle og smørtelg, men ingen særleg interessante artar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit trivielt mangfald.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att.

40 Viddal: Bardsje 1 (skogsbeite)

Lokalitetsnummer:	1520-11040
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 7799 9148
Høgde over havet:	ca. 270-320 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Skogsbeite
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	24.08.2005, FGO (Oldervik 2005b)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom traktorvegen som går opp til Elbertstøylen og Viddalselva. Landskapet her er relativt flatt og er tettast tresett nærast elva. Jorda verkar mange stadar å vera ganske feit, men det er ikkje tilført anna gjødsel enn det beitedyra naturleg legg att.

Vegetasjon: Trevegetasjonen består hovudsakleg av gråor, men ein finn og artar som litt selje, rogn og bjørk. Bortsett frå eit mindre område med gran, så kan vel det meste av skogen best karakteriserast som flaummarksskog. Grunna beitinga finn ein i feltsjiktet likevel ganske mange naturengplantar.

Kulturpåverknad: Det mest synlege sporet etter menneskeleg aktivitet i området må seiast å vera den relativt nye traktorvegen. Den gamle sledevegen som tidlegare vart nytta m.a. for å bringa mjølka ned frå setra ser ein og

spor etter der ikkje nyvegen er lagt på same staden. Elles verkar det som om det har vore god kontinuitet i slått/beitepåverknaden her.

Artsfunn: Utanom trevegetasjonen vart følgjande karplantar notert på lokaliteten; myrflol, blåbær, krekling, skrubbær, kystmaure, gulaks, engkvein, engsyre, tepperot, lækjeveronika, finnskjegg, blåklokke og grasstjerneblom. Av sopp vart det ikkje funne anna enn nokre få trivielle artar.

Verdivurdering: Potensialet for funn av raudlista beitemarkssopp eller mykorrhizasopp verkar ikkje særleg stort. Dessutan er lokaliteten relativt liten. Den er likevel velhevd og kontinuiteten verkar å vera god. Ein har førebels vald å setja verdien til C (lokalt viktig). Eventuelle seinare funn av raudlisteartar kan gjera at verdien må oppjusterast.

Skjøtsel og omsyn

I og med at dette er eit skogsbeite, så er det ikkje noko mål at lokaliteten skal ryddast for trevegetasjon. Ein skal likevel vera på vakt slik at krattskog ikkje tek overhand i dei biologisk mest interessante områda. Viktigast er det at beitinga held fram slik som før og at ein unngår å gjødsla. Særleg er bruk av kunstgjødsl skadeleg for det biologiske mangfaldet på lokaliteten. Også større tekniske inngrep i området nærast elva bør unngåast.

41 Viddal: Bardsje 2 (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11041
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 7772 9176
Høgde over havet:	ca. 280-300 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	24.08.2005, FGO (Oldervik 2005b)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved traktorvegen som går opp til Elbertstøylen og strekkjer seg litt opp i lia. Landskapet her er relativt slakt, men vert brattare etter kvart oppover lia. Det vert også meir skog jo høggre ein kjem. Sjølv om jorda einskilde stadar verkar å vera litt feit, så er det ikkje tilført anna gjødsl enn det beitedyra naturleg legg att.

Vegetasjon: Trevegetasjonen består hovudsakleg av gråor, men ein finn og artar som litt einer, selje, rogn og bjørk. Grunna beitinga finn ein i feltsjiktet ganske mange naturengplantar.

Kulturpåverknad: Det mest synlege sporet etter menneskeleg aktivitet i området må seiast å vera den relativt nye traktorvegen. Den gamle sledevegen som tidlegare vart nytta m.a. for å bringa mjølka ned frå setra ser ein og spor etter der ikkje nyvegen er lagt på same staden. Elles verkar det som om det har vore god kontinuitet i slått/beitepåverknaden her.

Artsfunn: Utanom den spreidde trevegetasjonen vart følgjande karplantar notert på lokaliteten: kvitkløver, augnetrøyst, ryllik, lækjeveronika, gulaks, hestespreng, revebjelle, geitsvingel, blåklokke, blåkoll, harestorr, kystmaure og tepperot. Av sopp vart det funne to raudlista artar: grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (V/VU) og gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT), den siste vert funne fleire stadar på lokaliteten.

Verdivurdering: Lokaliteten er relativt stor og ser ut til å ha god kontinuitet i skjøtselen, samt at han er i god hevd i dag. Funn av både sårbar og omsynskrevjande sopp, samt potensiale for funn av fleire raudlisteartar, gjer at ein har sett verdien til A (svært viktig).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør vera på vakt slik at krattskog ikkje får lov å spreia seg i dei biologisk mest interessante områda. Viktigast er det at beitinga held fram slik som før og at ein unngår å gjødsla. Særleg er bruk av kunstgjødsl skadeleg for det biologiske mangfaldet på lokaliteten. Også tekniske inngrep i området må unngåast.

42 Bjørke: sør for Leira (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1520-11042
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 735 875
Høgde over havet:	300-700 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Nordvendt kystberg og blokkmark
Prioritet:	B (viktig)

Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: Kavlie (1970)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten som er undersøkt i hovudfagsoppgåva til Kavlie er den bratte, nordvendte fjellsida rett sør for Leira og nordvest for Tussenuten. Dette var 1967-69 ein rik lokalitet for oseaniske mosar. Det undersøkte området ligg oppover frå 200-300 m i eit område der det ofte ligg skodde. Avstandsbetraktning 21.07.2005 (JBJ) tyder på at lokaliteten vert påverka av jamnlege snøras, og derfor er delvis skoglaus, men kan likevel vera i attgroing som følgje av opphøyr i beiting.

Vegetasjon: Lokaliteten er eit moserikt område i bratt terreng med nordvendte snørasenger, elles dårlege data.
Kulturpåverknad: Truleg husdyrbeite.

Artsfunn: Av kravfulle kystmosar som finst her kan nemnast prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (405-500 m o.h.), heimose *Anastrepta orcadensis* (70-700 m), raspljåmose *Dicranodontium asperulum*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum* (også funnen i området av P.G. Ihlen i 1992, 160 m o.h.), pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, og elvetrappemose *Nardia compressa*. Av planter er det funne m.a. heistorr og bergfrue. Prakttvibladmose er knytt til dei mest fuktige og nedbørrike områda på Vestlandet og førekjem omtrent utelukkande på stader med årleg nedbør over 2000 mm (jfr. kart side 56 hos Moen 1998). Den er samtidig ein karakteristisk art for eit særprega samfunn av store oseaniske levermosar der fleire artar er svært sjeldne og truga. Arten er i Møre og Romsdal tidlegare berre funnen nokre få stader på Sunnmøre (Vanylven, Herøy, Sandhornet i Ørsta) og ytre Romsdal (Jørgensen 1934), og Urke-elva i Ørsta (Gaarder 2004).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit særmerkt og velutvikla område med kravfulle og fuktigheitskrevande kystmosar. Dette elementet tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg (Gaarder et al. 2001).

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle, men ein ser ikkje bort frå at ein samverknad mellom snøras og beiting er gunstig for nokre av moseartane.

43 Bjørke: SV-sida av Kammen (edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1520-11043
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 728 889
Høgde over havet: 0-ca. 200 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Treslagskifte, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder: 04.09.1987 (Folkestad & Bugge 1988), Bugge (1993), Fylkesmannen i MR (1997), 07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg nordaust for Bjørke i ei sørvestvendt, bratt li under Kammen.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av gråor-heggeskog, og dels av hasseldominert skog, annan lauvskog (bjørkedominert) og berghamrar. Feltskiktet er dominert av høgstauder og bregner.

Kulturpåverknad: Platanlønn førekjem spreidd og spreier seg i lokaliteten

Artsfunn: Av planter vart det i 2006 funne m.a. ask, blårapp, broddtelg, lundrapp, markjordbær, ormetelg, platanlønn, raggtelg, raud jonsokblom, revebjelle, skogsalat, stankstorkenebb, storfrytle og svartburkne. Av sopp kan nemnast raudlistearten prydhette *Mycena renati* (R/-, går altså ut av raudlista i 2006). Dessutan vart den kravfulle lavarten sølvnever funnen.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med rik edellauvskog, som også har ein tidlegare raudlisteart, og elles med eit middels rikt artsmangfald.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå større inngrep som omfattande hogst og treslagskifte.

44 Bjørke: Vikeelva (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer: 1520-11044
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 72 88
Høgde over havet: 0-1 m

Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	Brakkvassdelta
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fylkesmannen i MR (1997), 07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten dannar eit lite delta med få inngrep og små areal av strandenger.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av eit elvelaup med strandenger og marine lausmasseavsetningar utanfor.

Innanfor er det eit belte med gråorskog på begge sider av elva.

Kulturpåverknad: Mindre forbygging langs elva mot utlaupet.

Artsfunn: Av planter i 2006 kan nemnast fjørekoll, fjøresaulauk, gåsemure, hanekam, saltsiv, skjørbuksurt, skogsvinerot, strandkjeks, strandkjempe og strandkryp.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit mindre deltaområde som i hovudsak er intakt.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire tekniske inngrep.

45 Bjørke: Tussefossen (fossesprøytsoner)

Lokalitetsnummer:	1520-11045
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 735 875
Høgd over havet:	60-400 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Fossesprøytsoner
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Kraftutbygging/endingar i vassføring
Undersøkt/kjelder:	Kavlie (1970)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten som er undersøkt i hovudfagsoppgåva til Kavlie er særleg Tussefossen. Dette var 1967-69 ein rik lokalitet for oseaniske mosar. Området er avstandsbetrakta i 2005-2006, og har redusert vassføring med mindre opne område nær vassdraget i dei bratte partia.

Vegetasjon: Lokaliteten er eit moserikt område i bratt terreng.

Kulturpåverknad: Vassdraget er utbygd med endra vassføring som resultat. Ein kjenner ikkje verknadene som dette kan ha hatt. Ved avstandsbetraking i juli 2005 var det litt vatn i fossen.

Artsfunn: Av kravfulle kystmosar som finst her kan nemnast gullhårmose *Breutelia chrysocoma* (63-245 m o.h.), glanssåtemose *Campylopus schwartzii* (70-217 m o.h.), fjellfiltmose *Aulacomnium turgidum*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, dronningmose *Hookeria lucens* (118-240 m), raspljåmose *Dicranodontium asperulum* (140-260 m o.h.), fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, kveilmose *Pterogonium gracile* (85-152 m o.h.) og storstylte *Bazzania trilobata*. Av planter er det funne m.a. heistorr (300-400 m o.h.) og bergfrue.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit særmerkt og velutvikla område med kravfulle og fuktigheitskrevande kystmosar. Dette elementet tilhøyrer dels fossesprøytsoner, men er og beslektet med naturtypen nordvendte kystberg (Gaarder et al. 2001). Status for dei kravfulle mosane i dag er uviss, og området burde ha vore undersøkt på nytt.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med ei viss minstevassføring i elva. Dei mosane som her er omtala er avhengige av eit særleg fuktig lokalklima. Fossesprøytmiljø er generelt svært sårbare for vass-standsreduksjonar og artsmangfaldet er ofte avhengig av ei konstant høg vassføring, særleg i vekstsesongen. Vesentlege vassstandsreduksjonar vil derfor ofte vera svært uheldige, og sjølv mindre reduksjonar kan gje negative effektar. Sidan vassdraget er utbygd, bør lokaliteten undersøkast på nytt.

46 Bjørke: austsida av Vikefjellet (rik edellaavskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11046
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 718 882
Høgd over havet:	50-200 m

Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Treslagskifte, flatehogst
Undersøkt/kjelder: 07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på austsida av Vikefjellet ved Bjørke og er ei austvendt og raspåverka lauvskogsli.
Vegetasjon: Lokaliteten består av ein edellauvskog med litt alm og ein del hassel. Elles finst rogn, bjørk, gråor, hegg og platanlønn. Feltskittet er dominert av høgstauder og bregner, men også litt lågurtvegetasjon med hengjeaks, myske og lundrapp.

Kulturpåverknad: Platanlønn har gode bestandar og er i spreing i lokaliteten.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. bergfrue, broddtelg, hengjeaks, kratthumleblom, krattlodnegras, kvitbladtistel, lundrapp, myske, rosenrot, skogsalat, skogsvinerot, stankstorkenebb og trollurt.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla edellauvskog med alm og hassel, men ikkje særleg mange varmekrevande planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst. Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjotte seg sjølv. Platanlønn bør bekjempast og fjernast. Dette er ein innført art som spreier seg ukontrollert og fortrengrer stadeigen vegetasjon.

47 Bakkedalen: Bakkestøylen (Bakkedalssætra) (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11047
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 682 881
Høgd over havet: 400 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Bakkedalen ved Bjørke og er eit større seterområde med innslag av gjødsla og oppdyrka område, men også med mindre gjødsla parti med naturengpreg.

Vegetasjon: Lokaliteten består av mest fuktig fattigeng med overgangar mot sølvbunkeeng (G1/G3, ca. 80% av arealet), elles rundt 10% fuktig lynghei og 10% fattig til intermediær myr. Sjå også vegetasjonskart av Rekdal (1987b).

Kulturpåverknad: Støylen har fellesfjøs (nedlagt) og vert beita av storfe og hest. Beita er inndelt med gjerde. Lokaliteten grensar til vegar og fulldyrka mark.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. amerikamjølke, dvergjamne, fjellaugnetrøst, fjellpiggnopp, fjelltistel, knegras og kornstorr.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar krava til B (viktig).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

48 Bjørke: Saure: Rimane (rik edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1520-11048
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 709-720, 870-876
Høgd over havet: 240-320 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Treslagskifte, flatehogst
Undersøkt/kjelder: 07.09.2006, JBJ (berre avstandsbetrakta)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Saure på sørsida av Vikafjellet og er ei sør-søraustvendt edellauvskogsli.

Vegetasjon: Lokaliteten består av lauvskog med noko alm, ein del hassel, og elles bjørk, gråor, osp, rogn og selje. Dette er basert berre på avstandsbetraktning med teleskop.

Kulturpåverknad: Ukjent.

Artsfunn: Plantelivet er ikkje kartlagt. Raudlistearten gråspett (DC/NT) finst her (LP 720 870, kjelde: Oddvar Olsen).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla edellauvskog med alm og hassel, men floraen er ikkje kartlagt, og verdien derfor noko usikker.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst. Det er best om området i framtida får skjøtte seg sjølv. Artsinventaret i lokaliteten bør undersøkast.

49 Bjørke: Saure-Raudstadvatnet (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11049
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 697-708, 858-867
Høgde over havet:	75-200 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Raudstadvatnet nordaustover mot Saure og består av eit langstrekt område med gras- og urterike, beita snøraser. I nedkant grensar lokaliteten til vatnet, og i øverkant mange stader mot blankskura svaberg.

Vegetasjon: Lokaliteten består hovudsakeleg av naturbeitemark, men det er og noko meir rasmarksprega parti og bergvegg- og berghyllevegetasjon, samt litt gråor-heggeskog. Engvegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4, 70%), det er og noko sølvbunkeeng (G3, 20%) og fuktig fattigeng med m.a. storfrytle (G1, 10%).

Vegetasjonen er forma i eit samspel mellom snøraser og beiting.

Kulturpåverknad: Området vert beita vår og haust av sau (kjelde: John Arne Saure).

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. bergmjølke, blåklukke, gulskolm, hestespreng, hårsvæve, jordnøtt, kjertelaugnetrøst, kransmynte, krattlodnegras, markjordbær, rosenrot, skogsvinerot, smalkjempe, småbergknapp, småengcall, stemorsblom, storfrytle og åkerminneblom. Lokaliteten er generelt artsrik med ca. 70 planteartar i det undersøkte området, som ligg nærast Saure.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er eit stort område med velutvikla og nokså intakt naturbeitemark med ein skilde interessante beitetilknyttartar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting. Ved besøket var det ein del daudgras, og det er usikkert om den noverande hevd er tilstrekkeleg på lengre sikt.

50 Skjåstaddalen: Skjåstad/Mork: Storhamrane (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11050
Kartblad:	1219 III Hjørundfjorden
UTM (EUREF 89):	LP 68 85
Høgde over havet:	100-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, flatehogst, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	Fylkesmannen i MR (1997), 07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Skjåstad og Mork i Skjåstaddalen, i ei sør-søraust-vendt skogli under Storkjelen. Sentralt i lokaliteten ligg Storhamrane.

Vegetasjon: Lokaliteten består av edellauvskog med spreidd alm, ein god del hassel, dessutan gråor, rogn, bjørk og osp. Lokaliteten er betydeleg påverka av ras. Feltskiktet består dels av høgstauder, dels av bregner og dels meir lågurtprega vegetasjon med t. d. hengjeaks og lundrapp.

Kulturpåverknad: Området vert beita av først og fremst sau.

Artsfunn: Av planter vart det i 2006 funne m.a. alm, hengjeaks, krattlodnegras, kvitbladtistel, lundrapp, markjordbær, raud jonsokblom, rosenrot, skjørlok, skogsvinerot, storfrytle, svartburkne og trollurt. Av sopp kan nemnast raudlistearten hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R/-, går altså ut av raudlista i 2006), dessutan orepluggsopp *Paxillus filamentosus*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit større område med rik edellauvskog og eit middels rikt artsmangfald.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst. Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv.

51 Mork (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11051
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 682-686, 849-852
Høgde over havet:	80-110 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei open beitemark som ligg i den søraustvendte lifoten nord for gardane på Mork i Skjåstaddalen.

Vegetasjon: Lokaliteten består hovudsakeleg av frisk fattigeng med innslag av jordnøtt (G4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten var beita av geit fram til 1998 (to besetningar fram til 1991, deretter ein buskap), no vert det beita av sau om våren, og elles av storfe (kjelde: Olav og Sidsel Mork).

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, hestespreng, hårsvæve, jordnøtt, kjertelaugnetrøst, knegras, kystmaure, markjordbær, musøyre, raud jonsokblom, revebjelle og smalkjempe.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei velutvikla og intakt naturbeitemark med ein skilde interessante beitetilknytt artar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

52 Sledalen: Saurestølen/Joskredene (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11052
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 664 858
Høgde over havet:	340-500 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Sledalen og er ei stor fjellside (Joskredene) med beita snørasenger og open lynghei.

Vegetasjon: Lokaliteten består av 60% naturbeitemark (blanding av fuktig og frisk fattigeng, G1/G4) og 40% kystlynghei av smørtelg/bjønnekam-utforming. Det er ein del lågvaksen einer. Sjå også vegetasjonskart av Rekdal (1987b).

Kulturpåverknad: Lokaliteten vert beita av sau. Storfje beiter og i området, men truleg mest på oppdyrka mark. Saurestølen har fire stølshus i gammal stil. Sjølvstølen verka litt gjødsla.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv, kornstorr, kystmaure, skoggråurt og storfrytle. Av sopp kan nemnast honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei ganske stor intakt naturbeitemark og lynghei med einskilde interessante beitetilknytte artar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

53 Vartdalsstranda: Festøyflesa (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11053
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 611 187-188
Høgde over havet:	0-20 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	20.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg litt sørvest for ferjeleiet ved Festøya, på nersida av riksvegen. Det er ei kystlynghei i attgroing og med spreidd bjørk.

Vegetasjon: Fukthei ca. 50%, tørrhei ca. 50%. Ned mot stranda er det rullesteinsfjøre med litt driftvollar og strandengfragment.

Kulturpåverknad: Området vert ikkje lenger skjøtta, og er i attgroing. Riksvegen deler lyngheiane, men dei som er ovafor vegen er ikkje avgrensa, dei er i sterk attgroing med skog. Langs vegen ligg også ei lite steinbrot som har teke litt av heia.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heistorr, klokkelyng og smørtelg.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystlynghei i attgroing, med eit trivielt artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Ideelt sett burde hevden ha vore teke opp att.

54 Barstaddalen: Volle (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11054
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 592 163
Høgde over havet:	100 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg eit stykke oppe i Barstaddalen, på austsida av dalen opp mot skogen ved Vollegardane.

Vegetasjon: Lokaliteten består av naturbeitemark som er ein mosaikk mellom sølvbunkeeng (G3) og frisk fattigeng (G4). Det er og litt skogsbeite i grår- og bjørkeskog med gras-dominans i botnen.

Kulturpåverknad: Lokaliteten vert beita av sau. Beitemarkene grensar fleire stader til granplantefelt.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. knegras og kystmaure. Av sopp kan nemnast brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia* og grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er intakt naturbeitemark med einskilde interessante beitetilknytte artar.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

55 Barstaddalen: Bakketun på Volle (slåttemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11055
Kartblad: 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89): LQ 591 158
Høgd over havet: 110 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåttemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Attgroing
Undersøkt/kjelder: 06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av nokre bratte bakkar ved småbruket Bakketun på Volle i Barstaddalen. Dette er noko så spesielt som truleg den einaste tradisjonelle slåttemarka (ugjødsla, upløg) i Ørsta som framleis vert slått.

Vegetasjon: Lokaliteten består av frisk fattigeng (G4) med ein del kystmaure og mange rosetplanter tilpassa langvarig slått, som blåknapp, blåkoll, hårsvæve, jonsokkoll, kystgrisyre, myrtistel, prestekrage, smalkjempe og tusenfryd.

Kulturpåverknad: Bruket hadde 4 sauer fram til 1994. Desse bakkane er tidlegare slått med ljå, men vert no slått med kantklippar av Marit Synnøve Volle, og graset vert fjerna (kjelde: Gyda Volle).

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, blåkoll, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kystgrisyre, kystmaure, lækjeveronika, prestekrage, smalkjempe, tiriltunge og tusenfryd. Av sopp kan nemmast brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*. Ein reknar med at det er potensiale for fleire beitemarkssopp enn dei som vart funne.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at dette er ei intakt slåttemark av den lite gjødselpåverka typen, som elles er nærast forsvunne i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Det er sterkt ønskjeleg med fortsatt slått utan gjødsling og jordarbeiding. Slåtten kan godt vera sein (august). Graset må fjernast.

56 Barstaddalen: Barstadsetra (kystlynghei)

Lokalitetsnummer: 1520-11056
Kartblad: 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89): LQ 587 130
Høgd over havet: 170 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, hytteplaner
Undersøkt/kjelder: 06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg øvst i Barstaddalen og er eit gammalt seterlandskap som i dag er dominert av lynghei.

Vegetasjon: Lokaliteten består av kystlynghei (60%), fuktig fattigeng (G1, 35%) og litt sølvbunkeeng (G3, 5%).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita av sau og storfe. Stølen har fleire gamle sel og i tillegg mange hytter, dessutan traktorveg heilt fram.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv og heistorr.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar krava til B (viktig).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

57 Barstaddalen: mellom Gamlestøylen og Rametinden (rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1520-11057
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 605 142
Høgd over havet:	760 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	09.07.1978, I. Røsberg (belegg i Bergen)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg mellom Gamlestøylen og Rametinden, i 760 m høgd. Avgrensinga er nokså grov.

Vegetasjon: Lokaliteten består truleg av eit område med kalkkrevande fjellplanter.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det er funne reinrose, som er ein sjeldan fjellart så langt vest.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om lokaliteten tilfredsstiller kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

58 Masdal: Klovekinn (rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1520-11058
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 56 13 ("563 138")
Høgd over havet:	800 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	27.07.1990, I. Røsberg (belegg i Bergen)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på vestsida av Klovekinn mot Barstaddalen, i 800 m høgd. Avgrensinga er nokså grov.

Vegetasjon: Lokaliteten består truleg av eit område med kalkkrevande fjellplanter.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det er funne m.a. fjellstorr og snøsøte, som er sjeldne fjellartar så langt vest.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om lokaliteten tilfredsstiller kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

59 Årskogdalen: aust for Reitegarden (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11059
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 534 123
Høgd over havet:	120 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ovafor (søraust for) busetnaden i Årskogdalen, eit område med større beitemarker som dels er gjødsla. Området er eit kompleks av beitemyr, gjødsla beite og mindre gjødsla beite. Her er avgrensa noko av det som såg ut til å vera mest artsrikt og biologisk verdifullt.

Vegetasjon: Lokaliteten består av friske fattigenger med jordnøtt (G4) og noko spreidd einer, elles ein mosaikk av denne og sølvbunkeeng og fuktig fattigeng (G4/G3/G1).

Kulturpåverknad: Lokaliteten vert beita av storfe. Det finst fleire rydningsrøyser og store bjørketre.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. jordnøtt, knegras, krattlodnegras, kystmaure og myrmaure. Av sopp kan nemnast raudlistearten gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT), dessutan honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er intakt naturbeitemark med einskilde interessante beitetilknyttartar, mellom desse ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

60 Årskogdalen: Høgebakken/Vartdalssætra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11060
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 561 106
Høgde over havet:	410 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg øvst i Årskogdalen, på Vartdalssida av dalføret som fortsett sørover i Romedalen, med utsikt til høge tindar på begge sider av dalen.

Vegetasjon: Lokaliteten består av eit mindre område rundt sætrane med engprega vegetasjon, ei blanding av frisk og fuktig fattigeng. I omgjevnadene rundt er det store opne område med røsslynghei (ikkje avgrensa).

Kulturpåverknad: Området er beita av storfe og sau. Det er bygd ein rasvoll ovafor seterhusa, og i samband med dette er det rota i jorda over eit større område.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. fjellaugnetrøst, heisiv, heistorr og kystmaure. Av sopp kan nemnast raudlistearten mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (DC/NT), dessutan brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei i hovudsak intakt naturbeitemark med einskilde interessante beitetilknyttartar, mellom desse ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

61 Årsetdalen: Grytastøylen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11061
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 541 069
Høgde over havet:	300 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit seterområde som ligg i øvste del av Årsetdalen, eit dalføre som går søraustover frå Vartdal.

Vegetasjon: Lokaliteten består av naturbeitemark med ein mosaikk av frisk og fuktig fattigeng (G4/G1, 70% av arealet), litt røsslynghei (10%) og ca. 20% einerdominert buskmark. Støylen er ein del av eit utmarksområde som er i tydeleg attgroing. Beitemarkene har mykje finnskjegg.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita av storfe.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv, heistorr og kystmaure. Av sopp kan nemnast gjødselringsopp *Panaeolus semiovatus*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar krava til B (viktig).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

62 Vartdalsstranda: Nord for Liahornet (rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1520-11062
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 451 976
Høgde over havet:	500-600 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	Gunnar Wangen (pers. medd.) tidspunkt ukjent

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på nordsida av Liahornet i Bjørndalsdalen, og er funnen av Gunnar Wangen, Ørsta. Avgrensinga er nokså grov.

Vegetasjon: Lokaliteten består truleg av eit område med kalkkrevande fjellplanter.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det er funne m.a. reinrose, som er ei sjeldan fjellplante så langt vest.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

63 Vartdalsstranda: Flåvikneset (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11063
Kartblad:	1119 I Ålesund
UTM (EUREF 89):	LQ 431-437, 072-078
Høgde over havet:	0-100 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av beite
Undersøkt/kjelder:	20.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Flåvikneset og består av nokså open kystlynghei både ovafor og nedafor vegen langs ei strekning på mange hundre meter.

Vegetasjon: Fukthei ca. 50%, tørrhei ca. 50%.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er delt av riksvegen, elles finst to kraftliner ovafor vegen. Det vart observert steingjerde og truleg ei gravrøys. Framleis eit ganske ope preg, men er gått ut av bruk og det kjem opp bjørk.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv, heistorr, klokkelyng, lyngaugnetrøst, storblåfjør og storfrytle.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystlynghei i attgroing, med eit trivielt artsutval.

Skjøtsel og omsyn

Ideelt sett burde hevden ha vore teke opp att.

64 Rjånes (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11064
Kartblad:	1119 II Volda

UTM (EUREF 89):	LQ 422 055
Høgde over havet:	0-15 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit mindre lyngheimråde som ligg på vestspissen av Rjåneset, vest for ferjeleiet ytst i Ørstafjorden.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei som er i tidleg attgroing.

Kulturpåverknad: Lokaliteten har tidlegare vore beita, men har ikkje vore det dei siste åra. Storfte beiter berre på marka innanfor. Attgroing med bjørk, rogn og høgvaksten lyng. Ei fyrlykt står på neset.

Artsfunn: Av planter vart det i 2006 funne m.a. ask, heistorr, knegras, kornstorr, kystbergknapp og vivendel. Nokre vel 40 år gamle funn er dårleg stadfesta, muleg utgått og kan ikkje takast omsyn til: engstorr, kusymre og lodnefaks vart funne av Finn Wischmann 17.07.1964 (O). Lodnefaks vart ettersøkt på potensielle stader i 2006, men ikkje atfunnen. Lavar funne i området av H. Rui 17.07.1964 (O): kystraudtopp, nordmørslav, grynvrenge og borkragg. Det er grunn til å tru at desse funna er gjort i nærleiken av ferjeleiet (sjå Wischmann 1965).

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om lokaliteten tilfredsstiller krava til B (viktig).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting. Elles kunne buskar vore rydda.

65 Ørstafjorden: Raudøya: Ysteøya (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11065
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ
Høgde over havet:	0-25 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, havstrand/kyst
Naturtype:	Kystlynghei, strandeng og strandsump
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing (del av landskapsvernområde)
Undersøkt/kjelder:	Aksdal (1994), Folkestad (2006)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på Raudøya i Ørstafjorden, på dei vestre delene som vert kalla Ysteøya. Store deler av Ysteøya er lyngmark. Området er verna som landskapsvernområde (2003). Midt i lokaliteten ligg eit inngjerda parti med fulldyrka mark. Det er også ein mindre inngjerda potetåker i vestre del.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei med litt strandberg, strandenger, tarevollar m.m. Lyngheia er stort sett fuktig og dels myrlendt med duskull, bjønnskjegg, lyssiv og torvull i tillegg til røsslyng. Det finst litt strandeng og små tarevollar ved Tongane på vestenden som utgjer om lag 10% av arealet. Det er litt oppslag av einer, rogn, bjørk og furu.

Kulturpåverknad: Busetnad er sikkert kjent frå ca. 1600. Her har vore lyngheidrift med beiting. Etter fråflyttinga på 1950-talet var det ei tid slått og beiting, men seinare attgroing. I 1999 vart Raudøy villsau skipa, og utegangarsau sett ut. Dei beita første åra heile Raudøya, men frå 2002 har dei vore berre på Ysteøya. Frå 2005 har Raudøy villsau rett til å ha 20 vinterdyr her.

Artsfunn: Folkestad (2006) nemner pors, fagerperikum, klokkeling, kysttjønnaks, heistorr og heisiv i lyngheia. I strandeng og tarevollar nemner han m.a. skjoldberar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei av dei få beita kystlyngheiene i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting i lyngheiane. Heiane er i attgroing trass beitinga, og treng både mekanisk rydding og lyngbrenning. Jf. Folkestad (2006).

66 Ørstafjorden: Raudøya naturreservat (Eineneset) (kristtornførekomst)

Lokalitetsnummer:	1520-11066
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 42 04
Høgde over havet:	0-30 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Hagemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	18.08.1991, A. O. Folkestad & Ingerid Angell-Petersen (Lindmo et al. 1991), DN (1992), 22.09.1993, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993), Fylkesmannen i MR (1997), Folkestad (2006)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på søraustlege del av Raudøya i Ørstafjorden, og er dominert av ein større kristtornførekomst i sørkanten av ein ås som går i aust-vestretning. Kristtorn vart her først skildra av Strøm (1762). Dei største kristtorntræa er over 10 m høge med stammediameter opptil 20 cm, og det er registrert fleire hundre kristtorntræ. Fleire hotre ber godt med frukt, og forynging skjer både med frø og vegetativt. Ein har under tvil klassifisert lokaliteten som hagemark, for å understreka kulturlandskaps-preget.

Vegetasjon: Folkestad (2006) deler området i 4 deler frå vest mot aust, med relativt detaljert skildring. Vestre del er lauvblandingsskog med høg dekning av kristtorn, og elles mykje bjørk og innslag av furu, rogn, hegg, gråor, hassel, søyleeiner og vivendel, dessutan undervegetasjon av mjødukt og vendelrot. Deretter kjem eit buskmarksområde med lynghei, med ein brem av kristtorn, gråor og einer langs stranda. Så kjem ein beitehage på innmark omslutta av steingjerde, dette er ein open bjørkehage med osp, einer, gråor og ein del kristtorn. Lengst i aust ligg eit tidlegare ope innmarksbeite omslutta av steingjerde, i kraftig attgroing med lauvskog, med kratt av einer, roser og spreidde kristtornbusker. Vivendel og kristtorn pregar busksjiktet mange stader.

Kulturpåverknad: Området har i lang tid vore nytta til beite. Kristtorn har og vore hausta, truleg til snittgrøntproduksjon. I dag er det ingen slik bruk av området.

Artsfunn: Folkestad (2006) opplyser at reservatet inneheld ca. 950 kristtornbuskar som er over 3 meter høge. I tillegg er det mange tusen frøplanter. Området er ganske artsrikt, m.a. kan nemnast villapal, rognasal, hassel, svartor, hegg, jordnøtt, kusymre, fagerperikum, vivendel, heiblåfjør, heistorr og heifrytle. Det vart i 1993 funne beitemarkssopp i austlege del av reservatet: 6 vidt utbreidde vokssopp-arter, 1 småkøllesopp og den tidlegare raudlista raudskivesoppen *Entoloma exile* (DC/-). På grunn av attgroing har desse artane dårlege tilhøve i dag.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit særmerkt kulturlandskap med den største kristtornførekomsten i fylket (og den største nord for Hordaland).

Skjøtsel og omsyn

Her gjeld m.a. forskriftene for reservatet. Når det gjeld forslag til skjøtsel, viser ein til Folkestad (2006).

67 Ørstafjorden: Raudøyholmen (kristtornførekomst)

Lokalitetsnummer:	1520-11067
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 430 047
Høgde over havet:	0-27 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, hagemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing, elles ingen kjende (del av landskapsvernområde)
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (2006)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på Raudøyholmen nordaust for Raudøya i Ørstafjorden, og er dominert av ein kristtornførekomst som dekkjer store deler av holmen. Lokaliteten kan klassifiserast som kystlynghei med overgangar til hagemark. Raudøyholmen er ein del av Raudøya landskapsvernområde.

Vegetasjon: Folkestad (2006) deler området i 2 deler frå sør mot nord. Høgderyggen omfattar dei høgaste partia med blanda vegetasjon av lauvtre, furu og einer, og med eit markert innslag av kristtorn. Nordsida er dels brattlendt med noko planta gran og blanding av furu og lauvtre med einer og ein del innslag av kristtorn. Deler av området er open lynghei i attgroingsfase.

Kulturpåverknad: Området har i lang tid vore nytta til beite. I dag er det ingen slik bruk av området.

Artsfunn: Folkestad (2006) opplyser at det på Raudøyholmen finst meir enn 500 kristtornbuskar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit særmerkt kulturlandskap med eit sterkt innslag av kristtorn. Utan kristtorn ville området neppe ha vore avgrensa.

Skjøtsel og omsyn

Når det gjeld forslag til skjøtsel, viser ein til Folkestad (2006).

68 Ørstafjorden: Lianeset-Liadalen (edellauskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11068
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 448-453, 022-043
Høgde over havet:	ca. 150-350 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, hjortebeiting på alm og ask
Undersøkt/kjelder:	08.07.2005, PGB

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i den vestvendte fjellsida under Liadalsnipa nordover frå Lianeset. Ein god del av denne lia er tilplanta med gran, og ein god del av den noverande edellauskogen ligg derfor oppunder hamrane stort sett over 150-200 meter, men noko ligg og lågare i mosaikk med granfelta.

Vegetasjon: Dette er ein skog med mykje ask i lågare deler, elles noko alm, hassel og hegg. Det vart funne dels stor alm. Det er også dels bjørkeskog med innslag av hassel.

Kulturpåverknad: Mykje granplanting i nedre deler. I øvre deler mindre kulturpåverka.

Artsfunn: Det vart funne mykje ask og vivendel i lågare deler. Av planteartar kan nemnast store mengder engsmelle, myske, sanikel og kusymre. Elles vart det funne trollurt, engstorr, storblåfjør, hestespreng og dessutan skogfredlaus fleire stader (LQ 447 037 og LQ 448 027).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein rik edellauskog med nokre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at edellauskogen får liggja mest muleg i fred. Etter avverking bør ikkje granfelta tilplantast på nytt.

69 Ørstafjorden: Lianeset (olivinfelt m.m.)

Lokalitetsnummer:	1520-11069
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 448-452, 018-021
Høgde over havet:	40-150 m
Hovudnaturtype:	Skog, kulturlandskap
Naturtype:	Kystfuruskog (olivinutforming), skogsbeite
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av beite
Undersøkt/kjelder:	06.07.2005 PGB & JBJ, 07.07.2005, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på øversida av riksvegen ved Lianeset, heilt opp mot den øvste kraftlina, og er ein lokalitet med olivin i berggrunnen. Lokaliteten kan dels klassifiserast som olivinfuruskog (kystfuruskog hos DN 1999a), dels som skogsbeite.

Vegetasjon: Lokaliteten består av olivinknausar, dels med lausmassar og mold oppå, slik at lokaliteten har vakse til med skog. Det er dels furuskog, dels bjørkeskog med innslag av hassel.

Kulturpåverknad: Fleire steingjerde, beita av hest, truleg tidlegare slåttemark. To kraftliner kryssar over.

Artsfunn: Det vart funne dunhavre, enghumbleblom, engstorr, fingerstorr, gjeldkarve, hanekam, heiblåfjør, hengjeaks, hårsvæve, jordnøtt, kattefot, knegras, knollerteknapp, kratthumbleblom, kusymre, kystgrisøyre, kystmaure, lundrapp, markjordbær, olavsskjegg, rabbesiv, raudknapp, sanikel, småbergknapp, småengkall, småsmelle, storblåfjør, svartburkne, vårpengeurt. Den kystbundne dronningmosen vart funnen ved den øvste kraftlina. Det vart også funne larvemose på ei furulåg, ein indikator på gammal skog.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit olivinfelt dekt av furuskog og skogsbeite med nokre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Området bør beitast.

70 Ørstafjorden: Skorgeura naturreservat (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11070
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 46 02
Høgde over havet:	ca. 50-400 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog, gammal lauvskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hjortebeiting på alm, spreining av gran og platanlønn (verna som naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	Oterhals (1994), Fylkesmannen i MR (1996a, 1997), Stenberg (2000a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved utløpet av Skorgedalen på nordsida av Ørstafjorden. Han er dominert av store blokkfelt, ryggar og haugar. Skorgeura vart til i eit gigantisk skred for om lag 11000 år sidan. Området har dermed også store geofaglege verdiar. Lokaliteten er vidare ei varmekjær, frodig skogli som ligg sørvendt og varmt med varmekrevande treslag som alm (175-425 m o.h.), svartor og hengjebjørk. Avgrensinga følgjer reservatgrensene, men ikkje alt innanfor reservatet er prioriterte naturtypar.

Vegetasjon: Lokaliteten er eit stort sett samanhengande område med lauvskog, ein del kan klassifiserast som kusymrealmeskog. Det finst m.a. ein del hassel.

Kulturpåverknad: Det er ein god del biologisk gammal skog, noko som avspeglar seg i artsutvalet av spettar m.m. Det er stadvis kraftig oppslag av platanlønn, som er eit innført treslag i uønska spreining. Det er planta litt gran, lerk og furu.

Artsfunn: Av planter er det funne skogfredlaus, myske, sanikel, kratthumleblom, trollbær, ramslauk, skogsvinerot, geittelg, fingerstorr, jordnøtt, kusymre, vivendel, tannrot (m.a. LQ 466 018, P.G. Bøe), breiflangre, raudflangre, krossved og steinnype. Av lav er det notert lungenever. Av fugl er følgjande raudlistearter funne hekkande eller sannsynleg hekkande: hønsehauk (V/VU), vendehals (V/-), gråspett (DC/NT) og kvitryggspett (VU/NT). Kvitryggspett vart funnen hekkande ved LQ 466 020 i mai 1993 (Stenberg 2000a). Av andre rikskogsfuglar kan nemnast gjerdesmett (tett bestand), kattugle, gulsongar, munk, hagesongar, stjertmeis, lauvmeis og spettmeis.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor, variert og artsrik edellauvskogslokalitet med mange ulike kvalitetar. I tillegg kjem verdien som viltområde og geofaglege verdiar.

Skjøtsel og omsyn

Her gjeld verneforskriftene. Ein bør unngå at platanlønn spreier seg.

71 Ørsta: Osestranda-Storelvosen (brakkvassdelta)

Lokalitetsnummer:	1520-11071
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 50 99
Høgde over havet:	0-1 m
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst (+viltområde)
Naturtype:	Brakkvassdelta (undervassenger, tarevollar)
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (1978), 07.08.1984, JIH (Holten et al. 1986b), Fylkesmannen i MR (1997), 08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Ørsta sentrum og består av utløpet av Storelva og tilhøyrande strand- og gruntvassområde. Osestranda er ei relativt flat og noko eksponert strand sør for utløpet av Storelva.

Vegetasjon: Osestranda hadde ålegrasenger, tangmeldevoll, strandrugvoll, kvekevoll med innslag av åkerdylle, og høgurt-fleirårsvoll med mjødukt, hundekjeks og delvis gulfrøstjerne.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er påverka av mange slag inngrep, utfyllingar, naust med støer, forsøpling. Badeplass.

Artsfunn: Osestranda er karakterisert som artsfattig (33 planteartar, Holten et al. 1986b), medan brakkvassområda i Storelva sitt utløp er middels artsrike (53 artar). Mest interessant i stranda var gulfrøstjerne, elles mykje åkersvinerot (Per Gunnar Bøe). 21.07.1877 har Jan Greve samla østersurt her (herb. BG), men denne er truleg utgått. Den norske ansvararten fjordskjørbuksurt er påvist i 1904 og 1959 (E. Jørgensen, H.F. Røer, herb. O+BG). Området har i tillegg viltfunksjon (Folkestad 1978). Det overvintrar storskarv, inntil 115 stokkender, sporadisk krikand og brunnakke, flokkar på 20-30 eller meir av ærfugl og siland, meir sporadisk sjøorre, havelle og sothøne, inntil 10-15 hettemåse, samt større flokkar av andre måseartar. 08.09.2006 vart det i tillegg sett noko trekkaktivitet med vipe, tjeld, heipiplerke og brushøns, dessutan 1 ad. havørn. Songsvane kan beita på ålegras i frostperiodar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit brakkvassdelta med nokre kvalitetar knytt til naturtypar, vegetasjon og artsmangfald.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Forureining bør motverkast.

72 Ørsta: Holmane/Melsholmane (flommark)

Lokalitetsnummer:	1520-11072
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 50-51 98
Høgd over havet:	0-5 m
Hovudnaturtype:	Skog, ferskvatn/våtmark, havstrand/kyst
Naturtype:	Gråor-heggeskog, kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti, strandeng og strandsump
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Odland (1981), Holten et al. (1986b), Barlaup (1993), Kjoberg & Larsen (1998), Pettersen & Hallaråker (2001), Michaelsen et al. (2003), 08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i og ved Ørsta sentrum og består av nedre del av Storelva med tilhøyrande flommarksmiljø austover til og med Melsholmane, på begge sider av elva. Eit delområde (Holmane) ligg nord for Rossåa mot riksvegbrua, ved skule og idrettsanlegg. Eit delområde ligg rett sør for Rossåa og inkluderer Smørholmen. På sørsida av elva aust for Ose ligg eit område som kallast Holmane. Mykje av arealet er gråor-heggeskog, men mangfaldet er stort (sjå nedanfor). Gråorskogen ved Nossen (Nosa) er skildra som eigen lokalitet. Det finst fleire stader innslag av grov, daud gråor (gaddar og læger) som er verdifull for m.a. insekt, sopp og hakkespeittar, særleg Smørholmen og Holmane på sørsida av elva.

Vegetasjon: Gråor-heggeskog med tilhøyrande høgstauder (m.a.strutseving, skogstjerneblom og mjøduert), grusrike elveøyre, dreneringsbanar, vass- og sumpvegetasjon, brakkvasspåverka strandenger og strandsumpar i vestlege del.

Kulturpåverknad: Lokaliteten ligg sentrumsnært og påverka av mange slag inngrep, vegar, bruer, stigar, elveforbygging, dyrking, idrettsanlegg, utfylling og forsøpling. Fleire innførte artar er registrerte, m.a. amerikahumleblom (kjelde: Per Gunnar Bøe), raudhyll, byhøymole, amerikamjølke, parkslirekne, rognasal, platanlønn og kjempebjønnekjeks (eigne funn i 2006). Området nærast skulen vert bruka både i undervisningssamanheng og anna fritidsbruk. Ikkje alle er like flinke til å ta med søplet sitt heim.

Artsfunn: Lokaliteten er ein av dei få i fylket med den sjeldne vassplanten hjartetjønna, og gulldusk er også ein uvanleg ferskvassplante i fylket (Odland 1981). I dei saltvasspåverka områda har Holten et al. (1986b) påvist m.a. saltstorr og fjøresivaks. I sumpene har Per Gunnar Bøe funne kjeldeurt (mykje), sveltull, sumpsvivaks og mjuksivaks. I flommarksskogen er m.a. jordnøtt, vårkål, strutseving, geittelg, hundekveke, kystmaure, skogsvinerot, bekkeblom og kratthumleblom interessante artar. I 2006 vart det samla litt stadfesta plantedata. Ved skulen vart det funne m.a. bekkeblom, broddtelg, byhøymole, kjempebjønnekjeks, kranskonvall, kratthumleblom, mannosotgras, parkslirekne, platanlønn, raudhyll, skogsvinerot, storfrytte, strandøyr, strutseving og sverdliilje. På og ved Smørholmen vart det funne m.a. amerikamjølke, byhøymole, engminneblom, kranskonvall, kratthumleblom, kvitbladtistel, raud jonsokblom, skogsvinerot, strutseving og turt. I Holmane på sørsida av elva vart det funne m.a. byhøymole, geittelg, hegg, kranskonvall, kratthumleblom og krattlodnegras. Her var det elles svært fuktig med mykje mose på trea og potensiale for kravfulle mosar og lav. For meir detaljert informasjon om artar i ulike delområde: sjå under vedlegg, og Pettersen & Hallaråker (2001). Sistnemnde oppgjev pusleblom, men denne arten bør bekrefast med belegg, han er til no ikkje sikkert påvist nord for Bremanger. Av vilt er særleg raudlistearten dvergspett (DC/VU) av betydeleg interesse, m.a. hekkfunn Melsholmane 01.05.1998, LP 511 988 (Oddvar Olsen, Kjoberg & Larsen 1998). Denne arten er knytt til gammal

lauvskog med større innslag av daud ved. I 2006 vart spettehakk notert både på Smørholmen og fleire andre stader (ein del grov, dels daud gråor). Fossekall har tilhald. Vassflaggermus er observert på matleiting nær riksvegbrua, denne er knytt til stilleflytande/stillestående ferskvatn og flommark (Michaelsen et al. 2003). *Verdivurdering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort, velutvikla flommarksmiljø i låglandet med fleire sjeldne og dels raudlista artar. Slike lokalitetar ligg ofte inntil pressområde og er i dag fåtalige og sjeldne både regionalt og nasjonalt. Denne lokaliteten har ein av dei mest velutvikla flommarksskogane i låglandet i Møre og Romsdal. At lokaliteten også har kvalitetar knytt til gammal skog, styrkar verdien.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep, treslagskifte og flatehogst. Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv. Ein bør vera på vakt overfor innførte artar som spreier seg (svartelisteartar), særleg parkslirekne, kjempebjønnekjeks og platanlønn.

73 Nossen (Nosa) (gråor-heggeskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11073
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 517 980
Høgde over havet:	15-30 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Gråor-heggeskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, flatehogst
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av gråor-heggeskog langs Ørstaelva ved Nossen (Nosa). M.a. har ein her ein del ravinelandskap med leir- og sandmelar og bekkedalar ned mot elva, med frodig vegetasjon. Slikt ravinelandskap er sjeldan i vårt distrikt. Det finst fleire stader innslag av grov, daud gråor (gaddar og læger) som er verdifull for m.a. insekt, sopp og hakkespettar.

Vegetasjon: Vegetasjonen består av gråor-heggeskog med høgstauder i botnen. I tillegg til gråor og hegg førekjem platanlønn, hassel og bjørk. Ved Klingrane finst fleire planta graner.

Kulturpåverknad: Ravinedalane er m.a. påverka av utfylling og avfall. Det har og vore noko hogst. Ved Klingrane beitte storfe.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. amerikamjølke, engminneblom, engsoleie, hassel, hegg, kratthumleblom, kvitblattistel, skogkarse, strutsvegg, sumphaukeskjegg og turt.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er velutvikla gråor-heggeskog, dels langs elva og dels i raviner sør for elva. Det er og muleg å sjå lokaliteten som del av eit større elve- og flommarksmiljø med verdi A (svært viktig) i heile nedre del av Storelva.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst. Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjøtte seg sjølv. Platanlønn bør fjernast aktivt. Amerikamjølke er ein annan innført art i spreiding som bør haldast under oppsyn.

74 Gråssmyra ved Sporstøylen (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11074
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 528-529 977
Høgde over havet:	20 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei svakt hellande myr som ligg på sørsida av Ørstaelva vest for utløpet av Åmdalselva. Myra har spreidd furu og bjørk.

Vegetasjon: Lokaliteten består av fattig myr med rome, bjønnskjegg og pors som viktige artar.

Kulturpåverknad: Det er spor etter gamle grøfter og steingjerde. I gammal tid har myra truleg vore slått, seinare sannsynlegvis beita, men det var lite spor av beiting i 2006.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv og klokkelyng. Av sopp kan nemnast myrvokssopp *Hygrocybe coccineocrenata*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar kriteria til B på grunn av tidlegare inngrep.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

75 Gråssmyra ved Dalane (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11075
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 536 974
Høgde over havet:	40 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr (høgmyr)
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Dalane mellom Follestadelva og Åmdalselva, og er eit større parti med nedbørsmyr (ombrotrof myr).

Vegetasjon: Lokaliteten består av høgmyr med mange tuver og kuclar der myra berre får næring frå nedbøren (nedbørsmyr, ombrotrof myr). Det er relativt lite att av slike myrer i låglandet. Høljene er minerotrofe (planterøtene har kontakt med jordvatn). Det er noko spreidd småbjørk og småfuru. Tuvane har m.a. røsslyng, bjønnskjegg, torvull, krekling, samt reinlavar og heigråmose.

Kulturpåverknad: Det har truleg vore teke torv.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. klokkelyng.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt kystmyr med ein del nedbørsmyr (høgmyr) som er ein myrtype som finst på små areal i låglandet.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som påverkar myra og dei hydrologiske tilhøva inntil myra.

76 ved Støylefossen (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11076
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 531 972
Høgde over havet:	40-50 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei myr som ligg mellom Melsvegen og Ørstaelva rett vest for Støylefossen i Åmdalselva.

Vegetasjon: Lokaliteten består av fattig myr med bjønnskjegg, pors og rome, og litt bjørk og furu.

Kulturpåverknad: Melsvegen ligg ovanfor myra, det går og ein veg ned langs myra.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om lokaliteten tilfredsstillar kriteria til B.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

77 Hovdebygda: Indrehovdetjønna m.m. (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11077
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 47 97
Høgd over havet:	ca. 72 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Dammar, kystmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	11.08.1996, KJG, Fylkesmannen i MR (1997), Strand (1998), Gaarder (1996), Olsen (1996)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg søraust, sør og sørvest for flyplassen på Hovden og består av fleire myrtjønner omgjeve av myr. Flyplassen har for ein stor del blitt lagt i et våtmarksområde med innslag av myr og små tjønner. Før utbygginga har dette vore eit særprega og biologisk viktig naturområde for regionen, men framleis eksisterer deler av naturverdiane.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av fattig fastmattemyr, men det er også innslag av intermediære (middels rike) parti, både av fastmatte- og mjukmattemyr. Elles finst vassvegetasjon i tjønna.

Kulturpåverknad: Lokaliteten grensar til industriområde og flyplass, og er stadig utsett for utfylling og andre tekniske inngrep.

Artsfunn: På den fattige fastmattemyra var typiske kysttilknytt artar som rome, pors, klokkelyng og heisiv karakteristiske. I tillegg forekom artar som flaskestorr, sveltstorr, slåtestorr, grønstorr, stjernestorr, duskull, torvull (sparsam), blåknapp, blåtopp og sumpmaure vanleg. Intermediær myr vart særleg funnen rett vest for rullebanen, og typiske artar for denne var kornstorr, særbustorr, dvergjamne og myrsaulauk. I tillegg inneheldt denne flere regionalt sjeldne og interessante artar som myggblom, sivblom og strengstorr. Elles vart tusenblad og sumpblærerot funnen i dei mest fuktige myrpartia. 23.08.1946 fann Jon Kaasa gytjeblererot her (O). Området har eit rikt fugleliv, med 104 observerte artar (Olsen 1996, Gaarder 1996). Elles er det funne følgjande augnestikkarartar: *Aeshna juncea*, *Lestes sponsa*, *Pyrrhosoma nymphula*, *Enallagma cyathigerum*, *Coenagrion hastulatum*, *Sympetrum danae* (kjelde: KJG, 11.08.1996). Tilknytt den attgroande Hovdetjønna hekka det ein liten hettemåsekoloni (30 par i 1996; vekke i 2001, Mjøs & Håland 2001), nokre par med fiskemåse, krikkand, stokkand, toppand (nyetablert med 1-2 par), enkeltbekkasin og sivsporv. I tillegg finst fleire sjeldne våtmarksfuglar sporadisk, som dvergdykkar, knekkand, taffeland, skeiand, aftenfalk, sivhøne, vassrikse, myrrikse, svarthalespove og sivsongar (Olsen 1996, Gaarder 1996). Før flyplassen vart bygd hekka også artar som siland, åkerrikse (E - direkte truga) og vipe i området. Strand (1998) nemner padde i ein liten dam på sørsida av rullebanen (LP 473 973 og/eller 477 976).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit variert myr og våtmarksområde med kystmyr. I tillegg har lokaliteten viktig viltfunksjon.

Skjøtsel og omsyn

Sjølv om tidlegare utbyggingar har øydelagt vesentlege delar av naturverdiane i området, inneheld det framleis ganske store biologiske verdiar. Dette vert gradvis redusert i areal og kvalitet som følge av industriutvidingar og avfallsdumping på sørsida av området. Dei attverande delene av myrområdet har verdiar som bør takast vare på. Frå ein biologisk synsstad er det derfor ønskjeleg å unngå vidare fysiske inngrep i dette området.

78 Hovdebygda: Hovdeelva (viktig bekkedrag)

Lokalitetsnummer:	1520-11078
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 47 98 (470 985)
Høgd over havet:	65-73 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark, myr
Naturtype:	Viktig bekkedrag, kystmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	26.07. og 11.08.1996, Rasmus Ørstavik & KJG, 23.07.1997, KJG (Olsvik & Hungnes 1998), 27.-30.07.2005, PGB

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten består av stilleflytande parti av Hovdeelva med flaummarkskog aust for utløpet frå Hovdevatnet og glisen sumpskog/låglandsmyr ("Torvmyrane") nordaustover for utløpsosen.

Vegetasjon: Stiltflytande bekkefar omgjeven av gråor/heggeskog austover frå osen. Det var mykje sandgrunn i bekken, blanda med dy og stein. Der det var tillaup til mudderbankar var det så godt som fråvere av vegetasjon, men litt evjesoleie. Bjørk, øyrevier, gråor, hegg og pors voks tett langs heile bekkefare. I det avgrensa området er det også teke med ombotrof myr og fattigmyr, fastmattemyr/tuvemyr, og skogmyr/sumpskog. Blokkebær, rogn, furu og pors, saman med øyrevier, osp, einer og selje var dominerande artar.

Kulturpåverknad: Litt planting av gran på både sider av bekken, senking av Hovdeelva frå osen, og litt påverknad frå intensivt jordbruk. Det er også spor etter grøfting og torvtaking i myra. Ein la merke til ei viss algeoppbløming i bekken og plastavfall og anna avfall i bekkefare. Dyrka mark og nydyrkingsfelt inntil bekken på nordsida, lysløype på sørsida. Nedstrøms det avgrensa området renn bekken gjennom eit bustadområde med fleire vegar. Eiksundsambandet med veg forbi Hovdevatnet kan koma til å påverka Hovdeelva.

Artsfunn: Viktigast er førekomst av kongeaugestikkaren, *Cordulegaster boltoni* (R/-, gjekk altså ut av raudlista idet rapporten skulle leverast) (KJG 26.07. og 11.08.1996, Olsvik & Hungnes 1998). Elles er det funne andre augnestikkarartar: *Aeshna juncea*, *Pyrrhosoma nymphula*, *Enallagma cyathigerum*, *Coenagrion hastulatum*, *Sympetrum danae* (kjelde: KJG, 11.08.1996). Av planter i bekken kan nemnast kysttjønnaks og flotgras som dei vanlegaste, dessutan stivt brasmegras, evjesoleie, krypsiv, dysiv, knappsiv, flaskestorr (sparsamt), mannasøtgras og soleihov, dessutan ein førebels ubestemt piggnopp (*Sparganium emersum x angustifolium?*). Langs breiddane av bekken merkte ein seg skjoldberar, elles vendelrot, skogfiol, sisselrot, einstape, kvitsymre, tepperot, stormarimjelle, heisiv, heiblåfjør og sølvbunke. Oppe på bardane voks t. d. mjøduert, geitrams, blåbær, gulaks og strandrør. På fastmatta og tuvane i myrene var det knappsiv, heisiv, litt trådsiv, svelstarr, stjernestarr, blåtopp, rome, bjønnskjegg, røsslyng, slåttestarr, rundsoldogg, kvitlyng, tettegras, myraugenetrøyst, molte og klokkeling. Ved og i høljene voks smalsoldogg, flaskestarr, kvitmyrak, grønstarr, bukkeblad, mannasøtgras, mjuksivaks, krypsiv og dysiv. Lenger nord var det glisen skog med litt rabbar innimellom, og der voks det tuver med blåtopp og sølvbunke, myrtistel, strandrør, tågbær, skogstjerne, litt tytebær, stormarimjelle, lækjeveronika, einstape, sisselrot, stri kråkefot, sølvbunke og raudsvingel.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit vassdrag med den sjeldne kongeaugestikkaren. Høgmyr/kystmyr høyrer naturleg saman med bekken.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå alle inngrep som forstyrrar den hydrologiske balansen i området. Kongeaugestikkar er ein sjeldan og kravfull art i stilleflytande, urørte kystvassdrag. Augestikkarar er ofte knytt til kombinasjonen bekk/myr/våtmark.

79 Hovdebygda: Hovdevatnet (kulturlandskapssjø)

Lokalitetsnummer:	1520-11079
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 46 98
Høgde over havet:	73 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Rik kulturlandskapssjø
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	30.07.1971 (Malme 1972), NIVA (2004), 27.-30.07.2005, PGB

Områdeskildring

Generelt: Hovdevatnet er eit i hovudsak oligotroft (næringsfattig) låglandsvatn som ligg i ei "gryte" i Hovdebygda. Mesteparten av vatnet ligg i Ørsta, men sørvestre hjørnet ligg i Volda. PG Bøe undersøkte i 2005 ca. 100 m strandsone sør og nord for utløpsosen. Hovdevatnet er ca. 0,9km² og ligg 73 m o. h. Største djupna er 20m. Berggrunnen i stroket er for ein stor del aureolitt/glimmerskifer. Det er spreidd hyttebyggjing i området vest og sør ved Hovdevatnet, men etter måten grisgrendt elles. Vatnet er omkrinsa av låge åsar dominert av gamal furuskog/blandingsskog, men også ein del planta skog, serleg i åssidene. Det har lite tilsig av ferskvatn. Kring heile vatnet er det stein/grusstrand til dels blanda med dy. Det ligg litt nedsenka i høve til terrenget rundt, og våtmarksbeltet er etter måten smalt. NIVA gjorde målingar i vatnet i samband med Eiksund-sambandet på oppdrag av vasseigarlaget (sept. 2004). Dei fann desse verda: pH=6,3, konduktivitet 4,18 mS/m, farge 7,4 mg Pt/l, totalfosfor 3µg/l, totalnitrogen 160 µg/l, kalsium 2,21 mg/l, magnesium 0,7 mg/l. Det er ein svak auke i somme av verdiane frå siste registreringa i 1971. Konklusjonen blir at vatnet er næringsfattig (oligotroft) og kalkfattig med god sikt og stabil fotosyntese. NIVA konkluderer med at auken i næringstilførsle er på eit forsvarleg nivå.

Vegetasjon: Botnvegetasjonen har m.a. botnegras og tjønngras.

Kulturpåverknad: Til området går ein skogsveg, der det er ei grøft langs sørsida. Nokre få gardsbruk ligg attåt. Det går ein turveg eit stykke langs vatnet. På vestsida av vatnet går det ein fylkesveg (Ytrehovdevegen), og dessutan vegen til Eiksundsambandet. Denne kan koma til å påverka vatnet.

Artsfunn: Ved NV-enden ved 3 hytter (LP 460 989) er det observert leikande padder kvar vår (hytteeigar medd. Gunnar Wangen). Dette er ein av svært få paddelokalitetar i kommunen og distriktet. Malme (1972) fann 30.07.1971 m. a. vrangnøkkemose, flaskestorr, elvesnelle, mannasøtgras, mjukt brasmegras, krypsiv, botnegras, tusenblad, tjønnaks, tjønngras, grøftesoleie, evjesoleie og flotgras. J. Kaasa fann gytjeblererot 23.08.1946 (herb. O). PGB fann i 2005 dessutan mjuksivaks, småblærerot, stivt brasmegras, grastjønnaaks og myrhatt.

Verdivurdering: Isolert sett ville Hovdevatnet fått verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit vatn som kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria til rik kulturlandskapssjø i DN (1999a). Men førekomst av padde, og den nære samanhengen med A-lokaliteten Hovdeelva er med på å trekkja verdien opp, slik at ein har velt å setja verdien til B (viktig).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør så langt råd unngå større fysiske inngrep og forureining i nærrområda til vatnet.

80 Nupadalen: vestsida av Sandhornet (olivinfelt)

Lokalitetsnummer:	1520-11080
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 54 01
Høgde over havet:	400-500 m?
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Ultrabasisisk og tungmetallrikt berg i låglandet
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Torstein Engelskjøn, Gunnar Bråthen & Bernhard Ragvin 02.07.1965 (belegg i Tromsøherbariet), lok. er grovt avgrensa på kart av Odland (1981)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på vestsida av Sandhornet i Nupadalen, eit lokalnamm på lokaliteten kan vera Brynegrøtet. Avgrensing er kontrollert med kikkert i 2006.

Vegetasjon: Lokaliteten består av olivinknausar med open olivingrus og spreidd vegetasjon.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Det er funne grønburkne, fjelltjørebloom og tuvearve.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit olivinfelt med nokre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i olivinområda.

81 Langedalen: nordsida av Sandhornet (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1520-11081
Kartblad:	1119 II Volda, 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 54-55, 02
Høgde over havet:	300-740 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Nordvendt kystberg og blokkmark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	Kaalaas (1911), Kavlie (1970)

Områdeskildring

Generelt: Kjeldene opplyser at lokaliteten ligg på nordsida av Sandhornet. Dette er her tolka som nordsida av fjellet like nordafor Sandhornet som på kartet heiter Rambjørhornet. Eit lokalnamm her er Blasvæda (økonomisk kart). Lokaliteten er avgrensa opp til høgdegrensa for prakttvibladmosen (740 m o.h.). Dette fjellområdet er det mest nedbørrike i fylket, med ein årsnedbør >2500 mm (Førland 1993a). Dette er viktig for å forstå dei rike førekomstane av oseaniske mosar. Mange opne små svaberg sett i 2006 gjer at prakttvibladmosen framleis kan ha livsvilkår her. Avgrensinga er svært grov og området bør undersøkast på nytt.

Vegetasjon: Lokaliteten er eit større skoglaust område, vidare vegetasjonsdata er ikkje kjent.

Kulturpåverknad: Tidlegare truleg sterkare beiting, men avstandsobservasjonar i 2006 tyder på at lokaliteten kan vera intakt, med beita, lågvaksen vegetasjon rundt små svaberg. Området vart i 2006 beita av 500-600 sauer (kjelde Asbjørn Eikrem).

Artsfunn: Mest interessant er funnet av den svært kravfulle kystmosen *Anastrophyllum donnianum* - praktdraugmose (raudlista i 2006, NT). Dette er samstundes nordgrense for denne arten, og den einaste lokaliteten i Møre og Romsdal. Han vaks her nordvendt i tuver, helling gjerne 40 (20-60) grader, på jorddekte berg. Kaalaas (1911) oppgav at *A. donnianum* vaks i mengde mellom 450 og 620 meter over havet i 1892. I 1967-69 var arten uhyre sjeldan her, i høgdelaget 440-520 m o.h. (Kavlie 1970). Han vart berre funnen i eit par tuver, og i sterk konkurranse med andre moseartar, særleg torvmosar. Andre kravfulle kystmosar som finst her er dronningmose *Hookeria lucens* (70-640 m), raspljåmose *Dicranodontium asperulum*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (300-740 m o.h., norsk høgdgrense), heimose *Anastrepta orcadensis* (opp til 760 m o.h., norsk høgdgrense) og heitorvmose *Sphagnum strictum*. Av planter er det funne m.a. heistorr.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit særmerkt og velutvikla område med kravfulle og fuktigheitskrevande kystmosar, og fleire høgdgrenser truleg som følgje av nokså stabil skodde. Dette elementet tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg (Gaarder et al. 2001).

Skjøtsel og omsyn

Truleg er praktdraugmosen truga av gradvis svakare beiting i dette området i seinare tid med påfølgjande attgroing (jf. Kavlie 1970). Det er derfor truleg ønskjeleg å halda oppe eit visst beitetrykk med tanke på alle dei kravfulle kystmosane.

82 Langedalen: Vallasætra (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11082
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 552-554 033-035
Høgd over havet:	330 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg nordaustover frå Vallasætra i Langedalen, som er ein dal med open dalbotn og større areal kystlynghei som ikkje vart registrerte denne gongen. Lokaliteten her er naturleg avgrensa mot bjørkeskog og myrdominert elveslette i nordaust ved LQ 554 035. Klimaet er nedbørrikt, i eit område med høge fjell som ligg ganske nær kysten.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei med m.a. ein del bjønnekam. Heia har ein del engplanter som tepperot, gulaks, finnskjepp og engkvein m. fl. (sjå nedanfor under artsfunn), og har overgangar mot fattigeng i dei mest beitepåverka partia.

Kulturpåverknad: Dalen er pr. 2006 beita av 500-600 sauer (kjelde Asbjørn Eikrem), og ligg inntil ei seter der det har vore beita i lang tid.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aurikkelsvæve, bjønnekam, fjellaugnetrøst, harerug, heisiv og kystmaure.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei av dei få beita kystlyngheiene i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

83 Langedalen: Vodene (beitemyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11083
Kartblad:	1119 II Volda, 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 552-555, 035-036
Høgd over havet:	330 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtte- og beitemyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Attgroing

Undersøkt/kjelder: 06.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på ei elveslette nordaust for Vallasætra i Langedalen, som er ein dal med beitepåverka, open dalbotn. Klimaet er nedbørrikt, i eit område med høge fjell som ligg ganske nær kysten.

Vegetasjon: Lokaliteten består av beitepåverka fattig fastmattemyr (80%) i mosaikk med naturbeitemark (finnskjeggdominert fattigeng, G1, 15%) og litt kystlynghei (5%).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita av sau, og er open og trelaus.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aksfrytle, blåklokke, dverggråurt, dvergjamne, elvesnelle, fjellaugnetrøst, frynsestorr, heisiv, musøyre og trefingerurt, fleire av desse er fjellplanter. Av sopp kan nemnast raudlistearten *Entoloma caesiocinctum* (DC/-, går altså ut av raudlista i 2006), vorteraudskivesopp *Entoloma papillatum* og dessutan den myrtilknytta raudskivesoppen *Entoloma elodes*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er større, intakte beitemyrer (evt. kystmyr), ein av få lokalitetar som framleis vert godt beita i distriktet, dessutan innslag av intakt naturbeitemark og kystlynghei. Det vart og funne ein beitemarkssopp som går ut av raudlista.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

84 Langedalen: under Rambjørhornet (rik edellauvskog)

Lokalitetsnummer: 1520-11084
Kartblad: 1119 II Volda
UTM (EUREF 89): LQ 541 021
Høgde over havet: 220-300 m
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: Rik edellauvskog
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Treslagskifte, flatehogst
Undersøkt/kjelder: 06.09.2006, JBJ (avstandsbetrakta)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på vestsida av Rambjørhornet aust for Nupasetra, og er ein vestvendt edellauvskog med alm og hassel.

Vegetasjon: Lokaliteten består av edellauvskog med m.a. alm, bjørk, hassel, rogn og selje (observert med teleskop).

Kulturpåverknad: Ukjent. Veg til Mosætra går nedanfor lokaliteten.

Artsfunn: Artsmangfaldet er ikkje undersøkt.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog med alm og hassel.

Undersøkingar av artsmangfaldet kan gje høgare verdi.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst. Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området i framtida får skjotte seg sjølv. Artsmangfaldet i lokaliteten bør undersøkast.

85 Romedalen: Steinstøylen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer: 1520-11085
Kartblad: 1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89): LQ 588 088
Høgde over havet: 340-420 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Kystlynghei
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg inst i Romedalen og er ein del av ein større dalbotn før terrenget stig over mot Vartdalssetra (Høgebakken). Dalen er omkransa av bratte og høge tindar. I dalsidene går beitet over i skog som

delvis er beita. Ovafor setra finst og nokre få almetre. Klimaet er svært nedbørsrikt, og vegetasjonen ber preg av dette.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei og naturbeitemark (i dalsidene dels beita snørasenger) og beita myr ned mot dalbotnen. Fuktig fattigeng (G1) utgjer ca. 30%, fuktige lyngheier 50% og fattig myr ca. 20%.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er ein gammal seterstøyl med store utmarksbeite rundt, som vert beita av storfe og sau. Ein kraftlinetrasé under planlegging kan koma gjennom området.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aksfrytle, dvergbjørk, dvergjamne, fjellaugnetrøst, fjellpiggnopp, gulsildre, harerug, heisiv, klokkelyng, kystmaure, musøyre og trefingerurt. Fleire av desse er fjellplanter. Av sopp kan nemnast *Entoloma minutum*, brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida* og gjødselringsopp *Panaeolus semiovatus*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei intakt kystlynghei, ei av få som framleis vert beita i distriktet, dessutan intakte naturbeitemarker og beitemyrer.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

86 Romedalen: Romedalsstøylen, elvesletta (beitemyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11086
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 586-590, 077-086
Høgd over havet:	330 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtte- og beitemyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i indre del av Romedalen, og består av ei større, plan elveslette med myr, lyng og litt grasmark mellom Romedalsstøylen og Steinstøylen. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: Elva slyngjer seg over myra og set av grus og sand. Lausmassar kjem og med flombekkar og snøras frå dalsidene. Mykje av elveavsetningane er likevel dekt av eit torvlag. Lokaliteten består av beitemyr (60%), kystlynghei (30%) og naturbeitemark (10%). Jorda er basefattig og vegetasjonen er fattig myr, flaskestorrsumpar, fukthei og fuktig fattigeng (G1). Myrvegetasjonen kan og klassifiserast som intakt kystmyr på grunn av kystpreget. Fjellplanter inngår i vegetasjonen.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er ein del av beiteområda til Romedalsstøylen og vert beita av storfe og sau. Elvesletta er delt med eit steingjerde tvers over dalen i den delen som ligg nærast Steinstøylen. Dette gjerdet er dels noko nedsokke i myra og dels noko overgrodd. Ein kraftlinetrasé under planlegging kan koma gjennom området.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aurikkelsvæve, dvergbjørk, dvergjamne, fjellsyre, flaskestorr, harerug, heisiv, kystmaure, musøyre og trefingerurt. Av sopp kan nemnast den myrtilknytta raudskivesoppen *Entoloma elodes* og gjødselringsopp *Panaeolus semiovatus*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er større, intakte beitemyrer (evt. kystmyr), ein av få lokalitetar som framleis vert godt beita i distriktet, dessutan intakt naturbeitemark og kystlynghei.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

87 Romedalen: Romedalsstøylen, aust for vegen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11087
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 591-593, 073-078
Høgd over havet:	340-400 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten grensar til elvesletta (førre lokaliteten) og ligg hovudsakeleg på austsida (ovanfor) setervegen til Steinstøylen. Lausmassane er ei blanding av morene og rasmateriale. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei (90%) og naturbeitemark (10%). Lyngheia er godt drenert og med innslag av engartar over det heile. Naturbeitemarka består av grasmarker rundt setra og langs veggen og er dels fuktig fattigeng (G1, ca. 5% av arealet), dels mosaikk av frisk fattigeng, sølvbunkeeng og finnskjeggen (G3/G4/G5, ca. 5% av arealet).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er ein gammal seterstøyl med nærområde som vert beita av storfe og sau. Beitetrykket er godt i grasmerkene, noko mindre i lyngheia. Ein kraftlinetrasé under planlegging kan koma gjennom området.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, hestespreng, kystmaure og lækjeveronika. Av sopp kan nemnast grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei av dei få intakte, beita kystlyngheiene i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

88 Romedalen: Moastøylen (kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11088
Kartblad:	1219 IV Sykkylven
UTM (EUREF 89):	LQ 591 065
Høgd over havet:	320 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i midtre del av Romedalen, i eit område med noko brattare dalsider enn i indre (nordlege) del. Lausmassane er ei blanding av morene og rasmateriale. Det er fleire bekkedalar. Det opne landskapet går eit stykke ut frå stølen over i bjørkeskog, og er også i gradvis attgroing med småbjørk. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei (90%) og naturbeitemark (10%). Lyngheia er godt drenert og med innslag av engartar. Naturbeitemarka består av grasmarker mest i nærområda til setra og er hovudsakeleg fuktig fattigeng (G1).

Kulturpåverknad: Lokaliteten er ein gammal seterstøyl med nærområde som vert beita av storfe og sau. Bjørkeskogen er på frammarsj. Ein kraftlinetrasé under planlegging kan koma gjennom området.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. bråtestorr, harerug, hestespreng og kystmaure. Av sopp kan nemnast liten vokssopp *Hygrocybe insipida*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei av dei få intakte, beita kystlyngheiene i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør rydda og hogga for å bremsa bjørkeskogen.

89 Romedalen: Kubbestøylen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11089
Kartblad:	1219 III Hjørundfjorden
UTM (EUREF 89):	LQ 589 049
Høgd over havet:	260 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Kubbestøylen er ei seter som ligg på ein haug i sørlege del av Romedalen. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: Lokaliteten består av naturbeitemark (70%) og røsslynghei (30%). Lyngheia er godt drenert og med innslag av engartar. Naturbeitemarka består av hovudsakeleg fuktig fattigeng (G1) med betydeleg innslag av kystmaure.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er ein gammal seterstøyl med nærområde som vert beita av storfe og sau. Bjørkeskogen er på frammarsj fleire stader.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. grøftesoleie, heisiv og kystmaure. Av sopp kan nemnast raudlistearten gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT), dessutan lutvranghette *Hemimycena delectabilis*, brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er intakte naturbeitemarker og kystlynghei, men med eit moderat artsmangfald, og ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

90 Romedalen: Koppen ovafor Kubbestøylen (naturbeitemark/kystlynghei)

Lokalitetsnummer:	1520-11090
Kartblad:	1219 IV Sykkylven, 1219 III Hjørundfjorden
UTM (EUREF 89):	LQ 585-587, 050-051
Høgde over havet:	260-400 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Kystlynghei, naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ovafor (nordvest) for Kubbestøylen og består av ei større snøraseng nærast setrene, og vidare ut frå denne røsslyngheiområde med spreidde småbjørker og einer. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: Lokaliteten består av røsslynghei (70%) og naturbeitemark (30%). Lyngheia er godt drenert og med innslag av engartar og oppslag av småbjørk og einer. Naturbeitemarka består av godt beita snørasenger og er ein mosaikk av fuktig fattigeng (G1) og frisk fattigeng (G4) med betydeleg innslag av kystmaure.

Kulturpåverknad: Lokaliteten vert beita av storfe og sau, men mest av sau. Heile dette landskapet er skapt i eit samspel mellom beiting og snøras.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, fjellaugnetrøst, harerug, kystmaure og skoggråurt. Av sopp kan nemnast raudlisteartene gulbrun narrevokssopp *Camarophylloopsis schulzeri* (DC/NT), *Entoloma caesiocinctum* (DC/-, går altså ut av raudlista i 2006), og gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT), dessutan seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det inneheld eit flott eksemplar på beita snørasenger med fleire raudlista beitemarkssoppar (i låg kategori), og ei av dei få beita kystlyngheiene i distriktet.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå større fysiske inngrep.

91 Romedalen: Raudehammaren ved Kubbestøylen (nordvendte kystberg)

Lokalitetsnummer:	1520-11091
Kartblad:	1219 III Hjørundfjorden
UTM (EUREF 89):	LQ 584 049
Høgde over havet:	400 m
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Nordvendt kystberg og blokkmark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Raudehammaren ligg rett vest for Kubbestøylen og består av nordvendte knausar og berghamrar, dels med frodig vegetasjon. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: I berghamrane er det frodig og fuktkevande bergvegetasjon. Under berghamrane er det beitepåverka snørasenger med bregner og grasdominert vegetasjon.

Kulturpåverknad: Liten utanom streifbeiting av sau på tilgjengelege stader.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. bergfrue, blåknapp, blårapp, raudlistearten brudespore (-/NT), dvergjamne, enghumleblom, gulsildre, den tidlegare raudlistearten hinnebregne (V/-, går altså ut av raudlista i 2006), rabbesiv, rosenrot, skjørlok, storfrytle, sumphaukeskjegg, tettegras, trollurt og turt. Fleire av desse er litt kalkkrevande. Av mosar vart det funne kammose, krokodillemose, kystjammemose, kyststornemose, skortejuvmose, stripefoldmose, sveltsaftmose og vengjemose. Hinnebregne har her ein av sine høgastliggjande veksestader i fylket og samstundes kanskje den einaste kjende lokaliteten i Ørsta. Hinnebregne er svært fuktkevande og frostvar. Her inne får ho truleg rikeleg nedbør i skuggen av dei høge kystfjella, samstundes som ho truleg er beskytta av snø i frostperiodar.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla utforming av nordvendte kystberg med den tidlegare raudlistearten hinnebregne og einskilde andre litt kravfulle artar.

Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til dei biologiske verdiane er det best om området får skjøtte seg sjølv.

92 Romedalen: nedafor Årsæterstøylen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11092
Kartblad: 1219 III Hjørundfjorden
UTM (EUREF 89): LQ 588 039
Høgde over havet: 220 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ei eng som ligg ved vegen sør for Årsætersetra og sør for Tverråa i nedre del av Romedalen. Klimaet er svært nedbørsrikt.

Vegetasjon: Lokaliteten består av naturbeitemark med ein mosaikk av fuktig og frisk fattigeng (G1/G4, 60%), kystlynghei (30%) og beita fattigmyr (10%).

Kulturpåverknad: Lokaliteten vert beita av storfe.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aurikkelsvæve, blåkoll, heisiv, knegras, kystmaure og lækjeveronika. Av sopp kan nemnast raudlistearten gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er intakte naturbeitemarker og kystlynghei, men med eit moderat artsmangfald med ein raudlistearart.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

93 Romedalen: dalmunningen V for Kolosfossen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11093
Kartblad: 1219 III Hjørundfjorden
UTM (EUREF 89): LQ 584 031
Høgde over havet: 150 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 05.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved vegen i dalmunninga lengst sør i Romedalen, ikkje langt frå Årseter.

Vegetasjon: Vegetasjonen er ein mosaikk av fattigeng (G1/G4) og blåbær, og er forma av snøras og beiting i kombinasjon.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er beita, men truleg i sakte attgroing med blåbær.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. heisiv, kystmaure og lækjeveronika. Av sopp kan nemnast brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om lokaliteten tilfredsstiller kriteria for B (viktig).

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting.

94 Follestaddalen: Barstad (artsrik vegkant)

Lokalitetsnummer:	1520-11094
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 5506 9812
Høgde over havet:	95 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Småbiotop
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	06.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Barstad dels i vegkant og dels i restar av ei gammal slåtteeng, og er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med jordnøtt.

Kulturpåverknad: Dårlege data.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlistear (DC/VU). Det vart funne 4-5 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert kystmaure, harerug, kattedot og blåklokke.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein småbiotop med raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att.

95 Follestaddalen: Barstad, nedanfor vegen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11095
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 5543 9809
Høgde over havet:	90 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Barstad nedanfor vegen og er ei gammal slåtteeng/naturbeitemark i tidleg attgroing.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med jordnøtt og kystmaure, rekna som ein svært truga naturtype (Fremstad & Moen 2001). Denne utgjer ca. 80%, medan sølvbunkeeng (G3) utgjer ca. 20%.

Kulturpåverknad: Lokaliteten har tidlegare vore slåtteeng og naturbeitemark, men synest å ha vore ute av bruk i det siste, litt oppslag av busker, m.a. osp og bjørk 0,5-2 m høge og daudgras i botnen.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av nattfiol. Elles vart det notert beitesvæve, harerug, hårsvæve, jordnøtt, kystmaure, liljekonvall, nyseryllik, prestekrage, smalkjempe, småengcall.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med nokre andre interessante planteartar og den truga vegetasjonstypen frisk fattigeng med kystmaure og jordnøtt, men diverre i attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast på nytt, elles vil det gro att og verdiane vil gå tapt. Vert hevdnen teken opp att kan verdien verta høgare.

96 Follestaddalen: Barstad: Stormyra (kystmyr)

Lokalitetsnummer: 1520-11096
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 553 979
Høgde over havet: ca. 60 m
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: Kystmyr
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Barstad nedanfor vegen mot elva og er ei større, fattig planmyr.

Vegetasjon: Vegetasjonen er gjennomgåande fattig fastmattemyr og mjukmattemyr, med mykje bjønnskjegg, pors, rome og litt blåtopp, men mykje blåtopp i kantane. Ei furu og litt einer. Nokre få planter indikerer intermediære forhold.

Kulturpåverknad: Truleg liten.

Artsfunn: Av planter var det notert dvergjamne, klokkeling, kvitmyråk, myraugnetrøst, myrhatt, storblåfjør og sveltstorr. Somme av desse trivst best på intermediær myr.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei kystmyr av ein viss storleik.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep og endringar i dei hydrologiske tilhøva.

97 Follestaddalen: Barstad, nedafor vegen (slåttemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11097
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 5566 9831
Høgde over havet: 90 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåttemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Barstad nedanfor vegen i gammal slåtteeeng, og er avgrensa på grunn av ein førekomst av raudlistearten solblom på ca. 20x30 meter.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med kystmaure.

Kulturpåverknad: Slått tidlegare, men no truleg i tidleg attgroing. Ei rydningsrøys.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlisteart (DC/VU). Det vart funne 19 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert både nattfiol og grov nattfiol, og dessutan kystmaure.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei lita slåttemark med ein mindre bestand av raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

98 Follestaddalen: Barstad, ovafor vegen (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11098

Kartblad: 1119 II Volda
UTM (EUREF 89): LP 5568 9847
Høgde over havet: 110-130 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Barstad ovanfor vegen, og er avgrensa på grunn av ein større førekomst av raudlistearten solblom.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med kystmaure.

Kulturpåverknad: Ovafor gjerdet beita sauer, nedafor var det truleg slått i 2004, bål plass.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlistearart (DC/VU). Det vart funne ca. 160 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Mesteparten av solblomen var nedanfor gjerdet i truleg ubeita område. Oppe i beitemarka var det mest rosettar spreidd over eit større område. Elles vart det notert beitesvæve, hårsvæve, kystgrisøyre, kystmaure og smalkjempe.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark som framleis vert beita, med ein større, intakt bestand av raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast også i framtida, elles vil det gro att og solblomen forsvinna. Dette er den største solblombestanden i Ørsta, og viktig å prioritera når det gjeld skjøtsel.

99 Follestadalen: nord for Litlesæter (slåttemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11099
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LQ 5676 0077
Høgde over havet: ca. 80-90 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Slåttemark
Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Follestadalen nord for Litlesæter i nedkant av vegen, er ei gammal slåtteenng, og er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med jordnøtt og kystmaure (truga vegetasjonstype, 80%), sølvbunkeeng (G3) (20%).

Kulturpåverknad: Lokaliteten har truleg vore slått til for ikkje lenge sidan, men er no i attgroing.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlistearart (DC/VU). Det vart funne 48 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert beitesvæve, heistorr, jordnøtt, kvitbladtistel, kystmaure.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei mindre slåtteenng med raudlistearten solblom, ein truga vegetasjonstype og med nokre andre interessante planteartar, men diverre i attgroing.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

100 Follestadalen: vest for Skulebrua (slåttemark)

Lokalitetsnummer: 1520-11100
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LQ 5680 0090
Høgde over havet: ca. 90 m
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Småbiotop

Prioritet: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder: 20.07.2005, Per Gunnar Bøe & JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved eit vegkryss rett vest for Skulebrua (Follestaddalen skule), dels i vegkant og dels i gammal slåtteeng, og er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom. Lokaliteten med solblom er berre rundt 10x10 meter.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) ca. 30%, finnskjegegeng ca. 10% og smyle/blåtoppeng med blåbær ca. 50%.

Kulturpåverknad: Lokaliteten grensar til veg, og er i attgroing med høgt gras og busker.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlistearart (DC/VU). Det vart funne 3 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert beitesvæve, grov nattfiol, hårsvæve, kystmaure og småengkall.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein småbiotop/gammal slåtteeng med raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

101 Follestadalen: Kliåna (olivinfelt)

Lokalitetsnummer: 1520-11101
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89): LP 564 982
Høgde over havet: 110-300 m
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: Ultrabasisk og tungmetallrikt berg i låglandet
Prioritet: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Bjørlykke (1939), 17.07.1964, Finn Wischmann, H. Rui (belegg i Oslo og omtale i Wischmann 1965 er truleg herifrå), 08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Follestad på sørsida av Kliåna, og består av små olivinknausar langs elva ganske langt oppover.

Vegetasjon: Lokaliteten består av olivinknausar, i dag delvis tilplanta med gran i nedre deler. Open olivinstein finst særleg langs elva, i olivinfuruskog ned mot bustadfeltet og ovanfor granplantingane der det er open bjørkeskog. Dessutan er det fosseenger ved LP 5668 9817.

Kulturpåverknad: Ein betydeleg del av området er tilplanta med gran, som kan ha skugga ut m.a. brunburkne.

Artsfunn: Finn Wischmann har funne raudlistearten brunburkne (R/NT) på "SØ-sida av Follestadalen på serpentinfelt" 17.07.1964 (belegg i Oslo, Wischmann 1965), elles breiull "på en myr like ved". H. Rui fann samstundes den raudlista lavarten sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (-/NT) ved "bekk fra Veirhalden, ved Follestad". Det er truleg at funna er gjort ved Kliåna. Vanlegaste olivinplante ved Kliåna i mellomkrigstida var grønburkne. Av andre artar kan nemnast bergskrinneblom, blåklokke, hårstorr, særbustorr, kjertelaugnetrøst, fagerperikum, småtviblad, tiriltunge, markfrytle, hengjeaks, storblåfjør, småengkall, bleikvier, dvergjamne og engsmelle (Bjørlykke 1939). Av planter funne i 2006 kan nemnast dvergjamne, enghumbleblom, fjellsyre, fjelltistel, grønburkne, gulsildre, gulstorr, hengjeaks og skogfiol, 160-200 m o.h. frå LP 5664 9820. Av sopp i 2006 kan nemnast blåkantlørssopp *Cortinarius varicolor* og svovelriske *Lactarius scrobiculatus* som begge er knytt til planta gran.

Verdivurdering: Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er eit olivininfelt med nokre interessante planteartar. Ved betre undersøkingar kan verdien bli A (svært viktig), men området er truleg nokså ulikt mellomkrigstida og 1964 pga. tette granplantingar som kan ha skugga ut mange av artane, i alle høve i nedre deler.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i olivinområda. Granplantingane er uheldige for dei sjeldne plantene og bør fjernast.

102 Follestadalen: vest for Trevatna (olivinfelt)

Lokalitetsnummer: 1520-11102
Kartblad: 1219 III Hjørundfjord

UTM (EUREF 89):	LP 586 985
Høgde over havet:	ca. 600-650 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Odland (1981)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit olivinfelt som ligg vest for Trevatna, på fjellet aust for Follestaddalen søraust for Myklebust og nordvest for Store Blåtind. Fordi området ligg over skoggrensa, vert det ført til samletypen "kalkrike område i fjellet". Lokaliteten er dårleg stadfesta fordi kjelda er upresis.

Vegetasjon: Lokaliteten består av olivinknausar med tilhøyrande tilpassa vegetasjon.

Kulturpåverknad: Dårlege data.

Artsfunn: Vanlegaste olivinplante er grønburkne. Elles er det funne fjelltjøreblom.

Verdivurdering: Området er gjeve verdi B (viktig) på grunn av at det er eit olivinfelt med nokre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i olivinområda.

103 Åmdalen: Åmdalselva (viktig bekkedrag)

Lokalitetsnummer:	1520-11103
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 53 97
Høgde over havet:	ca. 30-50 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Viktig bekkedrag
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (1978), Wangen (1993b), Fylkesmannen i MR (1997), Michaelsen et al. (2003)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ei halv mil søraust for Ørsta sentrum, og består av elvestrekninga frå Vatnevatnet og ned til Ørstaelva.

Vegetasjon: Elva er omgjeven av kantskog og har og nokre storrsumpar.

Kulturpåverknad: Bestanden av elvemusling vart sterkt negativt påverka av nedslamming i samband med seinking av Bjørdalselva oppstrøms Vatnevatnet. I 1993 vart det registrert mange punktkjelder med landbruksforureining, og somme elvestrekningar hadde uønska mykje begroing.

Artsfunn: Viktigast er førekomstane av raudlistearten elvemusling (V/VU). Bestanden vart av Wangen (1993b) taksert til 1,6 millionar individ, noko som gjer lokaliteten til ein av dei 3-5 viktigaste for arten i fylket. I 1993 vart det registrert unge muslingar på 3-4 cm, men reproduksjonen i bestanden er uviss. Elles er lokaliteten truleg ein av dei viktigaste overvintringsområda for fossefall på Sunnmøre, også med ein god hekkebestand av arten. Raudlistearten dvergflaggermus er observert på matleiting langs vassdraget (Michaelsen et al. 2003).

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein svært viktig lokalitet for elvemusling, som står som sårbar på raudlista og er mykje truga av bruksendringar og forureining i rolege småelvar.

Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig å rydda opp i alle ureiningskjelder, og unngå graving, begroing og tilslamming i vassdraget. Dersom ein greier å halda vassdraget reint, vil elvemuslingbestanden kunne overleva også i framtida.

Elvemuslingen er sårbar på raudlista, og freda. Det bør lagast vassdragsplan for vassdrag med elvemusling (jf. EU's vassdirektiv).

104 Åmdalen: Åmsmyra naturreservat (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11104
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 54 96

Høgde over havet:	50-60 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr, høgmyr
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende (naturreservat)
Undersøkt/kjelder:	Karen Skauge Fredriksen, juli 1979 (Odland 1981), 18.07.1985, S. Singsaas & O.A. Bugge (Singsaas 1985), 11.08.1996, KJG, Fylkesmannen i MR (1988a, 1997), Mjøs & Håland (2002)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Åm ei halv mil søraust for Ørsta sentrum. Det er i hovudsak eit stort kvelva ombrotroft myrområde (nedbørsmyr; av typen høgmyr) med litt kantskog i nord. Det er mykje tuver, men og høljær med fastmatter og mjukmatter. Rundt Åmtjøenna er det eit flatmyrparti. Eit smalt bakkemyrparti dannar grense mot skogen i vest.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av trelaus nedbørsmyr (platåhøgmyr), dels av storrsumpar, ei lita tjønn og noko fattigmyr og kantskogar langs elva. Tuvane i nedbørsmyra er dominert av røddlyng og reinlavar. Stadvis er det mykje heigråmose. Bjønnskjegg, rome, klokkelyng, kvitlyng og molte er vanlege i fastmatter. Flatmyra er dominert av blåtopp og pors i kanten, slåttestorr er vanleg. I våtare parti er det flaskestorr og elvesnelle. Sivblom og dystorr er vanlege. I elvekantskogen finst bjørk og gråor.

Kulturopåverknad: Lokaliteten ligg i låglandet omkransa av jordbrukslandskap, det er dyrka inntil myra i søraust og sørvest. Det går 4 kraftliner over myra (1985).

Artsfunn: Av kystartar vart det funne kystmyrklegg, heiblåfjør, kysttjønnaks og heitorvmose. Kvitmyrak er vanleg i mjukmattene. Engstorr, særbustorr, dvergjamne, blåknapp, myrfiol og augnetrøst vart funne i bakkemyra i vest. I tjønna finst kvit nøkkerose, botnegras, bukkeblad, tjønnaks og dystorr (Odland 1981). Særleg interessant var raudlistearten solblom (DC/VU) som vart funnen i vestre del i 1985 (Singsaas 1985). Eit søk etter arten i juli 2005 (JBJ) var negativt. Elles er det funne følgjande augnestikkarartar i/ved Åmtjøenna: *Aeshna juncea*, *Phyrrhosoma nymphula*, *Sympetrum danae*, *Somatochlora arctica* og *Libellula quadrimaculata* (kjelde: KJG, 11.08.1996). Det er observert følgjande fuglearter med hekkeindikasjon i 2001: vipe, enkeltbekkasin, storspove og buskskvett (Mjøs & Håland 2002).

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det inneheld ei større, velutvikla høgmyr. Dessutan finst kystmyr (fattig planmyr), pluss ei lita tjønn med viltfunksjon. Raudlistearten solblom styrker verdien dersom han framleis finst, men det er muleg at han er forsvunnen.

Skjøtsel og omsyn

Dette er regulert av verneforskriftene. Med tanke på solblom burde vestre del (vest for elva) vore beita.

105 Åmdalen: sør for Åmsnipa (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11105
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 56-57, 96-97
Høgde over havet:	390-460 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	18.07.1985, S. Singsaas & O.A. Bugge (Singsaas 1985), Fylkesmannen i MR (1988, 1997), 08.10.2006, Karl Johan Grimstad (pers. medd.)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg opp mot skoggrensensivå sør for Åmsnipa og hellar sør-sørvest mot Åmdalen. Dette er eit større område med fattige bakkemyrer der tuve utgjer omlag halvparten. Det er diffus overgang mot hei, og ein kan derfor karakterisera deler som heibakkemyr. Aust for Åmsnipa er det eit lite parti med øyblandingsmyr med erosjon.

Vegetasjon: Det er mest fattig vegetasjon med glidande overgangar tuve-fastmatte. Det er og mosaikk med fastmark av heitype. I tuvane dominerer røsslyng og heigråmose. Vanlege elles er rome, tepperot, duskull, vortetorvmose, og grå reinlav. Intermediær vegetasjon finst i siga i bakkemyra, med m.a. blåknapp, myrfiol og blanktorvmose.

Kulturopåverknad: Det går veg inn i sørkanten av området der det er dyrka noko. Ein kraftlinetrasé under planlegging kan koma gjennom området.

Artsfunn: Av kystartar vart det funne klokkelyng, smørtelg, kystmaure, kystmyrklegg, heiblåfjør, heisiv, fløyelstorvmose og heitorvmose. Langs eit fuktsig vart det i 2006 registrert mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit relativt trivielt og artsfattig myrområde som ikkje fell under nokon av typane i DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør i så stor grad som råd unngå fysiske inngrep og endringar i hydrologiske tilhøve.

106 Åmdalen: Nakkenakken (edellauskog)

Lokalitetsnummer:	1520-11106
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LQ 561-562, 943-949
Høgde over havet:	ca. 150-300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Trelagskifte, fysiske inngrep, hjortebeiting på alm
Undersøkt/kjelder:	07.07.2005, JBJ, Stenberg (2000a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på vestsida av Nakkenakken aust for Vatnevatnet, og er ein lauskog med edellauskogsprege. Lokaliteten er bratt og berglendt i øvre deler, og har meir blokkmarksprege i nedre del.

Vegetasjon: Lokaliteten er eit stort sett samanhengande område med lauskog, dels bjørkeskog, dels kysthasselkratt (D2c), og dels gråor-almeskog.

Kulturpåverknad: Det er ein del biologisk gammal skog i øvre deler. Det er stadvis oppslag av platanlønn, som er eit innført treslag i uønska spreing. Det er planta litt gran i nedre del.

Artsfunn: Av planter er det funne brunrot, haremat, hengjeaks, hestespreng, kranskonvall, kratthumleblom, krossved, lundrapp, myske, myskegras, skogsvinerot, skogsvingel, stankstorkenebb, storklokke, strutsvegg, tannrot, trollbær og trollurt. Av lav kan nemnast lungenever og skrubbenever. På rotne læger vart det funne nokre meir vanlege rotevedmosar som piggrådsmose, stubbeblonde og grokornflik. Raudlistearten kvitryggspett (VU/NT) vart observert mai 1993 ved LP 563 945 (Stenberg 2000a).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ein middels variert og artsrik edellauskogslokalitet.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå at platanlønn spreier seg, ein bør ikkje utføra treslagskifte og flatehogst.

107 Åmdalen: Bjørdalselva i Litledalen (viktig bekkedrag)

Lokalitetsnummer:	1520-11107
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LQ 591 915
Høgde over havet:	190-195 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Viktig bekkedrag
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, forureining
Undersøkt/kjelder:	Wangen (1993a)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i øvre del av Bjørdalselva mot Litledalsvatnet, og består av ei elvestrekning med elvemuslingbestand. Ein noko lengre del av vassdraget er avgrensa, sidan elvemuslingen kan koma til å spreia seg.

Vegetasjon: Elva er omgjeven av kantskog.

Kulturpåverknad: Bestanden av elvemusling vart sterkt redusert i samband med seinking av Bjørdalselva. Dagens restbestand befinn seg ovanfor tidlegare inngrep.

Artsfunn: Viktigast er førekomstane av raudlistearten elvemusling (V/VU). Ei strekning på rundt 40 m vart av Wangen (1993a) taksert til å ha rundt 7,5 individ pr. m², noko som gjev ein totalbestand på nokre hundre individ. Reproduksjonen i bestanden er uviss.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein lokalitet for elvemusling, som står som VU=sårbar på raudlista og er mykje truga av bruksendringar og forureining i rolege småelvar.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å rydda opp i alle ureiningskjelder, og unngå graving, begroing og tilslamming i vassdraget. Dersom ein greier å halda vassdraget reint, vil elvemuslingbestanden kunne overleva og utbreia seg også i framtida. Elvemuslingen er sårbar på raudlista, og freda. Det bør lagast vassdragsplan for vassdrag med elvemusling (jf. EU's vassdirektiv).

108 Åmdalen: vest for Krøvel (rikmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11108
Kartblad:	1119 II Volda
UTM (EUREF 89):	LP 543 945-946
Høgde over havet:	ca. 80 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.07.2005, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved vegen til Volda rett vest for Krøvel, og består av eit bakkemyrområde som er inngjerda til storfebeite.

Vegetasjon: Det er mest intermediær fastmattemyr med ein del breiull.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er dels grøfta, og avgrensa i nordvest av vegen til Volda.

Artsfunn: Det vart notert m.a. breiull, kornstorr, særbustorr og grønstorr.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit relativt trivielt og artsfattig myrområde som kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria for avgrensing etter DN (1999a).

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fleire fysiske inngrep m.a. i form av drenering. Moderat beiting er truleg ikkje til skade.

109 Bondalseidet: Videtjørnmyrane (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11109
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 59 93
Høgde over havet:	255-270 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, hogst i furumyrskog
Undersøkt/kjelder:	Fylkesmannen i MR (1997), Mjøs (2001), Melby & Gaarder (2001a), 08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på eidet mellom Bondalen og Vatnevatnet (Bondalseidet), og består av eit større myrområde som ligg på sørsida av Videtjørna omgjeven av myrlendt furuskog, småbekker m.m. Deler av lokaliteten er med i hundremetersbeltet som omgjev varig verna vassdrag (Bondalvassdraget). Deler av området har tresett myr med einskilde læger og daud ved.

Vegetasjon: Lokaliteten består dels av fattigmyr med bjønnskjepp og pors, men og ein del parti med tuver og kuplar av nedbørsmyr (ombrotrof myr) der plantene berre får næringa si frå nedbøren, med m.a. molte og torvull. Myra er plan med stadvis store tuver i austre del. Myrer med denne strukturen er sjeldne i kommunen (Mjøs 2001). Deler av myra er tresett med glissen furuskog, og det er og innslag av osp i austre del.

Kulturpåverknad: Riksvegen går forbi. Noko avrenning. Hytteutbygging i austre del.

Artsfunn: Alle planteartar er typiske for fattig myr, nedbørsmyr eller lyngmark, m.a. heisiv, klokkelyng og særbustorr. Av sopp kan nemnast den myrtilknytt raudskivesoppen *Entoloma elodes*. Av fugleartar hekkar fiskemåse, dvergalk, sivsporv og buskskvett truleg. Toppmeis og raudstjert er observerte i tilknytning til furuområda, dette er artar som føretrakkjer økologisk modne furuskogsområde. I den nærliggjande Videtjørna

hekkar m.a. toppand, og vatnet har funksjon som matleitingsområde for m.a. songsvaner (Mjøs 2001, Melby & Gaarder 2001a).

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei større, velutvikla kystmyr med god variasjon, m.a. både minerotrofe og ombrotrofe parti.

Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at området får liggja mest muleg i fred. Ein bør unngå alle typar fysiske inngrep, også slike som kan påverka dei hydrologiske tilhøva inntil myra.

110 Bondalseidet: Videtjørnelva (viktig bekke drag)

Lokalitetsnummer:	1520-11110
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 598-601 938-942
Høgd over havet:	240-255 m
Hovudnaturtype:	Ferskvatn/våtmark
Naturtype:	Viktig bekke drag
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Wangen (1993a), Wangen (2000), Melby & Gaarder (2001a: Verdier i Bondalselva), 07.07.2005, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg på eidet mellom Bondalen og Vatnevatnet, og består av utløpsbekken frå Videtjønn, kalla Videtjønnelva. Dette er starten på det varig verna Bondalssvassdraget i denne delen av nedbørfeltet.

Lokaliteten består av ein bekk i svakt hellande terreng, frå utløpet av Videtjønn til forbi lokalvegen til Eide.

Vegetasjon: Dels sumpskog inntil elva med bjørk og litt gråor. I bekken berre mosar, ingen vassplanter sett.

Kulturpåverknad: Landbruksureining nedstrøms lokaliteten har truleg slått ut muslingen lenger ned i vassdraget (Wangen 2000). I lokaliteten er det utført mindre (eldre) elveforbygging.

Artsfunn: Raudlistearten elvemusling (V/VU) vart i 1993 og 2000 påvist frå utløpet av Videtjønn austover til forbi lokalvegen til Eide. Levande muslingar vart observerte også i 2005. I eigne undersøkingar er det funne sumpskog langs bekken med m.a. bukkeblad, flaskestorr, kvitbladtistel, skogsnelle, sumphaukeskjegg og sumpkarse.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av bestandar av den sårbare og freda elvemuslingen.

Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å rydda opp i alle ureiningskjelder, og unngå graving, begroing og tilslamming i vassdraget.

Dersom ein greier å halda vassdraget reint, er det muleg at elvemuslingbestanden kan reetablere seg lenger ned i vassdraget. Elvemuslingen er sårbar på raudlista, og freda. Det bør lagast vassdragsplan for vassdrag med elvemusling (jf. EU's vassdirektiv).

111 Bondalseidet: Tverrgrova: Hjellbakkane (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11111
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 6016-6031, 9432-9448
Høgd over havet:	240-270 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark, hagemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg sørvest for Tverrgrova på Bondalseidet, og er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med kystmaure utgjør rundt 20%, 30% finnskjeggeng, 10% fattigmyr, rundt 50% blåbærvegetasjon, ca. 20% tresjikt-dekning, med halvparten bjørk og halvparten gråor eller furu.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er tidlegare slåttemark, no storfebeite (kjelde: Ola Tvergrov).

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlisteart (DC/VU). Det vart funne 22 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert aurikkelsvæve, beitesvæve, blåklokke, heiblåfjør, hårsvæve, klokkelyng, kystgrisøyre og kystmaure.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med ein mindre bestand av raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att og solblomen forsvinna.

112 Bondalseidet: Valset (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11112
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 6138 9547
Høgde over havet:	220-260 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg ved Valset på Bondalseidet, og er ei beitemark som er avgrensa på grunn av førekomst av raudlistearten solblom.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) med jordnøtt og kystmaure (truga vegetasjonstype) utgjorde rundt 10%. Fattigmyr utgjorde ca. 20%, øyrevierkratt 5%, finnskjøggeng 10%, blåbærdominert vegetasjon ca. 40% og sølvbunkeeng (G3) ca. 10%.

Kulturpåverknad: Beita av sau og storfe. Litt gjødsla preg nedst. Austafor var det eit gjerde mot hestebeite.

Artsfunn: Mest interessant var førekomsten av solblom, som er ein raudlisteart (DC/VU) (lokalt kalla tobakkspilante av grunneigar, Jan Rune Frøland). Det vart funne berre 2 blomsterstenglar og nokre fleire rosettar. Elles vart det notert m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, harerug, heisiv, hårsvæve, jordnøtt, kystmaure og kystmyrklegg.

Verdivurdering: Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med raudlistearten solblom og med nokre andre interessante planteartar, og innslag av ein truga vegetasjonstype.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør beitast, elles vil det gro att og det vesle som er av solblom forsvinna.

113 Rognestøydalen: Rognestøylsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11113
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 655 922
Høgde over havet:	430 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein seterstøl med nærområde som ligg i indre del av Rognestøydalen ved Bondalseidet.

Vegetasjon: Lokaliteten består av ein del grasmark og ein god del einer. Grasmarkene er 70% frisk fattigeng med kystmaure (G4), 20% mosaikk av sølvbunkeeng og fuktig fattigeng (G3/G1), og dessutan ca. 10% lyngmark og einer.

Kulturpåverknad: Området vert beita av storfe og sau. Rasforbygging ovafor setra. Noko attgroingstendensar med m.a. einer.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, blåkoll, hestespreng, kystmaure, lækjeveronika og skoggråurt. Av sopp kan nemnast raudlistearten gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT), dessutan lutvokssopp *Hygrocybe nitrata* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei intakt naturbeitemark med einiske interessante beitetilknytte artar, mellom desse ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting. Det kan verta naudsynt med rydding av m.a. einer.

114 Rognestøylaldalen: Risestøylmyra (kystmyr)

Lokalitetsnummer:	1520-11114
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 84 92
Høgde over havet:	400 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Kystmyr
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er eit større myrområde som ligg i midtre del av Rognestøylaldalen ved Bondaleidet, austover frå Risestøyl og Rekedalssetra.

Vegetasjon: Lokaliteten består av hovudsakeleg fattige bakkemyrar, men og kuplar og parti med nedbørsmyr (ombrotrof myr). Nedbørsmyra har m.a. røsslyng, tytebær, torvull, molte, reinlavar og heigråmose.

Kulturpåverknad: Området vert beita av sau og storfe.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. dvergjamne, heisiv, kornstorr, myraugnetrøst og stortranebær. Av sopp kan nemnast gjødselringsopp, den myrtilknytte raudskivesoppen *Entoloma elodes* og den relativt sjeldne svartlodnetunga *Trichoglossum hirsutum* i fattig bakkemyr.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei større, velutvikla kystmyr med lite inngrep og nokre interessante artar.

Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

115 Rognestøylaldalen: Risetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11115
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 643 928
Høgde over havet:	380 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	08.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten er ein seterstøl med nærområde som ligg i midtre del av Rognestøylaldalen ved Bondaleidet. Området er prega av attgroing med einer.

Vegetasjon: Lokaliteten består av dels tett og attgroande einerbuskmark som dekkjer omlag 40% av arealet. Gramarkene utgjer 60%, og her er det frisk fattigeng (G4) som dominerer, med godt innslag av kystmaure.

Kulturpåverknad: Beitet greier ikkje halda einer i sjakk, ein bør derfor vurdera å rydda einer.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke og kystmaure. Av sopp kan nemnast raudlistearten gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC/NT), dessutan brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at dette er ei intakt naturbeitemark med einiske interessante beitetilknytte artar, mellom desse ein raudlisteart.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med fortsatt beiting. Ein bør vurdera å rydda einer.

116 Kvistaddalen: Kvistadsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11116
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 6673-6683 9486-9504
Høgd over havet:	460-480 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten ligg i Kvistaddalen ved Bondalseidet. Området med naturbeitemark ved husa er registrert. Eit større dyrkingsfelt inngjerda til storfebeite er ikkje registrert.

Vegetasjon: Blåbærvegetasjon med einer utgjorde ca. 50%, sølvbunkeeng 10%, frisk fattigeng (G4) med kystmaure ca. 30% og fattigmyr ca. 10%.

Kulturpåverknad: Området er godt beita av sau, men er i attgroing med einer og blåbærlyng.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. blåklokke, harerug, kystmaure.

Verdivurdering: Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, intakt naturbeitemark med trivielt artsutval, men med ein uvanleg vegetasjonstype (frisk fattigeng med kystmaure).

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att.

117 Kvistaddalen: Årsetsetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1520-11117
Kartblad:	1219 III Hjørundfjord
UTM (EUREF 89):	LP 670 945-946
Høgd over havet:	480 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite
Undersøkt/kjelder:	22.07.2005, JBJ (NTNU-prosjekt)

Områdeskildring

Generelt: Årsetsetra ligg i Kvistaddalen ved Bondalseidet. Området med naturbeitemark ved husa er registrert.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) utgjorde 40%, sølvbunkeeng (G3) 50%, det var 10% einerbuskmark med vier og bjørkekratt og ca. 5% fattigmyr og fattigkjelde.

Kulturpåverknad: Såg ut til å vere lite beita i 2005, men har vore beita av storfe i seinare tid (gammal skit). Litt torv er tatt frå grasmarka til fornying av tak på husa.

Artsfunn: Av planter vart det funne m.a. aksfrytle, fjelltimotei, harerug, heisiv, musøyre, småengkall. Truleg er det eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

Verdivurdering: Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei mindre og relativt triviell naturbeitemark i moderat hevd, og utan særleg interessant vegetasjon/flora.

Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten bør slåast eller beitast, elles vil det gro att.

Område med dårlege data eller usikker status

Andres og egne undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkje vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningslinjer for grenseoppangar mellom C (lokalt viktig) og "ikkje lokalitet".

Tabell 7. Område i Ørsta kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Fleire av desse er truleg naturtypelokalitetar som burde ha vore sjekka.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Hjørundfjorden: Strandabø- Molaupen	ca. LQ 67 12	Skrynn lauvskog med bjørk, men innslag av alm, hassel og gråorskog (Folkestad & Bugge 1988). Omliggjande edellauvskog har verdi A.
Hjørundfjorden: Molaupfonna- Stokkelida	ca. LQ 68 10	Området mellom Molaupfonna og Barlindneset naturreservat har noko dårlege data (jf. avgrensing hos Folkestad & Bugge 1988). Omliggjande edellauvskog har verdi A.
Hjørundfjorden: Saltre	LQ 640 146	Jordnøtteng, delvis intakt beitemark (JBJ)
Hjørundfjorden: Stavset-Ongelneset	LQ 662 087- 093	Geitebeite, terrassert innmark (JBJ)
Hjørundfjorden: Ytstedalen N for Ytre Standal	LQ 6535 1158	Trong fin bekkekløft med mosepotensiale sett 23.07.2005 (JBJ)
Trandal: Nes	LQ 692 071	Potensielt interessant beitemark i attgroing oppover frå husa mot elva (DH; JBJ m. kikkert 2005). Lodnefaks 24.06.1947, N.A. Sørensen (TRH)
Norangsdalen: Lyngstøylvatnet	LP 817958	Dikevasshår (1928, BG), kransalgen mattglattkrans (Langangen i 1998, TRH). Vårbecksopp (Michelsen & Bakken 1999). Vassflaggermus og raudlistearten dvergflaggermus er obs. på matleiting 08.08.2002 (Michaelsen et al 2003).
Urke: under Klokksegga	LQ 75 00	Olivinføremst oppe i fjellet (i tillegg til skogen ved Raudeneset) sett 22.07.2005, JBJ
Standaldalen N for Standalssetra	LQ 633-638, 051-055	Stor beita rasmark m. einer (JBJ)
Sæbø, N-sida	LQ 68 01	Barlind? (pers. medd. Magnar Selbervik/G. Wangen i møte juli 2005)
Sæbø: S for Hustad (Olavdalen)	LP 685 990	Gammal lauvskog? - hekkande kvitryggspett 1986 og 1990, Oddvar Olsen (Stenberg 2000a)
Hjørundfjorden: Hustad-Skår	LP 700-712, 970-988	Avgrensa og skildra som bjørkeskog med hassel (Folkestad & Bugge 1988). Avmerka som engbjørkeskog hos Rekdal (1987b)
Hjørundfjorden: Skår	LP 71 96	Større geitebeite (Folkestad & Bugge 1988, JBJ)
Hjørundfjorden: Skår-Skarv- hammaren	LP 722-739, 930-957	Avgrensa og skildra som bjørkeskog med hassel (Folkestad & Bugge 1988). Avmerka som engbjørkeskog hos Rekdal (1987b). Kan innehalda parti som bør avgrensast
Leira: Seljereite	LP 744 895	Geitebeite sett på avstand (JBJ)
Bjørke: Åkre	LP 730 885	Geitebeite sett på avstand (JBJ)
Vartdal: Årskogdalen	LQ 53 12	Gammal lauvskog? - kvitryggspett Atlas-prosjektet
Vartdal: Årskogdalen	LQ 552 105	Kystmyr - høgmyr sett frå setervegen 2006, truleg naturtypelokalitet verdi B, ikkje undersøkt/avgrensa
Buset: Legene	LQ 524 082	Gammal slåttemark, beita no (Astrid Buset)
Liadalen: Håvollane	LQ 443-444 043-045	Edellauvskog m. hassel, funn av grå trompetsopp LQ 444 043 og LQ 443 045, 18.09.2001, KJG
Ørstafjorden: Blægja, Kobbekjeret, Raudøytangen	LQ 42 04	Folkestad (1995), Folkestad & Loen (1998), 150-250 par sjøfugl. Fuglegjødsla vegetasjon?
Ørstafjorden: Lianesholmen	LQ 445 019	Folkestad (1995), Folkestad & Loen (1998), 100-120 par sjøfugl (hettemåse, fiskemåse, svartbak, makrellterne, raudnebbterne, siland). Fuglegjødsla vegetasjon?

Lokalitet	UTM	Kommentar
Ørsta: N for sentrum, Grepalida	LQ 510 010	Gammal lauvskog? - hekkande kvitryggspett mai 1990, Oddvar Olsen (Stenberg 2000a)
Skorgedalen: Trollkoppevatnet/ Akslahornet	LQ 49 05	Olivinførekomstar (G. Wangen pers. medd., Tveten et al. 1998b)
Nupedalen: NØ for Nupen	LQ 533 013	Sumpskog/flommarkskog, jordnøttenger (JBJ)
Saudehornet	LQ 50-52, 02-03	Kaalaas (1911) funn av raudlistearten skoddemose i 1892, dårleg stadfesta. Dette fjellområdet er det mest nedbørrike i fylket, med ein årsnedbør >2500 mm (Førland 1993a). Dette er viktig for å forstå dei rike førekomstane av oseaniske mosar.
Follestaddalen: Moane (N-sida Åmsnipa)	LP 560 975	Gammal lauvskog? - kvitryggspett 1993, Stenberg (2000a)
Follestaddalen: SV for Årsæter	LQ 574 025	Beitemarker sør for elva (JBJ)
Follestaddalen: Kålastjønna	LQ 588 031	Sjekka av JBJ & PGB 20.07.06, truleg ikkje lok. (viltlok.?), dels oppdemt, myrhatt, bukkeblad, flaskestorr, flotgras, torvull, bjørk, blåtopp, duskull, liljekonvall, kvitmyrak, smalsoldogg, rome; strandsnipe
Follestaddalen: Rebbestad	LP 556-559, 989-996	ØNØ-vendt edellauvskogslok. med alm obs. 20.07.2005 (JBJ). Junkerbregne, myske og raudlistearten bruntelg vart funne ved Rebbestad 17.07.1964 (TRH, O, Wischmann 1965), dette kan ha vore her.
Hovdebygda (områda rundt Hovdevatnet)	LP 47 97	Kambrosilururområde m. innslag av glimmerskifer og kalk (Tveten et al. 1998), det bør sjekkast om det finst kalkområde. Kalkgruva ved Indre-Hovde LP 4619 9963 vart sjekka 19.09.2006, vurdert til ikkje å vera lokalitet, JBJ.
Hovdebygda (austsida av Hovdevatnet)	LP 470 978	Gammal lauvskog? - hekkande kvitryggspett 1993 og 1998, Oddvar Olsen (Stenberg 2000a)
Hovdebygda: Gjosstøylen (grensa til Volda)	LP 455 980	Gammal lauvskog? - hekkande kvitryggspett mai 1993, Oddvar Olsen (Stenberg 2000a)
Åsen, området ved Ivar Åsentunet	LP 469 975	Muleg "parklandskap", gul fluesopp 2003 det. PL, besk rørsopp PL og Osvald Grande (1996 + 2001 + 2002), ildrørsopp 2002 det. PL, potensiell solblomlok. (gamle funn)
Leitet V for Åmsmyra	LP 536 965	Gammal lauvskog? - hekkande kvitryggspett 1987, Oddvar Olsen (Stenberg 2000a)
Åm, opp mot skogen	LP 548 965	Udyrka beite (JBJ)
Åmsnipa	LP 559 964	Svakt utvikla sørvestvendt edellauvskog oppunder toppen, såvidt alm, litt hassel + steinur ovafor granfelt (JBJ)
Bjørðalstjønna	LP 582 925	Skal ha hatt elvemusling tidlegare (kjelde: Jostein Bjørðal, Bjørðal), truleg utgått no etter seinking (G. Wangen). Jf botanikk: Odland (1981, flaskestorr, elvesnelle, duskull, botnegras, bukkeblad, tjønnaks).
V for Bjørðalstjønna	LP 580 925	Gammal lauvskog? Raudlistearten kvitryggspett er funnen på vestsida her 15.04.1990, LP 580 925 (kjelde: Oddvar Olsen).
Vatnedalen	LP 55 91	Intakte låglandsmyrer (kystmyr) sett 07.07.2005, JBJ
Vatnedalen S for Vatnevatnet	LP 560 920	Gammal lauvskog? - kvitryggspett 1998, Stenberg (2000a) + hønehauk, storfugl, kongeørn, perleugle, spurvehauk, tårnfalk og jordugle (Oddvar Olsen)

RAUDLISTEARTAR

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlista av 1999 (DN 1999b):

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

I tillegg er det nytta K=raudlistekandidat om artar som ikkje er med på raudlista, men kan vera aktuelle ved neste revisjon (gjeld i dette tilfellet skorpelav). For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Ørsta. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Med større innsats i felt ville nok mange fleire funn av raudlisteartar bli gjort.

Ferdigstillinga av denne rapporten kom midt under skiftet mellom to raudlister hausten 2006. Ein har dermed tatt med også status i raudlista av 2006 (Kålås et al. 2006), som nyttar følgjande kategoriar:

RE	regionalt utdøydd	VU	sårbar
CR	kritisk truga	NT	nær truga/omsynskrevande
EN	direkte truga	DD	kunnskapsmangel

Sopp

Det er kjent godt over 7000 soppartar i Norge, av desse står 763 på den gamle raudlista (DN 1999b) og 744 på den nye (Kålås et al. 2006). I Ørsta er det etter den nye raudlista kjent 5 raudlista soppartar, alle desse er knytt til kulturlandskapet.

Planter

I Ørsta er det kjent 8 raudlista planteartar etter den nye raudlista. Følgjande av desse er knytt til kulturlandskapet: solblom (DC/VU), brudespore (-/NT), kvitkurle (DC/VU). Kvit skogfrue (R/NT), fuglereir (-/NT), barlind (-/VU) og alm (-/NT) er knytt til skog. Brunburkne (R/NT) er knytt til olivin/serpentin-knausar og olivinskog.

Mosar

I Ørsta er det kjent 2 raudlista moseartar etter den nye raudlista. *Brachydontium trichodes*, skoddemose (DM/DD) og *Anastrophyllum donnianum*, praktdraugmose (-/NT). *Orthotrichum rogeri*, sporebusthette (DM/-) gjekk ut av raudlista. Begge artane er kystbundne som funne i "skoddebeltet" i fjella rundt Ørsta sentrum.

Virvellause dyr

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sommarfuglar er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001) med bakgrunn i Hansen & Aarvik (2000). Det er kjent gamle funn av to raudlista sommarfuglartar etter den tidlegare raudlista, (revebjøllvedergmålar *Eupithecia pulchellata* (R/-), og sølvkåpe *Issoria lathonia* (DC/-). Begge desse er gått ut av raudlista. Både kongeaugestikkar *Cordulegaster boltoni* (R/-) og elvemusling *Margaritifera margaritifera* (V/VU) er kravfulle artar knytte til stilleflytande småvassdrag.

Tabell 8. Oversikt over funn av raudlistearter i Ørsta av gruppene sommarfuglar (Lep), mosar (M), ferskvassblautdyr (Mol), augnestikkarar (Odo), planter (P), og sopp (S). RI99=raudlista 1999 (DN 1999b), RI06=raudlista 2006 (Kålås et al. 2006). Ein har ikkje full oversikt over nye raudlistearter, sidan den nye raudlista kom samstundes med at rapporten vart fullført.

Finnarar		Raudlistekategori 1999		Raudlistekategori 2006		Grupper	
AOF	Alv Ottar Folkestad	E	direkte truga	EN	direkte truga	L	lav
DH	Dag Holtan	V	sårbar	VU	sårbar	Lep	sommarfuglar
GGa	Geir Gaarder	R	sjeldan	NT	nær truga	M	mosar
JBj	John Bjarne Jordal	DC	omsynskrevande	DD	kunnskapsmangel	Mol	ferskvassblautdyr
KJG	Karl Johan Grimstad	DM	bør overvakast	-	ikkje lenger på raudlista	Odo	augestikkarar
PGB	Per Gunnar Bøe	K	kandidat til raudlista			P	planter
		-	ikkje på raudlista			S	sopp

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	RI 99	RI06	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
L	<i>Biatoridium monasteriense</i>	klosterlav	-	NT	Norangsdalen, Skylstad, på alm	04.05.1999	GGa	LP 805 974
L	<i>Bryoria nadvornikiana</i>	sprikeskjegg	-	NT	bekk fra Veirhalden, ved Follestad [Kliåna?]	17.07.1964	Rui, H.	LP 56 98
L	<i>Pyrenula laevigata</i>	sølvpærelav	-	NT	Barlindneset, på hassel	25.07.2005	DH	LQ 688 077
Lep	<i>Eupithecia pulchellata</i>	revebjøllevergmaal	R	-	Ørstavik	1928	?	LQ 50 00
Lep	<i>Issoria lathonia</i>	sølvkåpe	DC	-	Ørstavik	1800-talet?	J. Werner	LQ 50 00
M	<i>Anastrophyllum donnianum</i>	prakttraugmose	-	NT	Langedalen: nordsida av Sandhornet, i mengde 450-620 m o.h.	1892	Kaalaas, B.	LQ 54-55, 02
M	<i>Anastrophyllum donnianum</i>	prakttraugmose	-	NT	Langedalen: nordsida av Sandhornet, sparsam 440-520 m o.h.	ca. 1968	Kavlie, T.	LQ 54-55, 02
M	<i>Brachydontium trichodes</i>	skoddemose	DM	DD	Sauhorn; paa stene af gneis	01.08.1892	Kaalaas, B.	LQ 50-51, 02-03
M	<i>Brachydontium trichodes</i>	skoddemose	DM	DD	Sauhorn; paa stene af gneis	01.08.1892	Kaalaas, B.	LQ 50-51, 02-03
M	<i>Brachydontium trichodes</i>	skoddemose	DM	DD	Sauhorn; paa stene af gneis	01.08.1892	Kaalaas, B.	LQ 50-51, 02-03
M	<i>Orthotrichum rogeri</i>	sporebusthette	DM	-	Ørstenviks hotel, i hotellets hage; på trær	01.08.1904	Jørgensen, E.	LP/LQ 50, 99-00
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	Bjørdalselva, 200-400 m fra utløpet av Litledalsvatnet; bekk	1993	Gunnar Wangen	LP 592 915-591 917
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	Bondalselva, første 500 m frå Videtjønn; roligstrømmende småelv	1993	G. Wangen	LP 598 938-601 942
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	Bondalselva, første 500 m frå Videtjønn; roligstrømmende småelv	2000	G. Wangen	LP 598 938-601 942

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	RI 99	RI06	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	Ørstaelva, 3-4 km fra utløpet; bekk	1990-tallet?	Rolf Giskeødegård: tatt på krok under laksefiske), Olav Fostervoll (mange hundre)	LP 52 97?
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	Åmdalselva; roligstrømmende bekk	1993	G. Wangen	LP 53 97 – 54 96
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	Åmdalselva; roligstrømmende bekk	2000	G. Wangen	LP 53 97 – 54 96
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	VU	bekken fra Videtjønna	07.07.2005	JBJ	LP 5997 9409
Odo	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	-	Utløpsbekk Hovdevatn; bekk	primo juli 1996	Rasmus Ørstavik	LP 470 985
Odo	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	-	Utløpsbekk Hovdevatn; bekk	26.07.1996	KJG	LP 470 985
Odo	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	-	Utløpsbekk Hovdevatn; bekk	11.08.1996	KJG	LP 470 985
Odo	<i>Cordulegaster boltoni</i>	kongeaugestikker	R	-	Utløpsbekk Hovdevatn; bekk	23.07.1997	KJG	LP 470 985
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Follestad: Lia ved Rebbestad/Follestad	17.07.1964	F. Wischmann	LP 55-56 98-00
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Hjørundfjorden: bunden av Storfjorden	29.07.1918	O. Dahl	LP 71-72, 87-88
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Norangsfjorden: Urke	06.08.1918	O. Dahl	LQ 73 00
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Klokksnymarka på Urke	1960-årene	Torbjørn Urke	LQ 74 00
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Norangsfjorden: Urke: Langseterdalens nedre del (lysning, fotografert av Monna); på naturlig eng	08.08.1967	M. & R. Nordhagen	LQ 71-76, 01-02
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Vegskråning på Rekdal. Lokaliteten er nå asfaltert og arten forsvunnet	Tidleg 1970-talet	Torbjørn Urke	LP 62 95
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Åmsmyra	Ukjent	Ukjent	LP 54 96
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Åsen	00.07.1929	Melheim	LP 46-47, 97
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Barstad, nedafor vegen	20.07.2005	PGB; JBJ	LP 5567 9830
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Barstad, ovafor steingjerde	20.07.2005	PGB; JBJ	LP 5566 9848
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Barstad, ovafor vegen	20.07.2005	PGB; JBJ	LP 5569 9845
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Barstad, sauebeite ovafor steingjerde	20.07.2005	PGB; JBJ	LP 5568 9847
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Barstad, vegkant	06.07.2005	PGB; JBJ	LP 5506 9812
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Bondalseidet: Tverrgrova, Hjellbakkane	22.07.2005	JBJ	LP 6023-6025 9439-9441
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Bondalseidet: Valset	22.07.2005	JBJ	LP 6138 9547
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Rebbestad, nedafor vegen	20.07.2005	PGB; JBJ	LQ 5676 0077
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Rebbestad, ovafor vegen	20.07.2005	PGB; JBJ	LQ 5673 0083
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	VU	Vest for Skulebrua, nedafor vegen	20.07.2005	PGB; JBJ	LQ 5680 0090

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	RI 99	RI06	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	NT	Follestad: SØ-sida av dalen på serpentinfelt	17.07.1964	F. Wischmann	LP 55-56, 97
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	NT	Hjørundfjorden: Barlindneset	1968	AOF	LQ 67-68, 08-09
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	NT	Hjørundfjorden: Barlindneset	22.08.1991	AOF	LQ 67-68, 08-09
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	NT	Norangsfjorden: Urke, Grøtet. 10-20 m ovenfor Rv. mellom Leknes og Urke. Hasselskog. Strekning på 3-400 m hadde 200-250 blomstrende eksemplarer;	10.06.1963	Torbjørn Urke	LP 72 99-00
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	NT	Norangsfjorden: mellom Leknes og Urke; i bratt løvskogur	06.08.1967	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LP 72 99
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	NT	Norangsfjorden: Urke-Leknes, 1-2 eks. i nedre del og 10-20 eks. i øvre del. Bestanden trolig desimert av geitebeite siden 60-tallet	1995	Gunnar Vangen	LP 72 99
P	<i>Cephalanthera longifolia</i>	kvit skogfrue	R	NT	Norangsfjorden: Urke-Leknes, ca. 500 blomstrende	1999	DH	LP 72 99
P	<i>Dryopteris expansa var. willeana</i>	bruntelg	DM	-	Myklebustdalen: vest for Rebbestad (Wischmann 1965)	17.07.1964	Clara Baadsnes	LP 55-56, 98-99
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	-	NT	Urke: aust for Myrsetra	22.07.2005	JBj	LQ 7568 0201
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	-	NT	Norangsdalen: Konedalen	ukjent	G. Wangen	LQ 771 958
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	brudespore	-	NT	Romedalen: Raudehammaren ved Kubbestøylen	05.09.2006	JBj	LQ 584 049
P	<i>Hieracium peteranum</i>	gaffelsvæve	V	-	Ørsta: ved avkjørselen til Sætre, rikeleg i vegskråning på grus	14.08.2005	PGB	LQ 493 004
P	<i>Hieracium suecicum</i>	svenskesvæve	DC	-	Hjørundfjorden [Sæbø]: Rise (Omang 1935)	før 1935		LP 67-68, 99
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	-	Romedalen: Raudehammaren ved Kubbestøylen	05.09.2006	JBj	LQ 5840 0493
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida=Pseudorchis albida</i>	kvitkurle	DC	VU	Brungrøtet	28.07.1948	Ragnar Ørstavik	LP 53, 97-98?
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida=Pseudorchis albida</i>	kvitkurle	DC	VU	Norangsdalen: i en li opp for Øye, Hjørundfjorden	00.08.1967	C. Nordhagen	LP 78, 97-98
P	<i>Neottia nidus-avis</i>	fuglereir	-	NT	Hjørundfjorden: sør for Molaupen	26.07.2005	DH, PL	LQ 679-682 106-113
P	<i>Neottia nidus-avis</i>	fuglereir	-	NT	Hjørundfjorden: Barlindneset naturreservat	25.07.2005	DH, PL	LQ 68 09

Gr	Latinsk namn	Nynorsk namn	RI 99	RI06	Lokalitet	Dato	Finnar	UTM
P	<i>Neottia nidus-avis</i>	fuglereir	-	NT	Hjørundfjorden: Storevika	25.07.2005	DH, PL	LQ 689 077
